

Diedut 1/2007

Jon Todal

# Samisk språk i svakken sijte

Sørsamisk vitalisering  
gjennom barnehage og skule



Sámi allaskuvla  
Sámi University College

---

## Abstract

The South Saami language is one of several Saami languages. In Norway the traditional district for South Saami stretches from the town of Mo in Rana in the Province of Nordland southward to as far as Engerdal in the Province of Hedmark. South Saami is also spoken in a comparable geographical area on the Swedish side of the border. The South Saami language is a threatened language.

Svahken sijte (Elgå Reindeer Herding Area) is the most southerly Saami reindeer herding area in Norway. Families engaged in reindeer herding in Svahken sijte identify strongly with the South Saami language. Nevertheless in 2000, the parent generation possessed a mostly passive knowledge of the language, and South Saami was mostly not being spoken as an everyday language in the home.

The parents in Svahken sijte wanted their children to become active users of South Saami, and they wanted help from the local pre-school and school to accomplish this. It was generally recognized in both Norway and Sweden that the children would not gain active bilingual proficiency as a result of learning South Saami as a school subject a few hours a week.

This situation was the background for the parental initiative in Svahken sijte to start a South Saami language project. The project was given the name Language Initiative Project at Elgå Center for Developing Youth, and it was funded by the Saami Parliament of Norway.

The report describes the Language Initiative Project project in Svahken sijte that lasted five years (2001–2005). The focus of the report is on the local teaching framework, the language teaching models and the activities of the pre-school and school during the project period. The report also describes linguistic outcomes of the project.

## Føreord

Frå 1990-talet og fram til i dag har vi sett ei stigande interesse for å lære sørsamisk språk. Foreldre som vel sørsamisk som fag for borna sine på skulen, vil gjerne at borna skal bli tospråklege. Tospråklegheit er da også eit mål i dei samiske læreplanane. Men skulane har hatt vanskar med å oppfylle dette målet når sørsamisk ikkje samtidig har vore heimespråk for eleven.

Denne boka handlar om eit femårig prosjekt som kom i stand for å møte den sørsamiske språkutfordringa. Prosjektet starta med ei gruppe born i barnehagen i Elgå i Engerdal kommune og følgde desse borna inn i skulen. Målet var at borna skulle lære å snakke sørsamisk. Prosjektet varte frå august 2001 til juni 2006, og eg var fagleg rettleiar for det frå januar 2002 til prosjektslutt. Boka byggjer på observasjonar, samtalar og intervju som eg gjorde i denne tida.

Eg vil takke alle som eg møtte i Elgå, for godt samarbeid. Ein spesiell takk til borna som også har illustrert boka.

Førstekonsulent Sig-Britt Persson i sametingsadministrasjonen var ein viktig diskusjonspartnar for meg gjennom heile dette arbeidet, og utan direkte medverknad frå henne ville eg ikkje ha vore i stand til å skrive kapitla 8 og 10.1 i boka. Eg takkar henne for det gode samarbeidet.

Eg vil òg takke dei som har lese og kommentert delar av boka. Dei er, i alfabetisk rekkjefølgje, professor Tove Bull ved Universitetet i Tromsø, prosjektleiar Elin Fjellheim i Elgå, professor Anton Hoëm ved Sámi allaskuvla, forskarane Johanna Ijäs og Sunniva Skålnes ved Sámi instituhtta, medlem i styringsgruppa for prosjektet May Britt Solbakken i Engerdal og professor Kamil Øzerk ved Sámi allaskuvla og Universitetet i Oslo. Takk til stipendiat Lena Kappfjell ved Universitetet i Tromsø som har gjeve litterære råd.

Saemiedigkie/Sametinget finansierte prosjektet, Engerdal kommune administrerte det, Sámi allaskuvla/Sámi instituhtta heldt meg med kontorplass og annan infrastruktur i prosjektperioden, og Noregs forskingsråd betalte dei fleste av reisene mine. Takk til dei alle.

Guovdageaidnu, 22. desember 2006

Jon Todal

# Innhald

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b>	<b>10</b>
1.1	Tankar ved Femunden	10
1.2	Åarjelsaemien-giele	12
1.2.1	Manglande talmateriale	14
1.2.2	Sørsamisk i familiane	14
1.2.3	Sørsamisk i grunnskulen	16
1.2.4	Sørsamisk språk utanfor skulen og kjernefamilien	18
1.3	Eit truga språk?	19
1.4	Vitalisering	21
1.5	Utgangspunktet	22
1.5.1	Problemstilling og tilnærming	22
1.5.2	Mi eiga rolle	23
<b>2</b>	<b>PROSJEKTPLANAR OG LOKALE RAMMER</b>	<b>24</b>
2.1	Planar for prosjektet	24
2.1.1	Innhaldet i søknaden frå Elgå oppvekstsenter	24
2.1.2	Innhaldet i prosjektskildringa frå Sametinget	25
2.1.3	Søknad om eit sørsamisk Kōhanga Reo	26
2.3	Lokale rammer	27
2.3.1	Kommunen Engerdal	27
2.3.2	Grenda Elgå	28
2.3.3	Reinbeitedistriktet Svahken sijte	28
2.3.4	Elgå oppvekstsenter	30
2.4	Oppsummering av planar og rammer	32
<b>3</b>	<b>SPRÅKET I FAMILIANE</b>	<b>33</b>
3.1	Samtalar med dei samiske besteforeldra	33
3.1.1	Samtale med Jennie Danielsen	33
3.1.2	Samtale med Berit Mortensson	34
3.1.3	Samtale med Inga Mortensson	35
3.1.4	Samtale med Jonas Danielsen	36
3.1.5	Kommentarar til samtalanane med besteforeldra	38
3.2	Samtalar med foreldra	40
3.2.1	Språket i familiane da foreldra voks opp	40
3.2.2	Språket på skulen da foreldra voks opp	41
3.2.3	Språket da språkmotiveringsprosjektet begynte	44
3.2.4	Kommentarar til samtalanane med foreldra	47

3.5	Oppsummering av språket i familiane .....	49
<b>4</b>	<b>ORGANISERINGA AV PROSJEKTET .....</b>	<b>50</b>
4.1	Barnehagen .....	50
4.1.1	Prinsippa bak barnehagemodellen .....	50
4.1.2	Organiseringa av kvardagen i barnehagen .....	52
4.2	Skulen .....	54
4.2.1	Sterke og svake tospråklege opplæringsmodellar .....	54
4.2.2	Aktuell modell .....	58
4.3	Prosjektleiinga .....	59
4.4	Oppsummering av organiseringa .....	59
<b>5</b>	<b>AKTIVITETAR I BARNEHAGE OG SKULE .....</b>	<b>61</b>
5.1	Aktivitetar i barnehagen .....	61
5.1.1.	Sørsamiskspråklege domene .....	61
5.1.2	Samiske aktivitetar .....	63
5.2	Skulen .....	68
5.2.1	Sørsamiskspråklege domene .....	69
5.2.2	Samiske aktivitetar .....	70
5.2.3	Konkrete røynsler frå skulen .....	70
5.3	Oppsummering av aktivitetane .....	72
<b>6</b>	<b>ANNAN FAGLEG AKTIVITET .....</b>	<b>74</b>
6.1	Lokale seminar, førelesingar og kurs .....	74
6.2	Formell kvalifisering .....	74
6.3	Studiereiser .....	74
6.4	Artiklar og omtalar i faglege publikasjonar .....	76
6.5	Presentasjon av prosjektet i andre faglege samanhengar .....	79
6.6	Presentasjon av prosjektet i samiske media .....	81
6.7	Ymse notat .....	82
6.8	Oppsummering av annan fagleg aktivitet .....	82
<b>7</b>	<b>MEDIEOMTALE .....</b>	<b>83</b>
7.1	Legitimering .....	83
7.2	Lokal medieomtale .....	84
7.3	Oppsummering av medieomtalen .....	90

<b>8</b>	<b>DEN SPRÅKLEGE UTVIKLINGA 2002–2004</b>	<b>92</b>
8.1	Språkleg status i 2002	94
8.1.1	Matpause i derhvie-gåetie i november 2002	94
8.1.2	Språkutviklinga i 2002	96
8.2	Språkleg status i 2004	96
8.2.1	Språkforståing 2004	97
8.2.2	Aktiv bruk av språket i 2004	97
8.2.3	Strategiane som borna brukte i språktileigninga i 2004	98
8.2.4	Andre resultat	99
8.2.5	Oppsummering av språkleg status i 2004	99
8.3	Framtidig observasjon	100
8.4	Oppsummering av den språklege utviklinga	100
<b>9</b>	<b>SPRÅKLEG STATUS I 2005</b>	<b>101</b>
9.1	Rommet	101
9.2	Førsteklassingen	102
9.3	Andreklassingen	104
9.4	Kommentarar til observasjonen	108
9.4.1	Kva slags samtalar?	108
9.4.2	Språklege strategiar hos første- og andreklassingen	108
9.4.3	Meistring av sørsamisk morfologi	111
9.5	Oppsummering av observasjonen i 2005	115
<b>10</b>	<b>RESULTATA I SPRÅKMOTIVERINGSPROSJEKTET</b>	<b>116</b>
10.1	Dei språklege resultata	116
10.1.1	Haldningar og språklege strategiar våren 2006	117
10.1.2	Kasusbruk i substantiv og pronomen	118
10.1.3	Verbbøyinga	119
10.1.4	Språkutvikling	122
10.2	Andre resultat	122
10.3	Dei involverte sine vurderingar av resultata	122
10.3.1	Foreldra sine vurderingar	122
10.3.2	Besteforeldra sine vurderingar	124
10.3.3	Vurderingar frå styringsgruppa	127
10.4	Oppsummering av resultata	128

<b>11</b>	<b>FRAMLEGG TIL TILTAK</b>	<b>129</b>
11.1	Arbeidet i Elgå	129
11.1.1	Elevane	129
11.1.2	Fagmiljøet og Elgå skule	130
11.2	Sørsamiskopplæringa generelt	131
11.2.1	Opplæringsmodellar	131
11.2.2	Informasjon	131
11.2.3	Sørsamisk lærarutdanning	132
11.3	Forsking og utvikling	133
11.3.1	Forskingstema	133
11.3.2	Utviklingsarbeid	134
11.3.3	Fagleg nettverk	134
11.4	Tidlegare framlegg til tiltak	135
11.5	System og ansvar	136
11.6	Oppsummering av framlegga	136
	Ånehks boelthetjje tjaalegistie	138
	Samandrag	143
	Summary	148
	<b>LITTERATURLISTE</b>	<b>153</b>
	<b>VEDLEGG</b>	<b>158</b>
Vedlegg 1	Annonse med utlysing av prosjektet	158
Vedlegg 2	Sametinget si prosjektskidring	159
Vedlegg 3	Søknaden frå Elgå oppvekstsenter	168
Vedlegg 4	Observasjonsskjema	174

## Liste over figurar

- Figur 1 *Elgå oppvekstsenter*. Teikning av Anders Petter (Anta) Mortensson. (Kap. 1.1)
- Figur 2 *Talet på elevar som fekk opplering i sørsamisk i grunnskulen i Noreg 1994–2005*. Tabell. (Kap. 1.2.3)
- Figur 3 *Talet på elevar med sørsamisk i grunnskulen i Noreg 2001–2005, fordelt etter fagplan*. Tabell. (Kap. 1.2.3)
- Figur 4 *Stillinga for sørsamisk språk i Noreg etter UNESCO sin skala for truga språk*. Oversikt. (Kap. 1.3)
- Figur 5 *Kart over Elgå-området*. Teikning av Marja Helene Fjellheim Mortensson. (Kap. 2.3.3)
- Figur 6 *Hos reinflokk*. Teikning av Anders Petter (Anta) Mortensson. (Kap. 2.3.3)
- Figur 7 *Kald vinter*. Teikning av Ailin Maria Danielsen. (Kap. 2.3.3)
- Figur 8 *Kulturberarar*. Teikning av Ailin Maria Danielsen. (Kap. 3.1)
- Figur 9 *Far og reinflokk*. Teikning av Ailin Maria Danielsen. (Kap. 3.2.3)
- Figur 10 *Samanlikning mellom Kõhanga Reo og språkmotiveringsprosjektet*. Oversikt. (Kap. 4.1.1)
- Figur 11 *Fordeling av sørsamiskdominert og norskdominert tid i barnehagen for dei borna som var med i språkmotiveringsprosjektet. Våren 2004 – våren 2004*. Oversikt. (Kap. 4.1.2)
- Figur 12 *Svake former for tospråkleg opplering*. Typologi. (Kap. 4.2.1)
- Figur 13 *Sterke former for tospråkleg opplering*. Typologi. (Kap. 4.2.1)
- Figur 14 *Elevar med sørsamisk i grunnskulen I Engerdal kommune 1997–2006*. Tabell. (Kap. 4.2.2)
- Figur 15 *Organisering av skulen*. Teikning av Emmi Alette Danielsen. (Kap. 4.2.2)
- Figur 16 *Derhvie-gætie*. Teikning av Malena Danielsen. (Kap. 4.2.2)
- Figur 17 *Aktivitetar i språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter i barnehageåret 2001/02. Gruppert etter kulturell tilknytning*. Oversikt. (Kap. 5.1.2)
- Figur 18 *Pause i arbeidet*. Teikning av Timmi Andreas Danielsen. (Kap. 5.1.2)
- Figur 19 *Tradisjonell eller moderne?* Teikning av Timmi Andreas Danielsen (Kap. 5.1.2)
- Figur 20 *Dramatikk på Valdalsfjellet*. Teikning av Ailin Maria Danielsen. (Kap. 5.2.3)
- Figur 21 *Sørsamiske songar på Valdalsfjellet*. Teikning av Timmi Andreas Danielsen. (Kap. 5.3)
- Figur 22 *Sørsamiske songar i Snåsa*. Teikning av Marja Helene Fjellheim Mortensson. (Kap. 6.3)



- 
- Figur 23 *Studietur 1.* Teikning av Ailin Maria Danielsen. (Kap. 6.3)
- Figur 24 *Studietur 2.* Teikning av Marja Helene Fjellheim Mortensson. (Kap. 6.3)
- Figur 25 *Munnleg fagleg formidling frå språkmotiveringsprosjektet.* Oversikt. (Kap. 6.5)
- Figur 26 *Ein vinterdag ved Derhvie-gåetie.* Teikning av Dan Richard Fjellheim Mortensson. (Kap. 7.2)
- Figur 27 *Medieomtale.* Teikning av Emmi Alette Danielsen. (Kap. 7.2)
- Figur 28 *Språkoobservasjon.* Teikning av Dan Richard Fjellheim Mortensson. (Kap. 9.3)
- Figur 29 *Christine Rensberg.* Teikning av Bendik Elias Danielsen. (Kap. 10.1.3)

# 1 Innleiing

## 1.1 Tankar ved Femunden

I fleire år kjem eg med jamne mellomrom med flyet frå Finnmark til Gardermoen og tek bussen nordaustover frå Jessheim. Eg drikk kaffi på Elverum og byter buss i Trysil, og så vidare nordover med Engerdalsbussen inntil turen endar rett sør for Femunden. Ved kaféen på Drevsjø ventar skulebussane, og eg tek ein av dei enda lenger nordover langs austsida av Femundsjøen, målet er Elgå.

Og frå Drevsjø av, om ikkje før, kjenner eg at eg er framme i Sápmi. Sjølvsgt er det naturen og klimaet, med is på Femunden til langt ut i mai. Og det er tamreinen vi møter langs vegen, det er snøskuterspora, og det er vegskilta som minner oss om nærleiken til grensa, statsgrensene som over alt skjer seg gjennom dei samiske områda.

Men aller mest er det folket. Her møter eg medvitte om den lange historia, den seige kampen for rettar på eigne landområde, alle slektsbanda ut or bygda til andre samiske distrikt, røynslene frå internatskulane, og aller mest: Arbeidet på fjellet. Og så er det reinbeitedistrikta med sine eigne administrative namn: Framme i Elgå, er eg såleis òg i Svahken sijte. Det er alt dette og enda meir.

Bussen stoppar ved butikken i Elgå, og eg stig av for å handle litt før eg går ned til rommet mitt på fjellstua. Men mat handlar eg ikkje, for det veit eg at Rolf har ferdig til eg kjem. På veg ut or butikken møter eg Krihke som skal inn og kjøpe røyk, og ho helsar i handa: "Buaregh". Og det er språket. Krihke frå Ruhvtten sijte bur på hybel i Elgå medan ho arbeider ved oppvekstsenteret. Der skal ho først og fremst sikre at dei yngste kvar dag får høyre og bruke Samelands eige språk. Utan henne kunne ikkje Engerdal kommune med godt samvit ha heist opp det store skiltet med *Maana-gierte* og *skuvle* over døra til oppvekstsenteret. Men eg ser at skiltet heng trygt i det eg passerer skulebygningane, tek til høgre og går inn døra på Femund fjellstue for å eta.

I diktet "Tanker ved Ånestadkrysset" let Rolf Jacobsen seg fascinere av dei store samanhengane. Frå ein stad i Hedmark fylke finst eit samanhengande skogbelte, som går gjennom Elverum og Trysil og strekkjer seg både nordover og austover.

For ved Ånestadkrysset i Løten begynner taigaen  
(Visste du det?) Det euro-asiatiske barskog-beltet,  
jordklodens grønne skjerf rundt halsen.  
Som ikke ender før i Stillehavets bølger,  
Ved Vladivostok.



**Figur 1.** Elgå oppvekstsenter

Bildet viser Elgå oppvekstsenter med full aktivitet i begge etasjane. På utsida ser vi skilt på sørsamisk. Dette er det einaste offentlege skiltet på samisk i Hedmark fylke. (Anders Petter (Anta) Mortensson har laga bildet.)

Tenk over det, neste gang du ser elgskiltene,  
at nå er det treskygge, skogsfugl og maur halve  
jordkloden rundt.<sup>1</sup>

Ikkje så langt nordaust for Ånestadkrysset i Løten i Hedmark, begynner også eit anna stort samanhengande område, eit område som langt på veg fell saman med taigaen, i det minste frå Femundsenden og austover til andre sida av Uralfjella ein stad. Det er det finsk-ugriske språkområdet, her talar folk både votisk og vepsisk, både komi og karelsk, mansi og mordvinsk. Og samisk. Alle talarane av desse språka har felles røynsler som minoritetar i kvar sine statar, og dei prøver å finne løysingar som er til å leva med.

Lengst i vest av dei alle ligg det samiske området. Og aller lengst sør i Sameland finst Svahken sijte, som soknar til Elgå skulekrins i Engerdal kommune. Her

1. Jacobsen, Rolf. 1990. *Alle mine dikt*. Oslo. Gyldendal norsk forlag.

har samisk kultur rådd og samisk språk lydd så lenge vi veit om. Og etter kvart kjenner vi historia langt tilbake. Her er det ikkje berre geografi, men òg tid som utgjer samisk kontinuitet og samanheng.

Utanfor jordbruksbygdene, på sørvendte tangar og nes ute i dei store innsjøane, kviler dei første sørsamane vi veit om, i dagens Jämtland og Trøndelag, i Härjedalen, i Gästrikland og i Dalarna. Dei eldste sørsamiske gravene som arkeologane har funne, finst i Dalarna på line med Engerdal. Her har fangstfolk lagt sine i grav i over to tusen år. Og nye generasjonar har teke over og gått bort. Sørsamane har ikkje flytta hit, deira kultur har vakse fram her. Etterkommarane etter dei som kviler ved Storsjøen og Vivalen, har vore med og forma så vel jernalder som mellomalder, tilpassa seg statsdanningar og ny religion, gjennomlevd næringskonfliktar så vel som krigar og industrialisering, og dei har delteke aktivt i organisasjonssamfunnet. Slik blir ein kultur forma.

Desse lange geografiske og historiske samanhengane på det norske Austlandet, nærast midt i hjartet av staten, har passa dårleg til norsk sjølvforståing. I staden fortalde historiebøkene oss lenge om sørsamar som i nyare tid hadde vandra nordfrå inn i nordmenns land i sør. Historikarar valde å sjå bort frå opplysningar som fortalde noko anna, om det no var lokale tradisjonar eller arkeologiske funn, om det var påviste kulturimpulsar eller språkhistoriske kjensgjerningar.

Historikaren Snorre Sturlason, som ikkje var nordmann, men islending, fortel derimot gjerne om sørsamar i Noreg i middelalderen. Og den grundige Snorre finn aldri grunn til å *forklare* at sørsamane er der dei er. Snorre, som levde på 1200-talet, føreset som ei sjølv sagt kjensgjerning at det er samar på Austlandet når han til dømes fortel saga om da småkongen Halvdan Svarte heldt stort gjestebod på Hadeland. Halvdan opplevde da det pinlege å gå tom for både mat og øl. For å vri seg utor det heile henta han ein samisk granne som skulle finne ut kven som hadde vore ute med magiske krefter og trolla vekk maten. Da samene nekta å hjelpe han med dette, prøvde Halvdan seg med tvang, og sonen Harald måtte gå i mellom for å hindre skade.

Sonen Harald var den seinare kjende Hårfagre, som er rekna som den første einekongen i eit norske rike. Som vaksen forelska Harald Hårfagre seg i samejenta Snæfrid Svåvesdotter frå Dovre, fortel Snorre. Snæfrid og Harald gifte

- 
2. Historieframstillinga byggjer særleg på boka Hansen, Lars Ivar og Olsen, Bjørnar. 2004. *Samenes historie fram til 1750*. Oslo: Cappelen. Om den norrøne tida sjå også: Pålsson, Hermann. 1998. "Searching for the Sami in Early Icelandic Sources" I Guttorm, Vesa. [Red.] *Giellačállosat III*. Guovdageaidnu: Sámi instituhtta. S. 75–83. Synet om "sein sørsamisk innvandring" finn ein i ein historikartradisjon frå Nielsen, Yngvar. 1891. *Lappernes forne fremrykning mod syd i Trondhjems stift og Hedmarkens amt*. Kristiania: Det norske geografiske selskabs aarbog 1 og i allfall fram på 1980-talet med boka Haarstad, Kjell. 1981. *Samiske vandringer i Sør-Norge*. Trondheim: Tapir.

seg og fekk fire søner i lag. Da ho døydde, sørgde han så hardt at han miste vitet og ville ikkje leggje henne i grav før fire år var gått.

For Snorre var det sjølvsagt at det heldt til samar både på Hadeland og Dovre. Det var det også for dei som på 1100-talet skreiv ned lovene for Austlandet. Både Eidsivatingslova og Borgartingslova forbaud dei kristne norske austlendingane å besøkje dei heidenske samane for å få hjelp med trolldom.<sup>2</sup>

Mange teikn på ei lang historie.

Slik kan vi sitja og la tankane svive att og fram gjennom tid og rom ein måndags ettermiddag i mai på fjellstua ved Femunden. Rolf har teke av middagsbordet og skjenkt kaffi, eg har sagt nei til vin, for snart kjem Elin ned frå Valdalsfjellet, og da blir det planlegging og konsentrasjon til langt ut på kvelden. Det betyr konsentrasjon både om det som må gjerast denne veka og det som skal gjerast sidan – det er difor eg er kommen hit frå Finnmark. Eg skal vera rådgjevar i prosjektet med det lange namnet: Saemiedigkien gieleskreejreme-prosjeekte Elgå sjidtemejarngesne.

Utover kvelden vil samtalen kring bordet på fjellstua krinse kring språket, det er framtida for *språket* prosjektet vårt handlar om, språket med den lange historia i desse traktene, årjelsaemien-gjele. Og i morgon kjem Pia køyrande frå Snåsa med *sine* tankar om kva som best kan gjerast.

## 1.2 Årjelsaemien-gjele

Dei to gamle kulturkrinsane på Austlandet hadde kvart sitt språk. Bondesamfunna som voks fram, hadde sine egne indre hierarki, dei hadde kontaktar med kvarandre og kontaktar *ut* or austlandsbygdene: vestover og sørover. Dette systemet av samfunn vart halde saman ved hjelp av eit språk som i dag er vorte til norsk. Fangstsamfunna stod utanfor bondehierarkiet, dei gjekk inn i *andre* samanhengar og system og hadde *andre* kontaktar ut: austover og nordover. Dette systemet vart knytt saman ved hjelp av eit språk som i dag er vorte til sørsamisk.

Både bonde- og fangstsamfunna gjekk inn i språklege fellesskap som strekte seg langt utanfor sine nærområde. Men gruppene hadde òg kontakt med *kvarandre*. Og det må heile tida ha funnest folk som meistra begge språka. Her, i spenninga mellom dei ugriske og dei germanske språka, blir sørsamisk forma.

Som alle andre språk er sørsamisk prega av dei historiske tilhøva der det er vorte snakka. Og sørsamisk språk kunne både gje og få *mange* impulsar, for det vart snakka over eit stort geografisk område og kom i kontakt med mange slags samfunn. Sørsamisk språk har vore brukt i alle fall frå Rana i nord og

til Engerdal i sør, på det som i dag er norsk side av grensa, og i eit tilsvarande område på det som i dag er svensk side. Tidlegare kan språket ha vorte snakka over eit enda større område.

Kontakten med ymse former for nordisk språk og med forskjellige samiske dialektar og andre finsk-ugriske språk har vore med på å forme årjelsaemien-giele til det det er i dag.

### 1.2.1 Manglande talmateriale

Det finst ingen offisiell norsk statistikk som viser kor stor den sørsamiske folkegruppa er i dag, kor mange som snakkar sørsamisk, kvar dei sørsamisktalande bur eller kor gamle dei er. Den siste gongen det vart stilt spørsmål om samisk språk og etnisitet i ei norsk folketeljing, var i 1970. Da vart spørsmåla om dette stilte i utvalde delar av Nord-Noreg. I Sør-Noreg der majoriteten av sørsamane her til lands bur, vart det ikkje stilt nokon spørsmål om samisk etnisitet eller om kunnskapar i samisk språk.

Den einaste pålitelege statistikken for sørsamisk språk som finst, er den offentlege skulestatistikken som fortel kor mange som har valt språket som fag i skulen. Ved sida av den offentlege skulestatistikken har vi ei stor gallupundersøking om språk som daverande Samisk språkråd finansierte i 2000. *Samisk nærings- og utredningscenter* gjennomførte undersøkinga, og til fagleg hjelp brukte dei gallupinstituttet Opinion. Ved hjelp av telefon intervjuja Opinion eit representativt utval personar busette i nærare definerte distrikt der ein visste at samisk tradisjonelt har vore i bruk som daglegspråk. Dei som vart oppringde, vart spurde om språkkunnskapar. Undersøkinga vart gjennomført også i dei tradisjonelle *sørsamiske* busettingsområda, men ikkje i større byar der også mange samar bur i dag<sup>3</sup>.

### 1.2.2 Sørsamisk i familiane

17 % av dei spurde i Samisk språkråd si undersøking sa at dei forstod samisk såpass godt at dei kunne følgje med i ein vanleg samtale om daglegdage ting. Dersom utvalet verkeleg var representativt for alle som budde i desse distrikta, tilseier svara på spørjeundersøkinga at ca 25 000 menneske i Noreg i år 2000 kunne forstå ein vanleg samtale på samisk. Dette talet galdt da for tre samiske språk, nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk, *til saman*.

Dersom vi brukar same utrekningsmåten for dei som svara at dei forstod sørsamisk, finn vi at om lag 1000 personar i Noreg i år 2000 forstod ein samtale på sørsamisk om daglegdage ting. Nokre av desse er innfødde talarar av *andre*

3. Ravna, Ellen. 2000a. *Iskkadeapmi sámegiela geavaheami birra*. Deatnu: SEG/Sámi giellaráddi. Ravna, Ellen (2000b) *Tabellhefte. Undersøkelse av bruken av samisk språk blant privatpersoner i samiske områder*. Tana/Oslo: Opinion og SEG.

samiske språk som også forstår sørsamisk. Eg understrekar at talet er usikkert, men av årsaker som alt er nemnde, er det likevel det mest pålitelege overslaget som finst.

Dei som i undersøkinga svara at dei forstod sørsamisk, vart intervjuja meir detaljert om korleis dei sjølve vurderte språkkunnskapane sine. Langs ein femdelt skala frå ”svært godt” til ”ingen ting” skulle dei vurdere sin eigen dugleik i å forstå, snakke, lesa og skrive sørsamisk. 28 % av dei som sa at dei forstod sørsamisk, vurderte seg sjølve til å snakke språket anten ”godt” eller ”svært godt”. Dersom vi held fast på at om lag 1000 personar forstår sørsamisk meir eller mindre godt og 28 % av desse snakkar språket godt, skulle det i dag vera om lag 280 personar i Noreg som meistrar sørsamisk godt munnleg<sup>4</sup>.

For at ei slik spørjeundersøking skal vera påliteleg, må dei som blir spurde, meine om lag det same med å snakke eit språk ”svært godt”, ”godt” og så vidare. Vi har ingen garanti for at dei har gjort det i dette tilfelle. I januar 2002 gjorde eg personlege intervju med alt 16 personar i Svahken sijte. Eg bad dei da mellom anna om å karakterisere sine eigne kunnskarar i sørsamisk etter ein liknande skala som i den store undersøkinga. Dermed fekk eg ein prøve på kva folk kunne ha lagt i det dei svara på i språkundersøkinga i 2000.

Alle dei 16 som eg intervjuja i Svahken sijte forstod meir eller mindre av språket. Men graderinga av kor godt dei snakka sørsamisk, var avhengig av kva språkleg bakgrunn dei elles hadde. Dei kunne delast i tre grupper. Den første gruppa var eldre folk som hadde lært språket heime i barndommen, og kunne snakke det enno. Den andre gruppa hadde som barn lært språket på skulen, og elles høyrte ein del av det heime. Den tredje gruppa hadde lært språket på kurs etter at dei vart vaksne. Det vart heilt klart under intervjuja at desse tre gruppene ikkje la det same i kva det ville seia å snakke sørsamisk ”litt” eller ”nokså godt”. Derimot hadde alle gruppene svært høge krav til å karakterisere sitt eige talte sørsamisk som ”godt” – for ikkje å snakke om som ”svært godt”. Dette tyder på at dei som i opinionsundersøkinga hadde sagt at dei snakka sørsamisk ”godt” eller ”svært godt”, *verkeleg* meistra det munnlege språket.

Talet på etniske sørsamar i Noreg er uoffisielt berekna til å vera rundt 1000 personar<sup>5</sup>. Dersom 280 personar i Noreg snakkar språket godt, skulle dei ut-

- 
4. Tala frå undersøkinga er presenterte i rapportane: Ravna, Ellen. 2000a. *Iskadeapmi sámegiela geavaheami birra*. Deatnu: SEG/Sámi giellaráddi, og Ravna, Ellen. 2000b. *Tabellhefte. Undersøkelse av bruken av samisk språk blant privatpersoner i samiske områder*. Tana/Oslo: Opinion og SEG. Metodane er vurderte og kommenterte i Skutnabb-Kangas, Tove. 2000. *Kommentárat raportii Iskadeapmi sámegiela geavaheami birra*. Deatnu: SEG/Sámi giellaráddi. Tala blir og drøfta i Rasmussen, Torkel. 2005. *Jávohuvvá ja ealáska. Davvisámegiela giid demografijja ja buolvvaidgaskasaš sirdáseapmi Norrgas ja Suomas*. Tromsø: Romssa Universitehtta.
  5. Sjá t.d. Dunfjeld, Sigbjørn m.fl. 1996. *Áarjelsaemien oohpehtimmie. Forslag til en samlet plan*. (Rapport bestilt av Kyrkje-, forsking og utdanningsdepartementet) Snása: Arbeidsgruppen for sørsamisk utdanning.

gjera 28 % av sørsamane på norsk side av grensa. Av dette talet ser vi at dei aller fleste sørsamiske familiane i Noreg no må ha bytt daglegspråk frå sørsamisk til norsk. Vi er her vitne til eit språkskifte.

Det er umogleg å forstå det sørsamiske språkskiftet utan å kjenne til den langvarige statlege fornorskingspolitikken overfor samane. Fornorskingspolitikken varte frå midten av 1800-talet og i praksis fram mot 1970. I denne tida vart alt samisk språk stigmatisert. Det vil ta lang tid å oppheve verknadene av denne stigmatiseringa, som altså varte i ein periode på over hundre år.

### 1.2.3 Sørsamisk i grunnskulen

Sidan hausten 1968 har det vore høve til å velja sørsamisk som fag i grunnskulen. Det året begynte Åarjel-saemiej skuvle/Sameskolen i Snåsa å tilby faget. Mykje av arbeidet for utvikling av sørsamisk som skulefag er seinare gjort nettopp ved Åarjel-saemiej skuvle, der rektor Ella Holm Bull lenge var ei drivkraft, mellom anna i utvikling av sørsamiske læremiddel. Ved sida av Åarjel-saemiej skuvle har Gaske Nöörjen Saemien Skovle/Sameskolen for Midt-Norge i Hattfjeldal vore sentral i det faglege utviklingsarbeidet. Seinare er det vorte meir og meir vanleg å tilby sørsamisk også ved dei kommunale grunnskulane rundt omkring i det sørsamiske busettingsområdet. Eit utval har tilrådd å satse meir på denne løysinga<sup>6</sup>.

I åra frå 1994–1995 til 2005–2006 steig talet på elevar som valde sørsamisk som fag i grunnskulen i Noreg, slik som vist i Figur 2 under.

**Figur 2**

Talet på elevar som fekk opplæring i sørsamisk i grunnskulen i Noreg 1994–2005<sup>7</sup>

Skuleår	1994/95	1997/98	1999/00	2001/02	2004/05	2005/06
Elevtal	58	84	104	98	121	123

Vi ser at talet på elevar i sørsamisk steig frå 58 i skuleåret 1994–95 til 123 i skuleåret 2005–06. Dette var ein auke på 122 % på elleve år.

I grunnskuleopplæringa i sørsamisk fanst det i Noreg på den tida språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter var i gang, tre ulike løp som foreldra kunne velja mellom. Desse løpa, eller fagplanane, er: 1) *Sørsamisk som*

6. Fylkesmannen i Nordland. 2005. *Sørsamisk opplæring ved heimeskolen*. Rapport nr.1. Bodø: Fylkesmannen i Nordland.

7. Tala for åra frå 1994/95 til 1999/00 er henta frå: Todal, Jon. 2002. *Jos fal gåhttet gollegielat*. Vitalisering av samisk i Noreg i 1990-åra. Tromsø: Universitetet i Troms. Tala for åra frå 2001/02 til 2005–06 er henta frå *Grunnskolenes info-system* 2005.



*førstespråk*, 2) *Sørsamisk som andrespråk* og 3) *Sørsamisk språk og kultur*. Av desse fagplanane hadde både 1 og 2 ei målsetting om funksjonell tospråklegheit. Fagplan 1 føresette dessutan at undervisninga også i andre emne enn sørsamiskfaget vart gjeven på sørsamisk. Fagplan 2 *opna* for å bruke ein slik modell, men kravde det ikkje. Fagplan 3 derimot hadde ikkje tospråklegheit som noko mål, men opplæringa etter denne fagplanen skulle gje ei viss innsikt i språket og kulturen.

Av dei tre modellane var det Fagplan 1 som var best eigna til å fremja språkleg vitalisering. Etter inndelinga i sterke og veike tospråklege opplæringsmodellar<sup>8</sup> var det berre fagplan 1 (*Sørsamisk som førstespråk*) som var ein ”sterk” modell, medan dei to andre modellane var ”veike” tospråklege opplæringsmodellar. Dei veike modellane er mindre eigna til å fremja tospråklegheit hos elevane enn det dei sterke modellane er.

Elevane i sørsamisk i Noreg fordelte seg i skuleåra 2001–02 – 2005–06 på dei tre nemnde fagplanane (eller modellane) slik som vist i Figur 3 under.

### Figur 3

Talet på elevar i sørsamisk i grunnskulen i Noreg åra 2001–2005, fordelt etter fagplan<sup>9</sup>

Fagplan	2001–02	2002–03	2004–05	2005–06
1. Sørsamisk som førstespråk	1	3	10	16
2. Sørsamisk som andrespråk	74	79	69	81
3. Sørsamisk språk og kultur	23	40	42	26
Elevar i alt	98	122	121	123

Figur 3 viser at rundt 1 % av elevane i sørsamisk følgde den sterke tospråklege modellen (*sørsamisk som førstespråk*) i skuleåret 2001–2002. Denne prosenten hadde stige til vel 13 i skuleåret 2005–06.

Etter grunnskulen er det ved ein del vidaregåande skular høve til å halde fram med sørsamisk. Ny teknologi har gjort fjernundervisning både lettare tilgjengeleg og billigare enn før. Dette har komme faget sørsamisk i vidaregåande skule til gode.

Ved Høgskolen i Nord-Trøndelag er det mogleg å ta sørsamisk som fag på høgskolenivå. Elles er det mogleg å studere sørsamisk ved universiteta i Tromsø, Umeå og Uppsala.

8. Sjå kapittel 4.2.1 nedanfor.

9. Tala i Figur 3 er henta frå *Grunnskolenes info-system* 2005.

### 1.2.4 Sørsamisk språk utanfor skulen og kjernefamilien

Det tradisjonelle sørsamiske området omfattar halve Skandinavia. Sørsamane er spreidde over heile dette store geografiske området, og det finst difor ikkje noko større lokalsamfunn korkje i Sverige eller Noreg der sørsamisk er det normale kommunikasjonsspråket i alle slags situasjonar. Språket har såleis ikkje noko geografisk kjerneområde som "produserer" nye talarar som kan vega opp for eventuelt språkskifte frå minoritetsspråket sørsamisk til majoritetsspråka norsk eller svensk andre stader.

Derimot er slektskapsband i dag viktige i det sørsamiske og sørsamiskspråklege miljøet. Til erstatning for sørsamiske lokalsamfunn i eit (geografisk) kjerneområde er den enkelte medlem i eit vidt sørsamisk nettverk, bunde til slektskap og (reindrifts)næring. Medlemmer i geografisk vide nettverk treffest ikkje kvar dag, språkleg sett spelar det sørsamiske slekts- og næringsnettverket difor ikkje same rolla som eit sørsamiskspråkleg lokalsamfunn ville ha gjort.

Snåsa i Nord-Trøndelag har etter kvart utvikla seg til å bli eit sørsamisk sentrum. Kommunen har to reinbeitedistrikt og vinterbeite for eit tredje. Internatskulen Áarjel samiej skuvle (Sameskulen i Snåsa) vart etablert i kommunen allereie i 1968, og skulen gav frå første dag undervisning i sørsamisk. Hit kjem elevar frå heile Trøndelag. Både reinsamelaget og den statlege reindriftsforvaltninga har kontor i Snåsa. Vidare finn vi ei avdeling av Duodji-instituttet her. NRK Sámi Radio har kontor i bygda, og prestekontoret for sørsamar er etablert her. Vidare har Sametingsadministrasjonen lagt ein del av si avdeling for "språk og opplæring" til Snåsa, og ein del av administrasjonen for samisk kulturminnevern ligg og i bygda. I Snåsa finn vi òg museet og kultursenteret Saemien sijte. Det siste tilskotet av samiske institusjonar i Snåsa er ein sørsamiskspråkleg barnehage.

Snåsa kommune har søkt regjeringa om å komma inn under forvaltningsområdet for samisk språk. Dersom kommunen blir ein del av dette området, vil sørsamisk bli eitt av to offisielle språk i Snåsa.

Alt dette viser at det no er i ferd med å bli ein arbeidsmarknad også utanfor reindrifta, der kunnskapar i sørsamisk språk vil vera ein kvalifikasjon.

Sørsamisk språk har lite støtte i media. Det viktigaste medieinnslaget på sørsamisk er ei kort nyheitssending på språket i radio to gonger i veka. Elles finst det ein del barnebøker, kassetar, CD-ar og dubba barnefilmar.

Bibelen er i ferd med å bli omsett til sørsamisk, og Markusevangeliet er alt utgjeve. Som allereie nemnt, er det etablert eit eige prestekontor for sørsamar. Ei av oppgåvene for presten herifrå er å halde sørsamiskspråklege gudstenester i kyrkjene i det sørsamiske området.

Det er opp gjennom åra laga ein del skulemateriell på språket. Svært viktig er det òg at det finst ei større ordbok frå sørsamisk til norsk<sup>10</sup>. Det er enno (hausten 2006) ikkje utgjeve noka ordbok som går andre vegen, frå norsk til sørsamisk. Men ei slik ordbok er under arbeid.

### 1.3 Eit truga språk?

Korleis skal vi tolke alle enkeltopplysningane ovanfor? Det første som slår lesaren, er kanskje kor *få* som kan snakke sørsamisk godt. Talet på talarar er likevel ein problematisk faktor å dømme språket si stilling ut frå. Så langt ein veit om attover i tida, har det vore relativt få talarar av sørsamisk – utan at språket har forsvunne av den grunn. Sjølv om ein generelt sett kan seia at eit språk er meir truga di færre talarar det har, må ein likevel i kvart enkelt tilfelle sjå talet på talarar i samanheng med andre faktorar. Éin slik faktor er alderssamansettinga i talargruppa, ein annan faktor er kor stor prosent talarane utgjer av heile den etniske folkegruppa.

På grunn av manglande samisk statistikk veit vi ikkje noko visst om alderssamansettinga av den gruppa som kan snakke sørsamisk. Lokalkunnskap gjer at vi veit at det i dag finst både born og ungdommar som kan snakke språket godt. Men på bakgrunn av lokalkunnskap må det òg seiast at dei aller *fleste* talarane av sørsamisk i dag sannsynlegvis er over femti år. Tala frå den store gallupundersøkinga om samisk språk<sup>11</sup> tyder på at den sørsamiske språkoverføringa i heimane langt på veg er stoppa opp, og at 28 % av sørsamane i dag vurderer seg sjølve som ”gode” talarar av språket. Dersom dette er sant, er sørsamisk i dag eit truga språk både etter den amerikanske språksosiologen Joshua Fishman sin skala over faktorar som gjer språk truga<sup>12</sup> og etter UNESCO si faktorliste, som eg snart skal komma tilbake til<sup>13</sup>. Fishman hevdar at ein må sjå den uformelle språkoverføringa i familiane som den aller viktigaste faktoren for at eit språk skal overleva. Dette er eit problematisk område for det sørsamiske språksamfunnet i dag.

Sørsamisk har ein litt uklår offentleg status, Samelova sine språkreglar er for så vidt klåre, men dei skil ikkje mellom dei ymse samiske språka. Lova har nok

- 
10. Bergsland, Knut og Magga, Laila Mattson. 1993. *Áarjesaemien-daaroen baakoegærja*. Indre Billeford: Idut.
  11. Ravna, Ellen. 2000a. *Iskkadeapmi sámegiela geavaheami birra*. Deatnu: SEG/Sámi giellaráddi.
  12. Ravna, Ellen. 2000b. *Tabellhefte. Undersøkelse av bruken av samisk språk blant privatpersoner i samiske områder*. Tana/Oslo: Opinion og SEG.
  12. Fishman, Joshua (1991) *Reversing Language Shift*. Clevedon: Multilingual matters.
  13. UNESCO Ad Hoc Expert Group on Endangered Languages. 2003. *Language Vitality and Endangerment Document submitted to the International Expert Meeting on UNESCO Programme Safeguarding of Endangered Languages 10–12 March 2003*. Paris: UNESCO.

hatt mest positiv effekt for nordsamisk. Den rettslege stillinga for sørsamisk vil vonleg bli klårare når Snåsa kommune blir innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk.

Sørsamisk blir i dag brukt på få domene, og er fråverande på dei domena som er mest populære for ungdom og på dei mest prestisjefylte domena for vaksne. Dette er typiske trekk ved truga språk.

Derimot har sørsamisk dei siste åra vist ei viss evne til å komma inn på nye domene der språket ikkje før har vore brukt. Radiosendingane er viktige her, sidan bruk i media hevar statusen for eit språk. Slike sendingar verkar òg utviklande på sjølve språket, i og med at språket i nyheitssendingane må brukast til å uttrykkje tilhøve på mange forskjellige livsområde.

UNESCO har fått utarbeidd ei liste med viktige faktorar for å kunna vurdere stoda for truga språk. Dei ni faktorane er: Det totale talet på språkbrukarar, alderssamansetjinga av talargruppa, prosentdel som snakkar språket av heile folkegruppa, språket sine domene, utviding av talet på domene, tilgjenge til skriftleg materiale med tanke på læring, offentleg haldning til språket, haldning til språket i folkegruppa, dokumentasjon.

Lista frå UNESCO har ein skala frå 0 til 5 for kvar av desse faktorane. Her kan ein vurdere kor kvart einskilt språk ligg på skalaen, 5 er best, 0 er dårlegast. For fleire av faktorane er det slik at viss språket skårar 0, er det realiteten forsvunne som eit språk i bruk. Ved hjelp av UNESCO si liste kan vi systematisere det som ovanfor er sagt om sørsamisk språk i Noreg i dag

#### Figur 4

Stillinga for sørsamisk språk i Noreg etter UNESCO sin skala for truga språk

Faktor	Tilstand	Poeng
Alderssamansetjinga av talargruppa	Sørsamisk er mest brukt av folk i besteforeldregenerasjonen og enda eldre.	2
Prosentdel som snakkar språket av heile folkegruppa	Ein minoritet av sørsamane tykkjer sjølve at dei snakkar sørsamisk godt.	2
Domene og funksjonar	Sørsamisk er brukt og fungerer berre på få og avgrensa domene.	1
Nye domene for språket og media	Språket er brukt på nokre nye domene som til dømes radio og barnehage.	2
Tilgjenge til skriftleg materiale	Det finst skriftleg materiale som born kan bruke og lære seg å for lesa og skrive språket.	3
Offentleg haldning	Den offisielle norske haldninga er at dei samiske språka skal utviklast.	4

Haldning i folkegruppa	Sørsamane sjølve er svært positive til å fremja språket.	5
Dokumentasjon	Det finst grammatikk og ordbok og tekstar, men ikkje daglege medium.	3

Figuren ovanfor inneheld berre åtte faktorar, ikkje ni slik eg nemnde innleiingsvis. Den niande faktoren er det totale talet på talarar. Dette er ein faktor som nok er viktig, men vanskeleg å gradere – av grunnar som eg alt har vore inne på.

Den høge skåren på 4 for ”offentleg haldning” grunnar seg på den *uttalte* offisielle norske politikken, ikkje på faktisk iverksette tiltak. Det er ein viktig skilnad. Den norske majoriteten er dessutan lite oppteken av samiske språkspørsmål, og framtida for sørsamisk språk blir ikkje diskutert i noko norsk forum.

Haldninga til språket sørsamisk blant sørsamane, set eg til høgast mulig skår. Det byggjer eg først og fremst på ei rekkje samtalar som eg har hatt med sørsamiske foreldre om språket dei siste ti åra. Men også skulestatistikken fortel om ei slik haldning, av Figur 2 ovanfor såg vi at talet på foreldre som vel sørsamisk for borna sine på skulen, auka med 122 % frå 1994 til 2005.

I UNESCO si liste ovanfor har eg vurdert språket til å stå svakt på det området som Joshua Fishman seier er det viktigaste, nemleg den uformelle overføringa mellom generasjonane i familiane<sup>14</sup>. Denne overføringa har langt på veg stoppa opp i dei fleste sørsamiske familiane. Dette utgjer eit alvorleg trugs-mål mot språket.

## 1.4 Vitalisering

Både skulestatistikk og generelt inntrykk elles tyder på at mange sørsamar i dag ønskjer å vitalisere språket. Dei ønskjer at dagens born skal lære å snakke sørsamisk godt, iallfall såpass godt at språket i framtida kan bli meir brukt enn i dag både i heimane og offentleg. Det kan synast som om fleire unge foreldre no enn for femten år sidan snakkar sørsamisk med sine eigne born, sjølv der språket ikkje er foreldra sitt sterkaste språk. Men dette finst det ikkje tal for.

Ei vitalisering av sørsamisk i dag kan ikkje skje over alt ved at familiane bestemmer seg for å skifte språk overfor borna. Til det er det er for få som meistrar språket. Difor må vitaliseringa dei fleste stader skje i nært *samarbeid* mellom heim, barnehage og skule.

14. Fishman, Joshua. 1991. *Reversing Language Shift*. Clevedon: Multilingual matters.

I 2000 konkretiserte dei sørsamiske foreldra i Svahken Sijte i Engerdal kommune, Hedmark fylke, ønsket om språkleg vitalisering. Dei gjekk da saman med den lokale kommunale skulen, Elgå oppvekstsenter, og skreiv ein søknad til Sametinget om pengar til eit prosjekt for å styrkje sørsamisk språk blant borna i distriktet.

Dei fekk pengane, og frå no av skal alt handle om dette prosjektet: Sametingets språkmotiveringsprosjekt ved Elgå oppvekstsenter.

## 1.5 Utgangspunktet

### 1.5.1 Problemstilling og tilnærming

Den overordna problemstillinga for denne boka er den same som for prosjektet som boka handlar om: Kva skal til for å vitalisere eit språk som står så svakt som sørsamisk?

Utgangspunktet både for dei som dreiv prosjektet i Elgå og for meg som skreiv om det, var at det er viktig å kunna føre små språk vidare dersom den folkegruppa som har snakka språket, sjølv ønskjer å føre det vidare. Eg ser her på språk som ein verdi i seg sjølv, og dette blir ikkje drøfta eller problematisert meir i boka.

Eg byggjer på Joshua Fishman sitt syn om at språkovertøring best skjer i naturlege kommunikative situasjonar, og aller best i dagleg samhandling mellom generasjonane i familien<sup>15</sup>. Difor brukar eg i denne boka ein del plass på å skildre sørsamisk språk sin plass i familiane. Dersom språket av forskjellige grunnar står svakt i heimane, blir barnehagen og skulen si rolle i språkformidlinga viktigare.

I boka blir det lagt vekt på korleis barnehagen og skulen ved Elgå oppvekstsenter organiserte og gjennomførte språkformidlinga. Organiseringa blir sett i lys av kva særleg Colin Baker og Kamil Øzerk seier om tilhøve som fremjar språklæringa i ulike samfunnssituasjonar.<sup>16</sup> Gjennomføringa av og innhaldet i språkformidlinga, ser eg delvis i lys av det som er gjort i andre urfolkssamfunn, som til dømes hos māoriane på Aotearoa/New Zealand<sup>17</sup>.

Etter å ha beskrive språksituasjonen og det som i prosjektperioden vart gjort for å formidle sørsamisk til borna, presenterer eg det språklege resultatet som vart skapt av situasjonen og av arbeidet. Presentasjonen av resultatata inneheld

15. Fishman, Joshua. 1991. *Reversing Language Shift*. Clevedon: Multilingual matters.

16. Baker, Colin. 2001. *Foundations of Bilingual Education and Bilingualism*. Clevedon: Multilingual Matters. Og Øzerk, Kamil Z (2006). *Fra språkbud til språkdrukning – modeller for opplæring med to språk*. Vallset: Oplandske bokforlag.

17. Aotearoa er māoriane sitt namn på New Zealand.

---

ein liten (men viktig) del av språket, verb- og substantivbøyinga. Elles ser eg òg på ein del resultat som ligg utanfor sjølve språkstrukturen.

### 1.5.2 Mi eiga rolle

Frå januar 2002 og til prosjektslutt i juni 2006 fungerte eg som fagleg rådgjevar i språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter. Lønna for den tida som eg brukte på dette, vart betalt av Engerdal kommune som forvalta prosjektpengane frå Sametinget. Eg var såleis deltakar i prosjektet samtidig som eg skreiv om det.

Hovudarbeidsplatsen min var i heile prosjektperioden Sámi allaskuvla/Samisk høgskole. Denne høgskulen ligg i det nordsamiske området og har nordsamisk som hovudspråk, men tek sikte på å vera ein institusjon for heile det samiske området. Eg kan nordsamisk, men ikkje sørsamisk. Sjølv er eg etnisk norsk.

Frå 1984 til 1989 arbeidde eg innan samisk lærarutdanning ved det som no heiter Høgskolen i Finnmark. Etter at Sámi allaskuvla vart oppretta i 1989, har eg arbeidder der, særleg med spørsmål knytte til tospråklegheit og små språk.

Dette er utgangspunktet mitt for å skrive om språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter.

## 2 Prosjektplanar og lokale rammer

”Eah edtjh datnem fájjoeh náhkehtidh,  
jis geehtj jítjedh gullie-gielem.”  
(Frå *Saemiej laavlome* av Isak Saba, 1906)

Gjennom avisannonser lyste Samisk språkråd i 2000 ut pengar til eit forprosjekt for foreldre som ville at borna deira skulle lære å snakke samisk. Eit vilkår for å kunna søkje var at dei familiane som ønskte dette, levde i eit elles norskdominert miljø utanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Eit anna vilkår var at pengane skulle kanalisert gjennom ein kommunal barnehage, ein småskule eller skulefritidsordninga. Foreldra skulle altså ta initiativet, men *kommunen* måtte søkje.

Etter søknad kunne ein kommune få kr. 200 000,- til å førebu eit større fem-årig språkprosjekt som kunne starte opp hausten 2001 og som Sametinget da ville finansiere<sup>18</sup>. Ein god søknad og eit godt forprosjekt ville altså løyse ut fleire millionar kroner. Sametinget/Samisk språkråd hadde på førehand utarbeidd ei åtte siders generell projektskildring for det store prosjektet som skulle komma etter forprosjektet.<sup>19</sup>

Det kom inn fem søknader. Den søknaden som gjekk inn, kom frå det kommunale Elgå oppvekstsenter i Engerdal kommune i Hedmark fylke. Elgå oppvekstsenter søkte om pengar til eit søsamisk språkmotiveringsprosjekt.

### 2.1 Planar for prosjektet

Innhaldet i det framtidige prosjektet var skissert både i søknaden frå Elgå oppvekstsenter og i den generelle projektskildringa som Sametinget hadde laga.

#### 2.1.1 Innhaldet i søknaden frå Elgå oppvekstsenter<sup>20</sup>

Søknaden frå Elgå oppvekstsenter gjorde greie for lokale føresetnader for eit slikt prosjekt: Elgå oppvekstsenter var eit lite oppvekstsenter med barnehage, skulefritidsordning og skule samla i felles bygningar. Dei samiske borna utgjorde ein høg prosent av elevane og barnehageborna ved oppvekstsenteret.

18. Annonsen ligg ved her som vedlegg nr. 1.

19. Denne projektskildringa ligg ved her som vedlegg nr. 2.

20. Heile søknaden ligg ved her som vedlegg nr. 3.



Norsk var det dominerande språket både på oppvekstsenteret og i heimane. Skulen hadde allereie i fleire år gjeve opplæring i sørsamisk som andrespråk.

Vidare gjorde søknaden kort greie for språket si silling i dei sørsamiske familiarane i distriktet, og la vekt på at mange foreldre og oppvekstsenteret hadde eit ønske om å

”...revitalisere det samiske samfunnet i vårt område med fokus på sørsamisk språk, sørsamiske verdier og tankesett.”

Hovudmålsetjinga for søknaden var å

”...utvikle barna til å bli aktivt tospråklige gjennom daglige og sesongpregede aktiviteter. Overføring av kunnskap fra den eldre til den yngre generasjonen er sentralt i denne sammenhengen.”

Søknaden la vekt på samanhengen mellom holdningar, verdiar, kultur og språk. Ein ville i tillegg til praktisk førebuing bruke forprosjektperioden til haldningsskapande arbeid og bevisstgjerung av dei som seinare skulle involverast i prosjektet.

Elles gjekk det att fleire stader i søknaden at prosjektet skulle samarbeide nært med det samiske miljøet i bygda. Særleg var det understreka at besteforeldregenerasjonen skulle utgjera ein ressurs, sidan dei sat inne med tradisjonelle sørsamiske språk- og kulturkunnskapar.

Søknaden kan oppsummerast med at dersom Elgå oppvekstsenter fekk prosjektet, ville dei leggje opp til at det sørsamiske språket skulle formidlast gjennom dagleg bruk, praktisk arbeid, tema-arbeid og jamleg kontakt med eldre språk- og kulturberarar.

## 2.1.2 Innhaldet i prosjektskildringa frå Sametinget

Sametinget hadde sjølv utarbeidd ei skildring av korleis dei tenkte seg prosjektet. I denne førehandsskildringa er prosjektet kalla *Sámedikki giellamovttiidahhtinprošeakta/Sametingets språkmotiveringsprosjekt*<sup>21</sup>. Projektskildringa tok utgangspunkt i planane som Sametinget hadde vedteke for å styrkje samisk språk utanfor det samiske forvaltningsområdet. Språkmotiveringsprosjektet skulle vera med på å konkretisere og setja ut i livet noko av dette.

Projektskildringa peika på kor viktig det var å skapa nye domene der samisk språk kunne vera i naturleg bruk, og nemnde da barnehagar som eit ønskeleg moderne samiskspråkleg domene også utanfor dei nordsamiske kjerneområda. Det var særleg viktig at borna begynte å *snakke* samisk tidleg. Her var barnehagane sentrale. På dette grunnlaget vart hovudutfordringa formulert slik:

21. Da det viste seg at prosjektet gjekk til det sørsamiske området, vart det på sørsamisk heitande *Saemiedigkien gieleskreejreme-prosjeekte Elgå sjiidtemejarngesne*.

”Er det mulig å lære barn å snakke samisk hvis man organiserer de samiske læresituasjonene og – midlene etter en tilpasset metode og setter inn ekstra ressurser?”

I prosjektskilddringa tildelte Sametinget kommunen ein sentral plass i eit framtidig prosjekt, understreka kor viktig foreldresamarbeidet var, nemnde grunnskulen og skulefritidsordninga si rolle spesielt, peika på kor sentral helseetaten i vår tid er i slikt som har med born å gjera og nemnde at det var ønskjeleg at ein forskar kunne følgje arbeidet og skrive sluttrapport.

Sametinget ville ha ansvarsfordeling mellom ei styringsgruppe (der Sametinget og kommunen skulle vera representerte), ein eigen prosjektleiari og i tillegg ein person som skulle stå for rettleiing og vurdering.

Den søkaren som kunne leva opp til alt dette, skulle få disponere godt over fire millionar kroner. Pengar skal ikkje sløst bort: Budsjettframlegg hadde Sametinget lagt ved.

### 2.1.3 Søknad om eit sørsamisk Kōhanga Reo

Både søknaden frå Elgå oppvekstsenter og framlegget til prosjektskilddring frå Samisk språkråd/Sametinget var prega av pedagogiske tankar som etter 1980 hadde vorte utvikla blant urfolk fleire stader i verda. Det er særleg naturleg å tenkje på pedagogikken (og ideologien) bak den sterke barnehagerørsla hos urfolket på Aotearoa/New Zealand, māoriane.

Māoriane sitt tradisjonelle polynesiske språk vart i tida etter den engelske koloniseringa, trengt tilbake av kolonistane sitt språk, engelsk. Det tradisjonelle språket vart marginalisert og stigmatisert, og mange familiar gjekk over til å snakke landet sitt nye majoritetsspråk til borna sine. Rundt 1970 kunne berre 18–20 % av māoriane på New Zealand snakke māori flytande. Dei fleste av desse var da over femti år. Noko måtte gjerast dersom språket skulle overleva som aktivt språk. Det som skjedde på New Zealand, var ikkje ulikt det som samtidig skjedde med sørsamisk, berre at her var det ikkje engelsk, men svensk og norsk som var dei prestisjespråka som tok over.

Rundt 1980 starta noko som skulle bli ei māori-språkleg barnehagerørsla, kalla Te Kōhanga Reo. Folk etablerte barnehagar som skulle byggje på tradisjonell māori-kultur og -filosofi, formidla av eldre kulturberarar. Daglegspråket i barnehagane skulle vera māori, og borna skulle lære språket ved å høyre det brukt, og sjølve bruke det, i naturlege situasjonar. Formidlarar skulle mellom anna vera eldre folk som sjølve hadde lært språket som barn.

Denne rørsla har sidan vakse seg sterk blant māoriane, og i 1998 var det 600 slike barnehagar på Aotearoa/New Zealand. Seinare er talet gått litt tilbake. I forlenginga av denne barnehagerørsla er det etablert barneskular med māori som opplæringspråk, og etter kvart vart språket også brukt i vidaregåande skular og høgre utdanning.

Kōhanga Reo-rørsla nyttar seg av ein språkbadsmodell som lenge har vore kjend også frå andre plassar. Det nye var å bruke modellen på truga urfolkspråk (i staden for på prestisjespråk som engelsk og fransk) og å knyte det heile til tradisjonell urfolksskultur ved å bruke eldre kulturberarar i formidlinga.<sup>22</sup>

Det har ved fleire høve vore direkte samband mellom māori opplæringsmiljø og samisk opplæringsmiljø, og tankane frå Aotearoa/New Zealand har vore godt kjende i Sápmi<sup>23</sup>. Det sørsamiske miljøet har fleire gonger arrangert kortare språkbadskurs for både vaksne og unge. Desse kursa har på sørsamisk vore kalla *gielebiesie*, ei direkte omsetjing frå māori av *Kōhanga Reo* (på norsk: *språkreir*).

Søknaden frå Elgå oppvekstsenter var ein søknad om å få opprette eit femårig sørsamisk Kōhanga Reo.

## 2.3 Lokale rammer

Språkprosjektet var lokalisert til Elgå oppvekstsenter i Engerdal kommune. Foreldra var knytte til reinbeitedistriktet Svahken sijte. Kommunen, grenda, reinbeitedistriktet og oppvekstsenteret utgjorde dei lokale rammene for prosjektet.

### 2.3.1 Kommunen Engerdal

Engerdal kommune er på 2195 kvadratkilometer, like stor som heile Vestfold fylke. Kommunen grensar til Sverige i aust, og elles til kommunane Røros, Os, Tolga, Rendalen og Trysil. På den tida språkmotiveringsprosjektet var i gang, låg innbyggjartalet i Engerdal kommune på rundt 1500. Folk bur spreidd, og det er ingen tettstader i kommunen. Drevsjø og Engerdal fungerer som senter.

Under éin prosent av arealet er dyrka mark. Utmarka er viktig for næringslivet, anten det er tale om primærnæringar eller turisme. Det er to nasjonalparkar i kommunen, Femundsmarka og Gutulia. Blant primærnæringane finn vi samisk reindrift nord i kommunen, regulert til Svahken sijte (Elgå reinbeitedistrikt). Engerdal er den einaste kommunen i Hedmark med slik reindrift, og Svahken sijte, er det sørlegaste reinbeitedistriktet i Noreg.

22. Jeanette King. 2001. Te Kōhanga Reo. Māori Language Revitalization. – *The Green Book of Language Revitalization in Practice*. [Red.] Hinton, Leanne og Ken Hale. San Diego: Academic Press. S.119–128.

23. Jamför Leena Huss. 1997. Kia ora, Sápmi! Nya kulturmöten i Sameland. – *Den nordiska mosaiken. Humanistdagarna vid Uppsala universitet 15 – 16 mars*. Uppsala: Språkvetenskapliga fakulteten.

Engerdal vart ikkje eigen kommune før i 1911, men det har vore fast busetjing og jordbruk her sidan 1600-talet. Historia om fangstsamfunna i området går enda mykje lenger attover i tid. Her er funne fangstanlegg for rein heilt frå steinalderen.<sup>24</sup>

### 2.3.2 Grenda Elgå

Grenda Elgå ligg på austsida av Femunden. Her bur om lag femti menneske fast. Grenda har jordbruk, reindrift, innlandsfiske, turisme, fiskemottak, butikk, bensinstasjon, kapell, informasjonssenter for nasjonalparkane, skule (i det meste av prosjektperioden: oppvekstsenter) og overnattingsbedrifter.

For språkmotiveringsprosjektet var Elgå oppvekstsenter og Femund fjellstue to viktige institusjonar.

### 2.3.3 Reinbeitedistriktet Svahken sijte

Elgå skulekrins omfattar meir enn grenda Elgå. Dei om lag tretti innbyggjarane i Gutu soknar òg til skulen i Elgå. I Gutu har dei fleste av dei familiane som driv med rein i kommunen, bygt seg hus. Fleirtalet av foreldra som i 2001 ønskte opplæring i sørsamisk ved Elgå oppvekstsenter for borna sine, budde i Gutu. Tidlegare var det vanleg at dei samiske borna herifrå gjekk på sørsamiske internatskular i Trøndelag eller Nordland. I dei åra prosjektet varte, gjekk alle på skule i Elgå.

Slektene Jonassen, Danielsen og Mortensson har i dag rein i Elgå reinbeitedistrikt. Til saman har reinbeitedistriktet 6 driftseiningar. Familien Jonassen bur på Røros og leiger folk til å gjete flokken sin i Elgå. Difor var ikkje born frå denne familien involverte i Sametinget sitt språkmotiveringsprosjekt ved Elgå oppvekstsenter i åra frå 2001 til 2006.

Slektene Danielsen og Mortensson i Svahken sijte er begge etterkommarar av Daniel Mortenson (1860–1924), som i si tid var ein markert person i det sørsamiske miljøet. Forutan at han dreiv med både rein og gardsbruk, var han lærarutdanna (med utdanning frå Østersund), og han var både ein tale- og skrivefør mann. Daniel Mortenson var aktiv i samepolitikken, mellom anna var han møtedirigent på det første nordiske samiske landsmøtet som opna i Trondheim den 6. februar 1916<sup>25</sup>. Seinare er den 6. februar vorte gjord til samisk nasjonaldag til minne om dette møtet. Ei tid redigerte han og gav ut bladet *Waren Sardne*.<sup>26</sup>

24. Engerdal kommune, heimeside på internett: <http://www.engerdal.kommune.no/document.aspx?uid=133&title=Fakta+om+Engerdal>

25. Borgen, Peder. 1997. *Samenes første landsmøte*. Trondheim: Tapir. S. 69

26. Nissen, Kristian. 1979. Daniel Mortenson – en samisk foregangsmann – *Ottar* nr. 116–117. Tromsø: Tromsø museum. S. 10–13.



Figur 5. Kart


Midt på kartet ser vi Gutu der dei fleste av ungane i prosjektet bur. I nordvest ser vi Elgå med skulen, fjellstua og butikken. Vegen nordover går ikkje lenger enn hit. Vegen sørover går til Engerdal, og vegen austover gjennom Gutu går til Sverige. Vi legg merke til at her finst både sørsamiske og norske stadnamn. (Marja Helene Fjellheim Mortensson har laga kartet.)

Daniel Mortensson var først gift med Brita Elisabeth Andersdotter (1862–1899). Etter at ho døydde, gifte han seg på nytt med Anna Larsdotter Duorra (1874–1922). Mortenson fekk fleire born i begge ekteskapa, og han har i dag ei stor etterslekt i det sørsamiske området.<sup>27</sup> Dei samiske borna frå Gutu som i prosjektperioden 2001–2006 gjekk ved Elgå oppvekstsenter, stammar alle på farssida frå Daniel Mortensson.

Sørsamane bur over eit stort område, og sørsamiske slektsband strekkjer seg gjerne langt ut over det geografiske nærområdet. Slik var det i Svahken sijte òg. Alle dei tre samiske bestemødrene i reinbeitedistriktet kom frå andre distrikt<sup>28</sup>. Det er difor uinteressant å spørja om Svahken sijte er eit språksamfunn der

27. Andersen, Ottar. 1966. *Bygdebok for Engerdal. Bind II*. Engerdal: Engerdal kommune. S. 274–277

28. I kapittel 3.1 nedanfor blir det gjort meir detaljert greie for dette.



**Figur 6.** Hos reinflokken

Svahken sijte (Elgå reinbeitedistrikt) er det sørlegaste tradisjonelle samiske reinbeitedistriktet i Noreg. Bildet viser arbeid med reinen i Svahken sijte. (Anders Petter (Anta) Mortensson har laga bildet.)

sørsamisk har ”halde seg” eller ikkje. Samtalar med foreldre og besteforeldre, presenterte i kap. 3 nedanfor, syner ein samansett språksituasjon i området, ein situasjon som ikkje let seg analysere ved hjelp av ein tenkemåte bygd på tradisjonell dialektforskning.

### 2.3.4 Elgå oppvekstsenter

Da språkmotiveringsprosjektet tok til hausten 2001, var barnehagen, barne-skulen og skulefritidsordninga organiserte som oppvekstsenter i Elgå. Skulen hadde da sidan hausten 1997 gjeve opplæring i samisk som andrespråk for dei som ønskte det.

Oppvekstsenteret hadde godt med plass, bygningane omfatta også ein del som tidlegare hadde vore internat. Difor ville det vera praktisk lett å la borna vera delt i grupper i ymse aktivitetar, slik søknaden og prosjektskildringa føre-sette.



**Figur 7.** Kald vinter

Elgådistriktet er eit av dei kaldaste områda i landet. Bildet viser eit hus i Gutu ein vinterdag. Folk fyrer i omnen, og alle som ikkje må ut til reinflokken, held seg inne. Til og med hunden sit inne og kikar ut gjennom glaset på alt det kvite. (Ailin Maria Danielsen har laga bildet.)

## 2.4 Oppsummering av planar og rammer

Gjennom den lokale søknaden og Sametinget si projektskildring og med hjelp av tidlegare samiskundervisning ved Elgå oppvekstsenter, var det lagt eit fagleg grunnlag for å starte opp eit språkmotiveringsprosjekt i Elgå.

Dei familiare som høyrde til reinbeitedistriktet Svahken sijte, hadde alle ein sterk samisk identitet. Tilknytninga til sørsamisk språk var ein del av denne identiteten.

Miljøet i Elgå hadde fleire ressurspersonar som kunne brukast i språk- og kulturformidlinga, og der fanst dessutan ein engasjert person som var villig til å vera prosjektleiar i fem år.

Elgå oppvekstsenter hadde bygningar som høvde godt til eit prosjekt som kravde større gruppedeling enn det som elles var vanleg i norske barnehagar og skular.

Alt dette tala for at språkmotiveringsprosjektet skulle bli vellykka.

På den andre sida var Engerdal ein liten kommune som ved prosjektstart ikkje hadde særleg god råd. Kommunen hadde ein desentralisert skulestruktur, noko som gjorde at iallfall to av skulane var svært små. Elgå oppvekstsenter var ein av dei to små, og kunne bli truga av nedlegging. Dette ville i tilfelle setja språkmotiveringsprosjektet i fare.

Sjølv om det var ei heil gruppe med sørsamiske born i Elgå skulekrins da prosjektet starta, var talet på unge sørsamiske kjernefamiliar lite. Det var berre fem slike familiar. Dette gjorde prosjektet svært sårbart. Det ville skapa store problem om nokon av familiare skulle dra seg ut or prosjektet.

Dette var tilhøve som kunne bli til hinder for å lykkast med språkmotiveringsprosjektet.



## 3 Språket i familiane

”Vi må skjerpe oss litt no. Sørsamisk bør iallfall bli meir brukt blant oss oppi her.”  
(Lars Ivar Danielsen i intervju i januar 2002)

Tidleg på nyåret 2002 bad prosjektleiinga meg om å komma til Elgå for å diskutere språkmotiveringsprosjektet nærare med foreldre og besteforeldre. Eg tok den gongen fly sørover til Værnes, og tog frå Værnes til Røros. Ein kald østerdalsk januarmorgon køyrde eg leigebil frå Røros rundt Femunden til Elgå. Deretter brukte eg ei veke på å besøke folk, mesteparten av tida i Gutu. Prosjektleiaren hadde på førehand gjort avtalar med alle foreldra og besteforeldra, og eg var venta over alt dit eg kom. Alle hadde god tid til å snakke med meg, og alle hadde vesentlege ting å fortelja. Og eg fekk mykje og god mat – og nokre liter med nytrekt kaffi.

På føremiddagane besøkte eg besteforeldra, som alle var pensjonistar og difor kunne treffast heime på den tida av dagen. På ettermiddagane og kveldane besøkte eg foreldra. Intervjua vart gjorde på den måten at eg noterte medan vi snakka, og brukte ikkje lydband. Alle dei som vart intervjuja, fekk seinare lesa gjennom og godkjenne det av intervjuet som eg skulle bruke i rapporten. Dei hadde berre få og små justeringar til det som var skrive.

### 3.1 Samtalar med dei samiske besteforeldra

I den samiske besteforeldregenerasjonen besøkte eg bestemødrene Jennie Danielsen, Berit Mortensson, Inga Mortensson og gammalonkel Jonas Danielsen. Eg snakka med dei i den nemnde rekkjefølgja. Desse fire voks opp i kvart sitt sørsamiske samfunn, og dei har alle levd sitt liv med fleire språk. Av dei fire er det berre Jonas som sjølv er oppvaksen i Svahken sijte. Jennie kjem opphavleg frå Idre sameby rett over riksgrensa, medan Berit er oppvaksen i Snåsa i Nord-Trøndelag. Inga kjem enda lenger nordfrå, frå Rans sameby i Ammarnäs på svensk side av grensa. Alle var dei i syttiåra da eg snakka med dei, den eldste fødd i 1926, den yngste i 1930.

Frå samtalanene som vi hadde, har eg til dette kapittelet valt ut berre det beste-foreldra fortalde om sine eigne røynsler med tospråklegheit.

#### 3.1.1 Samtale med Jennie Danielsen

Jennie fortalde at ho voks opp i ein reindriftsfamilie i Idre. I familien hennar vart sørsamisk brukt til dagleg, men i bygdesamfunnet elles snakka dei aller

fleste berre svensk. Difor var det var heilt nødvendig å kunna svensk også. Ho måtte meistre to språk. Vidare fortel ho:

I den tida da eg voks opp, skulle born frå reindriftsfamiliar i Sverige gå på egne ”nomadskolor.” Så lenge vi gjekk i småskulen ved nomadeskulen, fekk vi snakke sørsamisk, men ikkje når vi kom opp i storskulen. Slik var reglane. I dei siste klassane på nomadeskulen måtte vi bruke samisk kufte til kvardags, men det var forbode å bruke samisk språk. Slik lærte eg aldri å lesa og skrive sørsamisk. Når eg skal skrive no, må det vera på norsk. Lesa kan eg gjera på sørsamisk, men eg tykkjer ikkje det er lett å gjera det. Snakke sørsamisk kan eg, og eg forstår det godt, mellom anna brukar eg å høyre på dei sørsamiske radiosendingane.

Likevel, etter at eg flytte hit, har det vorte mindre og mindre med sørsamisk språk i kvardagen. Så lenge svigermor mi levde, brukte eg å snakke sørsamisk med henne, men eg snakka språket lite i kvardagen elles. Mannen min kunne mindre samisk enn eg, så vi snakka norsk med kvarandre. Men med søskena mine heldt eg fram med å snakke samisk, også som vaksen. Vi var ti søsken.

Mine egne born har gått på Sameskulen i Snåsa. For dei vart dette med språk og skule annleis enn for meg. Borna snakka litt sørsamisk ved skulestart og forstod ein heil del, og dei lærte å lesa og skrive sørsamisk på skulen.

Jennie konkluderer med at minoritetsspråket må brukast dagleg om det skal leva. Blir det ikkje brukt, kan det lett bli gløymt – også av dei som ein gong snakka det som sitt morsmål.

Ho uttalar seg positivt om språkmotiveringsprosjektet ved oppvekstsenteret, ”eg er for det, det er eg verkeleg.” Ho fortel at ho allereie har prøvd å snakke sørsamisk med dei små, men dei skjønar ikkje så mykje av språket – dei har jo nettopp begynt, legg ho til (dette er i januar 2002).

Da Jennie flytte frå Idre til Svahken sijte flytta ho òg til ein annan stat med eit anna majoritetsspråk, frå svensk i Sverige til norsk i Noreg. Men dette skiftet nemner ho ikkje i samtalen vår om språk denne januardagen i 2002. Svensk eller norsk er heller ikkje så viktig.

### 3.1.2 Samtale med Berit Mortensson

Berit fortalde at ho voks opp i ein sørsamiskspråkleg reindriftsfamilie i Nord-Trøndelag, og at ho gjekk på den kommunale skulen på Agle i Snåsa. Ho har alltid snakka sørsamisk. Ho fortel om det å vekse opp tospråkleg som ei god erfaring: Eg har halde sørsamisk ved like heile tida og snakkar språket lett også i dag. Sjølv har eg lært meg å lesa det, og eg les alt eg kjem over på sørsamisk. Men skrive språket det kan eg ikkje. Når noko skal skrivast, så må det skje på norsk.

Ho fortel vidare om språket i skulen da ho var lita:

Berre vi søskena og eit søskenbarn av oss var samar på skulen på Agle da eg gjekk der. På skulen var det aldri tale om å bruke sørsamisk. Det spørsmålet vart ikkje ein gong diskutert. Elles var det vanleg på den tida at samiske born frå Trøndelag gjekk på Sameskolen i Havika i staden for på dei lokale kommunale skulane, men heller ikkje i Havika brukte skulen samisk eller underviste i språket.

På same måten som Jennie kjem også Berit inn på at hennar egne born gjekk på sameskule og lærte å lesa og skrive sørsamisk. Men snakke språket kunne dei ikkje like godt. For henne sjølv var det motsett. Ho kunne snakke, men lærte ikkje å skrive sørsamisk. Ho ser elles på språklæring som noko som kan vara heile livet og peikar på at folk som ikkje snakka sørsamisk som born, har begynt å snakke språket seinare.

Berit følgjer med på dei sørsamiskspråklege sendingane i radioen, men ho er skeptisk til nylaga ord som gjer sendingane tyngre å forstå enn det dei hadde trunge å vera.

Elles er ho positiv til at den yngre generasjonen no engasjerer seg i språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter, slik at barneborna kan lære språket frå dei er små. Men det blir ikkje lett å snu den utviklinga som har vore for sørsamisk, meiner ho:

”Dem får nå jobb med det, det skal vårrå sekkert!”

### 3.1.3 Samtale med Inga Mortensson

Inga er fødd og oppvaksen heilt nord i det sørsamiske området, i Rans sameby i Ammarnäs på svensk side av grensa. Også Inga fortalde at ho voks opp i ein reindriftsfamilie der sørsamisk var daglegspråk, og i hennar tilfelle var det tale om den nordlegaste dialekten av sørsamisk – umesamisk.

Eg voks opp med den gamle måten å drive reindrift på – med blant anna å flytte med køyrerein frå norskegrensa til Botnvika. Eg er glad for å ha fått oppleva alt dette, for meg høyrer sørsamisk språk det gamle arbeidslivet til.

Ho tek opp att og legg vekt på at ho har vore heldig som har fått med seg både den gamle måten å leva på og språket.

Språket i bygdene der eg voks opp, var svensk, og vi måtte tidleg lære det språket òg. Vi var mykje i lag med dei svenske ungdommane, og da gjekk det på svensk. Men når vi søskena skulle diskutere noko som andre ungdommar ikkje trong å høyre, kunne vi gjera det på sørsamisk.

Inga gjekk på ”nomadskola”. Sidan ho kom frå ein reindriftsfamilie, måtte ho det. Den svenske politikken var at ”lapp ska vara lapp”. På skulen var det ikkje samisktalande lærarar, og språket kunne ikkje brukast. Skulen ville helst ta språket frå oss, seier ho.

Seinare begynte eg på den samiske folkehøgskulen i Jokkmokk. Her kom eg i kontakt med ungdommar frå ulike delar av Sameland, og fekk høyre andre samiske dialektar og språk, mest nordsamisk. Eg fekk eit anna syn på mange ting. Her møtte eg òg Richard som eg gifte meg med. Så flytta vi hit og dreiv med rein. Krigen var nettopp slutt i Noreg, og folk var opptekne av andre ting enn språk

Her var språket mindre brukt enn det eg var vant til, også i reindriften. Det var vanskeleg å venne seg til at norsk kunne brukast i reintroa.

Eg snakka sørsamisk helst til dei som var eldre. Mor levde til 1985. No (i 2002) har eg ei gudmor på over 90 år som eg berre snakkar sørsamisk med. Vi brukar å ringje til kvarandre.

Inga vil ikkje seia så mykje om innhaldet i språkmotiveringsprosjektet ved oppvekstsenteret, men ho seier at ”ungdommane er modige” som har sett i gang dette, og at ho er svært glad for at barneborna no slepp å reise bort på internatskule.

### 3.1.4 Samtale med Jonas Danielsen


Jonas voks opp her i Svahken sijte, der foreldra hans dreiv med rein. Sjølv har han òg arbeidd med reindrift, og han er ein kjend utøvar av tradisjonelt samisk handverk. Om språket fortel han:

Det vart snakka mykje norsk i familien da eg voks opp. Foreldra mine var opptekne av at vi borna skulle lære norsk, dei hadde sjølve hatt problem med at dei kunne lite av det da dei begynte på skulen, og dei ville ikkje at vi skulle få dei same problema som dei hadde hatt.

Vi høyrde likevel mykje sørsamisk heime, og vi borna snakka vel sjølve litt av kvart. Men etter at vi begynte på skulen, vart det norsk. Eg begynte på internatskule i Havika ved Namsos. Det var Finnemisjonen som dreiv den skulen, og alle lærarane og betjeninga var norske. Vi var fire herifrå som begynte der det året eg begynte, og vi var lengst sørifrå. Dei som kom lengst nordifrå, kom frå Hemnesberget (i Nordland). På skulen skulle ikkje borna snakke sørsamisk med kvarandre heller. Eg veit ikkje kvifor. Eg trur vi alle kunne norsk da vi begynte i Havika.

I dag blir det lite bruk av sørsamisk. Eg må no tenkje meg om når eg høyrer det, fordi det blir brukt så lite. Det vart slik, språket døydde bort, så å seia. Det vart snakka her fram til ut på 50-talet. Mor var den siste som verkeleg kunne det. Når mor mi møtte mor til Jennie, snakka dei alltid berre sørsamisk seg i mellom.

Eg har delvis brukt språket med folk andre stader frå, for eksempel med folket i Brennåsen ved Kjerringsjøen. Der heldt språket seg lenger enn her.



**Figur 8.** Kulturberarar

Bildet viser fire representantar for besteforeldregenerasjonen i Svahken sijte. Dei er frå venstre: Jonas Danielsen, Inga Mortensson, Jennie Danielsen og Berit Mortensson. Vi ser at alle har kledd seg sportsleg for å bli med barnehagen til gamma på Valdalsfjellet. Tre av dei har teke på seg skallar. (Ailin Maria Danielsen har laga bildet.)

Dei sørsamiske sendingane i radioen forstår eg for så vidt, det er likevel enkelte ord eg ikkje forstår, eg kallar dei ”nysamisk”. Det skal vera så eins no, det sørsamiske språket. Det var ikkje slik før, da var det dialektar. Rørsos-området og Härjedalen hadde same dialekten.

Språkmotiveringsprosjektet må da vel vera bra det. Eg har ikkje prøvd å snakke sørsamisk med ungane (i 2002), men eg skal ned dit og vise handverk for dei. Da må ein bruke samiske ord på ting og emne, eg veit ikkje ein gong om dei tinga har norske namn. Sjølv har eg lært frå far min, det var begynnelsen, seinare har eg lært handverk i Karasjok. Eg kunne nå litt nordsamisk òg medan eg var der.

### 3.1.5 Kommenterar til samtalan med besteforeldra

Dei fire som i 2002 hørde til besteforeldregenerasjonen i Svahken sijte, voks opp i fire forskjellige sørsamiske samfunn. Alle hadde barndommen sin på 1930-talet, og alle voks opp med sørsamisk språk i den næraste familien. Foreldra deira var samiskspråklege. Det varierte likevel ein del kor mykje språket vart brukt heime. Etter det dei fortalde, vart sørsamisk brukt mest lengst nord.

Felles for dei er det òg at det allereie i barndommen var nødvendig å lære norsk eller svensk i tillegg til sørsamisk. Sørsamisk var ikkje eit språk som majoritetsfolket lærte seg, minoriteten måtte lære majoritetsspråket. Dette hadde ikkje berre med majoritet og minoritet å gjera, men òg med prestisje.

Både av det som besteforeldra sa i desse intervju, og av det dei elles fortalde i samtalar, gjekk det fram at dei såg på sørsamisk språk som ein stor verdi. Dei var glade for å kunna det. Men skuleverket såg ikkje slik på det i den tida da dei begynte på skulen.

På skulen opplevde dei alle at sørsamisk språk ikkje hadde nokon eigenverdi. Heller ikkje på dei skulane som var etablerte spesielt for sørsamane, kunne elevane bruke sørsamisk i skuletida, det vil her seia på dei sørlegaste nomadeskulane i Sverige og på sameskulen i Havika i Noreg.

Sørsamisk var heller ikkje skulefag på den tida, og det at dei kunne snakke dette språket, gav inga uttelling for dei på skulen. Tvert i mot kunne det få negative konsekvensar dersom dei brukte sørsamisk i skuletida.

Ei anna felles erfaring i besteforeldregenerasjonen var at tospråklegheita var eit steg på vegen til eit språkskifte frå sørsamisk til norsk eller svensk i familiane. Alle besteforeldra fortalde at sørsamisk var langt meir brukt i familiane da dei var unge, enn tilfellet var på det tidspunktet da eg intervjuar dei. Den tospråklege generasjonen hadde snakka sørsamisk med dei eldre familiemedlemmane og norsk eller svensk med dei yngre. Etter kvart som dei gamle gjekk bort, vart sørsamisk difor stadig mindre brukt. Slik har tospråklegheita på lengre sikt svekt bruken av sørsamisk og styrkt bruken av norsk og svensk i familiane.

Alle kom i løpet av samtalan inn på når og kvar dei var vane med at sørsamisk vart brukt, kva domene språket hadde. Alle nemnde den næraste familien som eit slikt domene. Da dei voks opp, hadde sørsamisk vorte brukt i familiane. Inga nemnde spesielt arbeidet med reinen som eit sørsamiskspråkleg domene. Ho hadde reagert på at norsk kunne bli brukt på dette domenet lengst sør. Jonas nemner tradisjonelt samisk handverk som eit domene der sørsamisk har dei termene som trengst, og der det er vanskeleg å greie seg med berre norsk.

I offentlege samanhengar vart ikkje sørsamisk brukt da dei fire voks opp. Men seinare har sørsamisk fått nokon slike domene, til dømes radiosendingar. Berit og Jonas har kritiske kommentarar til bruken av standardisert sørsamisk på

dette domenet. Nylaga ord kan vera unødvendig vanskeleg å forstå (Berit), og dialektforskjellar blir viska ut (Jonas). Eit anna nyare domene er skulen.

Mange av borna til dei som i dag er utgjert besteforeldregenerasjonen, fekk opplæring i sørsamisk på internatskulen Åarjel-saemiej skuvle i Snåsa. Beste foreldregenerasjonen gav uttrykk for at dei syntest dette tilbodet hadde vore positivt for borna, men dei såg òg at samisk som skulefag ikkje var nok til at borna begynte å snakke språket. Derimot lærte dei å lesa og skrive sørsamisk, noko besteforeldregenerasjonen sjølv ikkje fekk oppleve.

Sjølv om besteforeldra hadde vakse opp på ulike plassar spreidde over eit stort geografisk område, hadde dei, som vi her har sett, ein del felles erfaringar med tospråklegheit: 1) Tospråklegheit var tidlegare nødvendig for å greie seg i eit sørsamisk – norsk – svensk samfunn. 2) Tospråklegheit hadde ingen verdi i skulesamanheng og 3) Tospråklegheit var eit overgangsfenomen.

Med dette som felles erfaringsbakgrunn var det interessant å høyre kva besteforeldregenerasjonen meinte om språkmotiveringsprosjektet for barneborna ved Elgå oppvekstsenter. Dette prosjektet hadde som utgangspunkt at tospråklegheit kunne bli ein fordel i skulesamanheng, og at sørsamisk – norsk/svensk tospråklegheit ikkje skulle vera eit overgangsfenomen, men noko som kunne bli varig frå generasjon til generasjon.

Ut ifrå at besteforeldra såg på sørsamisk språk som ein verdi, støtta dei i prinsippet at borna no skulle lære sørsamisk i barnehagen og skulen ved Elgå oppvekstsenter. Dette var ein verdi som besteforeldre og foreldre delte. Men besteforeldra omtala likevel ikkje prosjektet som ”vi”. Dei snakka om kva arbeid som venta ”dei” som no skulle arbeide med dette.

I intervjuet med besteforeldra kom det indirekte fram ein tvil om realiteten i språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter. Dei heldt fram vanskane ved eit slikt opplegg: Eit språk som sørsamisk må brukast mykje og helst dagleg (Jennie), eit slikt språkleg vitaliseringsarbeid krev frykteleg mykje arbeid (Berit) og det krev stort mot av dei som skal utføre dette arbeidet (Inga). Overfor meg drog dei helst fram andre positive verknader av prosjektet enn dei reint språklege. Borna fekk lære samisk handverk (Jonas) og dei slapp å reise bort på internatskule (Inga).

Den tvilen som eg her tolkar inn i det som besteforeldra sa, kom berre indirekte fram. Men om dei hadde formulert ein slik tvil direkte til meg, eg var jo rådgevar for prosjektet, hadde eg likevel ikkje kunna seia anna enn at dei kanskje hadde rett. Heile prosjektet var nettopp det: Eit prosjekt. Ingen kunne i januar 2002 vita om dei måla som vart formulerte i prosjektsøknaden, var realistiske.

## 3.2 Samtalar med foreldra

Da prosjektet starta hausten 2001, var sju foreldrepar involverte. Dei var: Mona og Lars Ivar, Bodil og Maths, Elin og Jon Anders, Gunn og Bengt, Heléne og Jan Axel, Ann Kristin og Per Arne, Anna og Jan Åke. I januar 2002 intervjuar eg dei alle. Dei vart da intervjuar som par, ikkje éin og éin, og dei fleste vart intervjuar heime hos seg sjølve, vanlegvis rundt kjøkenbordet.

Fleirtalet av mødrene til dei borna som var med i prosjektet, hadde ein ikkje-samisk slektsbakgrunn. Og dei hadde forskjellige slags yrke. Alle fedrane, bortsett frå éin, var etniske samar, og dei arbeidde alle i reindriften. Unntaket var Per Arne som var norsk og dreiv daglegvarebutikken og bensinstasjonen i Elgå.

To av foreldrepara gjekk etter kvart ut or prosjektet. Det var Anna og Jan Åke som budde på svensk side av grensa, og Ann Kristin og Per Arne som budde i sjølve Elgå. Anna og Jan Åke hadde dotter si i barnehagen ved Elgå oppvekstsenter på grunn av det var betre tilbod i sørsamisk språk der enn på svensk side. Sidan familien var svenske statsborgarar og busette i Sverige, kunne dei etter reglane ikkje halde fram med å ha dotter si ved Elgå oppvekstsenter, og dei måtte trekkje seg ut. Ann Kristin og Per Arne trekte seg òg. Dei er begge både etnisk og språkleg norske, og dei tykte dei kunne følgje for lite opp med sørsamisk språk heime.

Dette delkapitlet byggjer på intervju med dei fem foreldrepara som var med i meir eller mindre heile prosjektperioden.

### 3.2.1 Språket i familiane da foreldra voks opp

Foreldra hadde ulike språklege erfaringar. Dette delkapitlet om språket i *oppveksten* konsentrerer seg om det fleirtalet blant foreldra som voks opp i sørsamiske familjar.

Det mest vanlege samtalspråket i heimane var norsk eller svensk på den tida foreldra voks opp. Dei eldste av dei foreldra som voks opp i samiske familjar, hugsa sine eigne besteforeldre snakke sørsamisk, og dei kunne hugse at språket vart ein del brukt heime i barndommen.

”Farmor snakka mest på sørsamisk åt oss ungane når ho var barnevakt, og alltid når ho snakka med seg sjølv. Farmor og mormor snakka òg sørsamisk seg imellom – og iallfall alltid frå mormor si side.” (Lars Ivar)

”Mor og far brukte samisk når det var noko vi ikkje skulle forstå.” (Maths)

”Både farmor og farfar hadde sørsamisk som morsmål, men dei brukte språket lite som eg hørde eller kan hugse. Sørsamisk kunne vera hemme-



leg språk både heime og elles. Det er fortalt at sørsamisk vart brukt som hemmeleg språk under krigen, kamuflert som at dei snakka til hunden. – Far min seier at mormor hans brukte språket ein god del i hans barn-dom. Han forstod det, men brukte det ikkje sjølv.” (Elin)

Sjølv om sørsamisk ikkje var det mest brukte språket heime, brukte både foreldre og born ein del sørsamiske ord også når dei snakka norsk eller svensk.

”Mor mi, som kan sørsamisk, snakka ikkje språket med oss da vi var små, men eg trur ho brukte langt fleire sørsamiske ord når ho snakka, enn det som er vanleg her.” (Jon Anders)

Lars Ivar gjorde nærare greie for kva sørsamiske ord som vanlegvis vart brukte i norsk og svensk på denne måten.

”Alle slektskapsord er på sørsamisk, slik som ’mor’, ’far’, ’bestemor’, ’onkel’ osv. Vidare brukar ein gjerne sørsamiske ord for tradisjonell mat og i mykje av det som har med reindriften å gjera, når ein skal vera presis om alder, kjønn og tilstand for reinsdyr. Likeeins om tradisjonelle klede og om veret, og så gjerne sørsamisk når ein snakkar til hunden da.” (Lars Ivar)

Jan Axel presenterte meg seinare for same emnelista som Lars Ivar kom med. Han føydde berre til kveldsbønn som noko dei som barn lærte på sørsamisk. Ei av mødrene som sjølv hadde vakse opp i norsk familie, hadde òg merkt seg spesielt at karane kunne kveldsbønna på sørsamisk.

Denne måten å bruke sørsamisk på er like levande i dag som da foreldra voks opp. Mona fortalde såleis at eit norsk barn som ikkje var vant til dette, trudde at Lars Ivar heitte *aehrtjie*<sup>29</sup> sidan dei så ofte høyrde at han vart kalla det<sup>30</sup>.

### 3.2.2 Språket på skulen da foreldra voks opp

Alle som var etniske samar i foreldregenerasjonen i Elgå, bortsett frå Mona, hadde vore innom sameskulen i Snåsa som elevar<sup>31</sup>. Men ikkje alle gjekk heile skuletida si der. I Snåsa var sørsamisk obligatorisk fag. Undervisningsspråket utanom samisktimane var for det meste norsk.

29. *aehrtjie* = far

30. I samband med ei undersøking av andrespråksopplæringa i samisk sendte eg i 1997 ut eit spørjeskjema til foreldra til alle andrespråkslevar i sørsamisk i Noreg frå fjerdeklassen og opp. Der spurde eg mellom anna om bruk av sørsamiske ord i elles norskspråklege tale. *Alle* dei 40 foreldra som svara, kryssa av for at dei brukte sørsamiske ord i norsk.

31. Som ”etnisk same” reknar eg her dei som etter reglane kan skrive seg inn i Same-manntalet.

Sameskulen i Snåsa var tidleg ute med tilbod i samisk språk. Det vart undervist i sørsamisk ved skulen allereie frå oppstarten i 1968<sup>32</sup>.

Snåsa var eit sørsamisk sentrum, og pioneren i arbeidet for språket der var Ella Holm Bull. Ho utførte eit stort språkleg og pedagogisk grunnarbeid slik at det kunne bli mogleg å gje opplæring i sørsamisk i grunnskulen. Ho var rektor på skulen, ho underviste i språket, ho skreiv ei rekkje lærebøker i sørsamisk, og ho måtte sjølv utforme den pedagogiske praksisen. Alt dette var pionerarbeid. I tillegg arbeidde ho med utvikling av sørsamisk språk også utanfor skulen, mellom anna i samarbeid med professor Knut Bergsland.

Medan dei norske skulestyresmaktene på 1960- og 70-talet enno for ein stor del såg på samiskopplæring som eit hjelpetiltak for å nå andre pedagogiske mål, såg Ella Holm Bull på samiskfaget som eit viktig kulturfag med høg *eigenverdi*. I 1979 avsluttar ho ein artikkel om sameskulen i Snåsa slik: "...språket er selve fundamentet, og svikter språket, svikter noe vesentlig i kulturgrunnlaget."<sup>33</sup>. Den same tanken som Ella Holm Bull her gav uttrykk for, låg også under det sterke engasjementet som dei tidlegare elevane hennar la ned i språkmotiveeringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter i åra frå 2001 til 2006.

Alle foreldre som hadde lese sørsamisk i Snåsa, kom ein eller annan gong i intervjuet med meg inn på Ella Holm Bull. Dei såg det store arbeidet ho hadde lagt ned for språket. Jon Anders sa det slik: "Ho Ella var den viktige samisktalende personen. Ho fekk samisk på timeplanen".

Alle omtala henne overfor meg berre som "ho Ella". Dei gjekk som ein sjølv-sagd ting ut i frå at eg forstod at det var Ella Holm Bull dei meinte.

Da foreldregenerasjonen i Elgå i januar 2002 såg tilbake på skuletida si i Snåsa, oppsummerte dei alle at skulen hadde stilt svært store krav til dei i faget sørsamisk.

"Vi hadde samisk i samisktimane og lærte å lesa å skrive. Eg tykte det var vanskeleg. Nokon kunne språket godt, og andre kunne lite, og vi vart ikkje delte etter forkunnskapar." (Maths)

"Det vart ein veldig hard start for oss som kunne lite. Det vart mykje å lære utanåt, og vi følte at læraren forlanga meir enn vi makta. Det var ikkje nokon god situasjon. Det var veldig forskjell på samiskkunnskapane blant elevane. Nokon hadde språket inne, og andre kunne ingen ting. Alle vart flinke til å lesa, men å praktisere språket munnleg, lærte vi ikkje.

32. I det nordsamiske området vart det ikkje gjeve andrespråkundervisning i samisk før ut på 1970-talet. I 1967 var det for første gong gjeve første lese- og skriveopplæring på nord-samisk for born med dette språket som førstespråk.

33. Bull, Ella Holm. 1979. Sameskolen i Snåsa – Sørsamer. *Ottar* nr. 116–117. Tromsø: Tromsø museum. S. 88–91.

Dei frå Nord-Trøndelag kunne meir enn oss, språket hadde halde seg betre der.” (Jon Anders)

”Eg begynte i Snåsa i 1968 og høyrde til første kullet der. Vi lærte å lesa samisk, men vi forstod jo ikkje alt. Eg hadde god uttale, men tykte det var eit vanskeleg fag, og eg kunne gruve meg åt det.” (Lars Ivar)

”Vi brukte mykje tid på verbbøying, bra det, men ikkje alltid så tilpassa nivået vårt.” (Elin)

Utover nivåskilnadene nemnde foreldra òg at det timetalet som samiskfaget fekk av styresmaktene i deira skuletid, var heller lågt.

”Vi hadde dagleg kontakt med språket på skulen i Snåsa. Sørsamisk i tre timar for veka, og språket vart brukt i sløydtimane.” (Bengt)

”Vi hadde for få samisktimar på skulen.” (Jan Axel)

### 3.2.3 Språket da språkmotiveringsprosjektet begynte

Språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter aktualiserte spørsmålet om bruk av språk i familiane i Svahken sijte. Alle foreldra var samde om at borna burde få støtte for det sørsamiske språket også utanfor oppvekstsenteret, og da var familien det mest nærliggande domenet å tenkje på. Språkmotiveringsprosjektet burde altså føre til meir bruk av sørsamisk heime. Dette var det foreldra sitt ansvar å få til.

#### 3.2.3.1 Språket heime i 2002

Norsk var det viktigaste daglegspråket i alle familiane i 2002. I intervju som eg gjorde, var mange foreldre inne på at dei no måtte ”skjerpe seg” og bruke meir sørsamisk heime. Foreldra prøvde å skjerpe seg<sup>34</sup> på den måten at dei heime brukte så mykje sørsamisk som dei makta. Dei tenkte spesielt på at dei no måtte snakke sørsamisk i heile setningar – ikkje berre bruke einskildord.

Vidare hadde alle foreldra oppmoda beteforeldregenerasjonen om å bruke sørsamisk overfor ungene. ”Dei fire sit på ei gullgruve. Det gjeld å få gullet fram att,” som Heléne uttrykte det. Fleire fortalde at ”vi høyrer det på språket hos ungene når dei kjem heimatt frå *aahka*<sup>35</sup>”.

Foreldra hadde sjølv gått inn for å lære seg meir av språket, både gjennom kurs og gjennom formell utdanning. Det var likevel forskjellig kor mykje kvar enkelt hadde hatt høve til å arbeide med språk, dei hadde alle både jobb og små ungar.

34. ”Å skjerpe seg” var eit uttrykk fleire foreldre brukte i denne samanhengen, det var ikkje eit uttrykk som eg brukte da eg intervju.

35. *Aahka* = bestemor.

Heléne, som sjølv ikkje hadde nokon samisk familiebakgrunn før ho gifte seg med Jan Axel, tenkte at ho skulle følgje ungene si språkutvikling og lære seg sørsamisk i lag med dei. Men ho oppdaga snart at ungene lærte fortare. Heléne oppdaga òg at språket si stilling og tospråklegheita i seg sjølv kunne vera eit hinder for å lære sørsamisk etter naturmetoden, slik ho hadde tenkt å gjera:

”Dei du pratar sørsamisk med, kan jo samtidig norsk. Kva ein enn gjer, så kjem ein attende til norsk.” (Heléne)

Fleire mødrer var inne på kjønnsforskjellar i samband med arbeidet for sørsamisk språk heime. Dei meinte at mødrene var meir ivrige enn fedrane på dette området, enda det blant mødrene var fleire med norsk familiebakgrunn. Dette peika dei på som underleg, sidan det i Elgå var dei samiske fedrane som mest naturleg skulle ha stått for kontinuiteten i språkovertøringa, slik dei stod for kontinuiteten i reindrifta. Bodil sa at ho hadde snakka med norske kvinner i sørsamiske familiar andre stader, og desse kvinnene hadde ”skjette i språket sea karan itte bry sei”.

Fedrane sjølve meinte at det ikkje var sant at dei ikkje brydde seg, men på grunn av arbeidet i reindrifta kunne dei vera mindre i lag med dei minste ungene enn det mødrene var.

”Vi er stort sett ute på fjellet i lange periodar. Og vi blir nok trøytte av å vera ute og av å vera i skutereksosen heile dagen.” (Jon Anders)

Alle foreldra kom i løpet av samtalen inn på spørsmålet om kvifor sørsamisk språk vart så lite brukt i Elgå akkurat no. Det underlege var at språket vart lite brukt, trass i at dei alle såg på det som ein stor verdi og trass i at foreldra gjerne ville bruke det, og trass i at dei faktisk kunne ein god del sørsamisk.

Mesta alle dei foreldra som eg intervjuar, snakka om sperra som var vanskeleg å komma forbi. Når ein skulle snakke sørsamisk, dukka det opp ei sperre som ikkje var der i like høg grad når ein skulle snakke til dømes engelsk. Det var denne sperra som gjorde at det var så vanskeleg å skjerpe seg.

”Sperra kom inn når ein var liten; orda ein kunne var ikkje bra nok, pluss at ein no er usikker på seg sjølv når ein skal snakke med eldre som kan mykje meir.” (Lars Ivar)

”Det er ei sperre ein plass, som kjem av store forventningar, det er mindre forventningar til Heléne enn til meg.” (Jan Axel)<sup>36</sup>

”Ein følte seg litt underlegen på grunn av at ein ikkje kunne meir. Det vart forventa at vi kunne, i Nord-Trøndelag var sørsamisk meir brukt”<sup>37</sup>. (Elin)

36. Heléne kjem frå ein svensk (ikkje samisk) familie. Ho er gift med Jan Axel.

37. Når Elin her refererer til Nord-Trøndelag, er det fordi ho som barn var elev ved Åarjelsaemiej skule i Snåsa i Nord-Trøndelag. Mange av skulekameratane hennar var frå dette fylket.



**Figur 9.** Far og reinflokken

Biletet viser Jan Axel Danielsen ein vinterdag på fjellet. På haugen bak ser vi reinsdyr mot himmelen. Jan Axel køyrer rundt med skutereren for å finne ein høveleg bål plass til språkmotiveringsprosjektet. Fedrane har lova å ta med ungane ut til reinflokken. (Ailin Maria Danielsen har laga bildet.)

”Det ligg underbevisst at du skulle ha snakka sørsamisk meir og betre. Ein skulle snakke rein samisk. Er det ikkje perfekt, får du halde kjeft. Det har vore lite toleranse for å gjera feil.” (Jon Anders)

Spriken mellom dei opplevde forventningane på den eine sida og dei faktiske språkkunnskapane på den andre gjorde at foreldra kjende seg dårlegare i sørsamisk enn det kanskje var grunnlag for.

Foreldra var einige om at det var ei viktig oppgåve for språkmotiveringsprosjektet å hindre borna i å føle ei sperre mot å snakke sørsamisk. For å få til det måtte ein skapa trygge situasjonar der det kjendest naturleg for ungane å snakke språket, meinte dei. Ordet motivering var ikkje med i prosjektnamnet utan grunn. Dei vaksne måtte vera så tolerante overfor språkfeil at borna ikkje slutta å snakke sørsamisk på grunn av stadige rettingar.

### 3.2.3.2 Språkmotiveringsprosjektet i 2002

Språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter var foreldra sitt tiltak. Intervjurunden min i januar 2002 kom tidleg i prosjektet, og alle foreldra uttrykte forventningar til det som skulle skje, og mange verka entusiastiske:

”Vi er med for at ungene skal lære språket, og for at kultur og språk skal bli førte vidare. Vi er glade for at det skjer her, og at vi slepp å sende ungene vekk.” (Bengt)

”Eg gjer dette for ungene sin del. Eg kunne ha gjeve søren, men når eg har valt å gå inn i det samiske miljøet, skal ikkje eg stoppe dette. Det er arbeidsamt, men det er ungene ein blir inspirert av.” (Bodil)

”Det er viktig at ungene får lære seg språket. Dei kan meir enn vi kunne på den alderen, dei kjem til å lære meir sørsamisk enn foreldra sine.” (Jan Axel)

”Det er viktig at ungene veit kvar dei høyrer til. Det er òg viktig at sørsamisk ikkje døyr ut, det er verkeleg noko å ta vare på.” (Heléne)

Foreldra understreka sterkt at prosjektet først og fremst var til for ungene. Men dei hadde òg visse forventningar til prosjektperioden for sin eigen del:

”Eg håpar at vi utviklar oss litt alle i hop. Vi må sjå litt lenger enn fem år fram i tida.” (Lars Ivar)

”Det hadde vore gøartig om vi alle hadde lært oss å prate slik at det kunne ha gått meir på samisk enn norsk heime.” (Mona)

”Det hadde vore litt artig om ein hadde kunna lære seg samisk flytande.” (Maths)

”Vi må skjerpe oss no. Sørsamisk bør iallfall bli meir brukt blant oss oppi her.” (Lars Ivar)

Både Gunn og Bengt peika på at språkmotiveringsprosjektet hadde fleire positive sider enn dei reint språklege:

”Samarbeidet mellom barnehagen og foreldra er godt. Eg trur det ikkje er så stort skilje mellom dei samiske og dei norske lenger. Det lettar overgangen til skulen også dette.” (Bengt)

”Da eg gjekk på barneskulen i Elgå, visste eg ikkje at det fanst samar i Gutu. Først da eg begynte å gå på dans, oppdaga eg det. Det er mindre motsetningar no enn før. Eg trur det betrar seg med dette prosjektet. Når samane går på skule her i bygda, blir dei to gruppene betre kjende med kvarandre, og det er bra at ungene her i Elgå får fleire leikekameratar.” (Gunn)

### 3.2.4 Kommenterar til samtalane med foreldra

#### 3.2.4.1 Tidlege røynsler

Foreldregenerasjonen hadde berre i liten grad lært å snakke språket i fulle setningar heime medan dei var små. Derimot hadde foreldra lært ein god del sørsamiske einskildord heime. Dei såg på sørsamisk som eit verdifullt språk og gav uttrykk for at dei gjerne skulle ha meistra det betre enn det dei gjorde.

På grunn av at mange av foreldra hadde hatt sørsamisk som skulefag ved Årjelsaemiej skule i Snåsa, kunne dei ein heil del av språket allereie frå barndommen av. Særleg følte dei at dei kunne lesa det som var skrive på sørsamisk. Men dei kunne likevel ikkje berre velja å snakke sørsamisk som daglegspråk heime. Så godt kunne dei det ikkje. Dei ønskte no at deira eigne born skulle få eit slikt reelt val mellom sørsamisk og norsk.

#### 3.2.4.2 Tre sentrale omgrep

Tre sentrale omgrep kom stadig att i intervjuet med foreldra i januar 2002. Det var: ”å skjerpe seg”, ”sperra” og ”ho Ella”.

Det første av desse omgrepa uttrykte det ansvaret foreldra sjølve hadde i språkoverføringa mellom generasjonane. Å skjerpe seg var det berre dei sjølve som kunne gjera, det var ikkje nokon annan sitt ansvar.

Foreldra hadde vore pådrivarar for å få i gang språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter. Dette var eit samarbeidsprosjekt som dei alle ønskte skulle lykkast. Da dei vart intervjuet, gav dei uttrykk for at dei sjølve var innstilte på å gjera ein innsats heime for at språkmotiveringsprosjektet skulle bli vellykka. Det var særleg med tanke på ein slik innsats at foreldra i 2002 brukte uttrykket ”å skjerpe seg”.

Innsatsen kunne skje på to måtar. For det første kunne dei sjølve begynne å bruke meir sørsamisk heime overfor ungane. Det kunne igjen skje ved at dei brukte alt dei faktisk kunne av språket, og ved at dei lærte seg enda meir og brukte det òg. Og dei kunne prøve å følgje ungane si tospråklege utvikling.

For det andre kunne dei få besteforeldra til å snakke sørsamisk med borna. Dette hadde dei allereie teke opp med besteforeldra da eg gjorde intervjuet i januar 2002. Prosjektet hadde da vore i gang eit halvt år.

I den samiske foreldregenerasjonen var det fleire mødrer som sjølve var oppvaksne i etnisk norske eller svenske familiar utan noko forhold til sørsamisk språk frå barndommen av. Desse mødrene gav uttrykk for at dei var positive til språkmotiveringsprosjektet, og dei var alle innstilte på å gjera ein innsats for at det skulle lykkast. Dei var innstilte på å ta kurs og lære seg så mykje av språket at dei kunne hjelpe borna. Og dei ønskte å formidle ei utvitydig positiv haldning til sørsamisk.

Fleire av dei etnisk norske mødrene hadde allereie gått sørsamiskkurs, og éi av dei hadde i 2002 lært seg så mykje sørsamisk at ho kunne fungere på språket i lag med dei minste borna i barnehagen.

Samtidig var fleire mødrer inne på at språkformidlinga i for stor grad kunne bli ei kvinneoppgåve. Her måtte særleg mannfolka ”skjerpe seg”.

Det andre sentrale omgrepet i intervjuva var ”sperra”. Mange viste til at dei hadde ei indre sperre mot å snakke sørsamisk lenge om gongen. Dei viste til at dei i si eiga skuletid hadde vore meir redde for å snakke feil sørsamisk enn til dømes feil engelsk. Sperra vart etablert tidleg, meinte dei.

Ein del av foreldra forklarte fenomenet ”sperre” med eigne og andre sine høge forventningar. Sidan dei var sørsamar og reindriftssamar, burde dei meistre sørsamisk perfekt. Slike høge forventningar hadde dei sjølve følt både i og utanfor skulen, og dei meinte at dette hadde gjort dei usikre på om dei meistra språket godt nok. Det var best å ikkje seia så mykje på sørsamisk, så vart det heller ikkje så mykje feil.

Frå foreldra si side var det eit klart uttalt mål med språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter at dei ungane som no voks opp, ikkje skulle få ei slik sperre mot å bruke språket aktivt.

Ella Holm Bull stod sentralt i samtalanene. For dei av foreldra som hadde gått Åarjelsaemiej skulve i Snåsa, var Ella Holm Bull ein viktig sørsamiskspråkleg person som dei var prega av. Dei delte synet hennar på språket som ein viktig del av den sørsamiske kulturarven, og dei delte synet hennar på at skulen også hadde ansvar for å formidle sørsamisk språk. Språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter bygde difor mykje på det arbeidet som Ella Holm Bull hadde gjort, og på dei holdningane ho som lærar, rektor og lærebokforfattar hadde formidla.

Foreldra opplevde at Sameskulen i Snåsa hadde sett for høge språklege krav til elevane frå dei sørlegaste områda. Dei hadde ikkje hatt nok forkunnskapar til å takle desse krava. Språkmotiveringsprosjektet måtte ta meir omsyn til dei faktiske forkunnskapane.

#### 3.4.2.3 Forventningar til prosjektet

Foreldra hadde store forventningar til språkmotiveringsprosjektet, først og fremst på vegner av borna. Prosjektet skulle gjera borna til gode talarar av sørsamisk. Fleire av foreldra uttrykte òg forventningar for eigen del. Prosjektet burde føre til at språket igjen vart meir brukt blant dei vaksne.

Foreldra venta seg òg ein del positive samfunnsmessige ringverknader av prosjektet utover dei reint språklege.



### 3.5 Oppsummering av språket i familiane

Dersom vi deler foreldra og besteforeldra i Svahken sijte i grupper etter *når* og *på kva måte* dei hadde lært sørsamisk, får vi tre tydelege grupper.

I den eine gruppa har vi besteforeldre som lærte sørsamisk som munnleg språk av andre familiemedlemmer heime da dei var små. Besteforeldra i denne gruppa kunne enno snakke sørsamisk. Dei såg alle på sørsamisk språk som ein stor verdi. Dei var likevel noko skeptiske til om språkmotiveringsprosjektet kunne lykkast.

I den andre gruppa er dei av foreldra som hadde vakse opp i samiske familiar. Dei hadde lært ein del av språket heime, men ikkje nok til at dei sjølve kunne snakke det. På skulen lærte dei å lesa og skrive sørsamisk, noko besteforeldregenerasjonen ikkje fekk lære.

Framleis syntest foreldregenerasjonen at det var vanskeleg å snakke språket, og kjende ofte ei mental sperre mot å gjera det. Dei ønskte at det ikkje måtte bli etablert ei slik sperre hos borna, og hadde store forventningar til at språkmotiveringsprosjektet skulle lykkast med dette.

I den tredje gruppa er dei av foreldra som hadde vakse opp i norske familiar. Ingen av desse hadde noko tilhøve til sørsamisk språk frå barndommen av. Etter at dei hadde gift seg med sørsamar, hadde fleire av dei gjort ein stor innsats for å lære seg språket, med skiftande hell, etter det dei sjølve sa. Dei hadde da gått på kurs, eller teke formell opplæring for å lære sørsamisk. Alle gav uttrykk for positive haldningar til sørsamisk språk, og dei ivra for at borna skulle lære å snakke det. Dei hadde difor eit positivt syn på språkmotiveringsprosjektet.

Dei positive haldningane hos alle tre gruppene var eit svært godt grunnlag å bygge eit språkprosjekt på. Alle tre gruppene gav da òg uttrykk for at dei var positive til språkmotiveringsprosjektet, men dei hadde ulike forventningar til resultatane.

I arbeidet for sørsamisk blant borna var det viktig at dei kunne få møte språket på forskjellige domene også utanfor barnehagen og skulen. Besteforeldra sine språk- og kulturkunnskapar var difor svært viktige.

Det kunne bli eit hinder i prosjektet at ein så stor del av foreldra kjende ei sperre mot å snakke sørsamisk sjølve. Dette kunne komma til å avgrense bruken av språket i heimane.

## 4 Organiseringa av prosjektet

”Eit minoritetsspråk må brukast ofte, helst kvar dag.  
Blir det ikkje brukt, blir det lett gløymt.”  
(Jennie Danielsen, januar 2002)

Det finst mange ulike modellar for korleis ein kan organisere tospråkleg opplæring for born både i førskulealder og skulealder. Når ein skal velja modell for ein konkret barnehage eller skule, må ein ta utgangspunkt i lokale språktilhøve og lokale målsetjingar for opplæringa.

I dette kapitlet blir det gjort greie for kva modellar språkmotiveringsprosjektet valde.

### 4.1 Barnehagen

#### 4.1.1 Prinsippa bak barnehagemodellen

Kapitel 2.1.3 ovanfor gjorde greie for nokre likskapstrekk mellom situasjonen for urfolksspråket sørsamisk i Skandinavia og urfolksspråket māori på Aotearoa/New Zealand. For å vitalisere māori er det utvikla ein barnehagemodell som blir kalla Kōhanga Reo ”språkreir”. Kamil Øzerk har i ei bok frå 2006 systematisert viktige trekk ved språkreira på New Zealand, der stiller han følgjande sentrale spørsmål til denne modellen: Kven er målgruppe? Kva er hovudideen? Kven har kontrollen? Kven er involvert? Kva er synet på språklæring? Kva læringsprinsipp ligg til grunn? Kva kjenneteiknar læremidla? Kva kulturell funksjon har modellen?<sup>38</sup>

På grunnlag av spørsmåla hos Øzerk kan ein laga ei systematisk samanlikning mellom språkmotiveringsprosjektet og Kōhanga Reo-modellen. Ei slik samanlikning er sett opp i Figur 10 nedanfor.

Kolonnen i midten skildrar sentrale trekk ved Kōhanga Reo-modellen på Aotearoa/New Zealand. Kolonnen lengst til høgre skildrar dei same trekkka i den modellen som i praksis vart vald i språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter.

---

38. Kamil Z Øzerk. 2006. *Fra språkbud til språkdrukning – modeller for opplæring med to språk*. Vallset: Oplandske bokforlag. S. 71–72

**Figur 10.**  
Samanlikning mellom Kōhanga Reo og språkmotiveringsprosjektet

Ulike sider ved språkreirmodellen	Kōhanga Reo	Språkmotiveringsprosjektet
Målgruppe for modellen	Born i førskulealder med māori-bakgrunn er målgruppe for Kōhanga Reo. Foreldra til borna kan òg ta del i aktivitetane.	Språkmotiveringsprosjektet var først og fremst utforma med tanke på born frå sørsamiske familiar som sokna til Elgå oppvekstsenter (men andre kunne òg få delta). Det var lagt til rette for omfattande foreldresamarbeid.
Hovudidé bak modellen	Kōhanga Reo ønskjer at det å satse på små born skal gje resultat både for den einskilde og for heile språksamfunnet.	Språkmotiveringsprosjektet satsa på å begynne når borna var små, og der var forventningar til kva følger prosjektet skulle få for sørsamisk språk i Elgå. Ein rekna òg med å få fram røynsler som skulle komma heile det sørsamiske språksamfunnet til gode.
Kontroll over modellen	Kōhanga Reo blir initiert, etablert og drive av māori-folket sjølv med midlar frå offentlege instansar og frå stiftingar.	Initiativet til Språkmotiveringsprosjektet kom frå foreldre i Elgå. Prosjektet var finansiert av Sametinget og Engerdal kommune. Gjennom prosjektleiar, styringsgruppe og foreldresamarbeid hadde samar sjølve avgjerande innverknad på korleis prosjektet vart utforma.
Hovudinvolverte og hovudressursar i modellen	I Kōhanga Reo er eldre eller vaksne som er aktivt māori-talande, ein hovudressurs. Eldre stiller opp som ressurspersonar og hjelper til så små born kan tileigne seg māori på naturleg måte.	Språkmotiveringsprosjektet prioriterte folk med sørsamisk som morsmål til arbeid i barnehagen, og la meir vekt på språkmeistring enn på utdanning. Prosjektet brukte også eldre samiske kulturberarar frå bygda som formidlarar. Prosjektet ønskte at formidlinga skulle skje på naturleg måte gjennom samvær og arbeid, meir enn gjennom organisert undervisning.
Syn på språklæring	Kōhanga Reo satsar på at borna tileignar seg språket på naturleg måte gjennom aktivitetar i kulturelt kjende samanhengar.	Språkmotiveringsprosjektet ville at borna skulle tileigne seg språket på naturleg måte gjennom aktivitetar i kulturelt kjende samanhengar.

Læringsprinsipp	Kōhanga Reo skal styrkje både deltakarane og kulturen deira. Opplæringa skal vidare sørge for heilskapleg utvikling, vera familieorientert og lokalorientert og fremja gode mellommenneskelege relasjonar.	Språkmotiveringsprosjektet ville styrkje både språket og kulturen. Opplæringa var familieorientert og lokalorientert.
Materiell og læremiddel	I Kōhanga Reo er læremateriellet stort sett sjølvutvikla, og det er laga slik at borna kan kjenne seg att i det.	Læremateriellet i språkmotiveringsprosjektet var stort sett sjølvutvikla og laga slik at borna kunne kjenne seg att i det.
Kulturrelaterte og språkrelaterte funksjonar	Kōhanga Reo har som hovudfunksjon å styrkje māori-kulturen og vitalisere og føre vidare det truga urfolksspråket māori til nye generasjonar	Språkmotiveringsprosjektet hadde som hovudfunksjon å føre vidare sørsamisk språk til nye generasjonar og styrkje den sørsamiske kulturen.

På grunnlag av Figur 10 kan vi formulere det typiske ved språkmotiveringsprosjektet i barnehagen i Elgå i åra 2001 til 2004 slik: Prosjektet var innretta på sørsamiske born som frå dei var heilt små skulle lære sørsamisk språk og møte sørsamisk kultur. Prosjektet var sterkt samfunnsbasert, først og fremst ved at det involverte foreldre og besteforeldre, men òg gjennom eigenproduserte læremiddel, fagleg innhald og aktivitetar.

Alle desse typiske trekka hadde språkmotiveringsprosjektet felles med andre og samtidige initiativ for urfolksspråk, med Kōhanga Reo-rørsla på Aotearoa/New Zealand som den mest kjende.

#### 4.1.2 Organiseringa av kvardagen i barnehagen

Det sentrale målet med språkmotiveringsprosjektet var å vidareføre det sørsamiske språket til borna. Ut frå prosjektet sitt syn på språklæring skulle språket overførast i naturlege og daglege situasjonar. Det vil igjen seia at borna måtte møte språket mest mogleg gjennom kvardagen sin i barnehagen. Dei måtte helst høyre språket brukt heile tida.

Barnehagen ved Elgå oppvekstsenter var ein barnehage både for samiske og norske born. Barnehagen var både for dei borna som *var* og dei som *ikkje var*

med i språkmotiveringsprosjektet. Det var fleire tilsette ved oppvekstsenteret som ikkje kunne snakke sørsamisk, og det var dessutan til tider vanskeleg å fylle opp dei *øyremerkte* sørsamiske stillingane med folk som meistra språket godt.

Desse to tilhøva (at barnehagen var for alle borna i krinsen og at det kunne vera vanskeleg å skaffe nok sørsamisktalande personale) gjorde at ein i barnehagen ikkje kunne bruke berre sørsamisk språk over alt og heile tida. Ein måtte i staden finne fram til den optimale fordelinga av språka ut frå dei rådande lokale tilhøva. Fordelinga vart da slik som vist i Figur 11 nedanfor.

**Figur 11**

Fordeling av sørsamiskdominert og norskdominert tid i barnehagen for dei borna som var med i språkmotiveringsprosjektet. Våren 2002 – våren 2004.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag
kl. 08.00	<i>Sørsamisk dominert tid i Savka</i>		<i>Sørsamisk-dominert opplegg i derhviegåetie heile dagen</i>	<i>Sørsamisk dominert tid i Savka</i>
kl. 11.00	Felles lunsj (sørsamisk og norsk)			Felles lunsj (sørsamisk og norsk)
	Norskdominert felles tid ute			Norskdominert felles tid ute
kl. 14.00	Felles måltid (sørsamisk og norsk)			Felles måltid (sørsamisk og norsk)
kl. 15.30	Norskdominert felles tid ute			Norskdominert felles tid ute

Når det i Figur 11 står ”sørsamiskdominert tid”, betyr det at borna som var med i språkmotiveringsprosjektet anten var for seg sjølve i lag med samiskspråklege vaksne i Savka (måndag, tysdag og torsdag), eller at dei var for seg sjølve i lag med samiskspråklege vaksne ved derhviegåetie på Valdalsfjellet (heile onsdag). Fredag er ikkje med i Figur 11, fordi borna den dagen ikkje var i barnehagen.

Figuren viser fordelinga berre fram til og med våren 2004, fordi barnehagen vart nedlagd hausten 2004.

Figur 11 viser at barnehagen ved Elgå oppvekstsenter i åra 2002–2004 hadde eit sørsamiskspråkleg tilbod på 14 veketimar for borna i språkmotiveringsprosjektet. Når desse timane er kalla ”samiskdominerte”, betyr det at det i desse timane vart snakka berre sørsamisk til borna, men det kunne likevel variere ein del kor mykje borna sjølve brukte språket.

I tillegg til desse 14 timane vart sørsamisk brukt ved sida av norsk ved fellesmåltida på oppvekstsenteret. Ofte var sørsamiskspråklege vaksne til stades og snakka sørsamisk også i den tida som i tabellen er rubrisert som ”norskdominert” tid. Men i denne tida vart borna like gjerne snakka til på norsk av det norske personalet<sup>39</sup>, og det sørsamisktalande personalet snakka da norsk til dei barnehageborna som ikkje var med i språkmotiveringsprosjektet.

## 4.2 Skulen

Elgå oppvekstsenter inneheldt barnehage, skulefritidsordning og barneskule. Etter kvart som prosjektet gjekk over frå barnehagen til barneskulen, måtte ein finne ein måte å organisere den tospråklege opplæringa på også der.

### 4.2.1 Sterke og svake tospråklege opplæringsmodellar

Colin Baker har laga ein typologi for dei forskjellige tospråklege opplæringsmodellane som er i bruk rundt om i verda<sup>40</sup>. Baker deler dei inn i to typar – svake modellar og sterke modellar.

Det er særleg målet med opplæringa og spørsmålet om kva språk som blir brukt som kommunikasjonsspråk i klasserommet, som avgjer om ein modell er veik eller sterk etter Baker sin typologi. Dersom målet med opplæringa er tospråklegheit, munnleg og skriftleg, og dersom to språk blir brukte aktivt og medvite i opplæringa også i andre fag enn språkfaga, da vil Baker klassifisere opplæringa som ei sterk tospråkleg opplæring. Dersom målspråket blir brukt berre i språktimane, og målet med opplæringa berre er avgrensa kunnskap i dette språket, da vil Baker kalle modellen ein veik tospråkleg modell.

Sterke modellar for tospråkleg opplæring vil vera nødvendige for at elevane skal bli aktive brukarar av minoritetsspråket. Veike modellar vil vera mindre effektive her. Baker systematiserer modellane sine slik som vist i figurane 12 og 13 nedanfor. Figur 12 syner veike modellar, medan Figur 13 syner sterke.

---

39. Elgå ligg like ved riksgrensa mellom Noreg og Sverige, og fleire av dei tilsette er svensk-språklege. Borna kan ha svenskspråklege foreldre osv. I praksis vart det difor brukt ein heil del svensk i kvardagen ved oppvekstsenteret. Eg slår likevel saman svensk og norsk her, og kallar alt saman norsk. I møte med sørsamisk fungerer svensk og norsk likt.

40. Baker, Colin. 2001. *Foundations of Bilingual Education and Bilingualism*. Clevedon: Multilingual Matters.

**Figur 12**  
Svake former for tospråkleg opplæring<sup>41</sup>

<i>Programtype</i>	<i>Kategori av barn</i>	<i>Språket i klasserommet</i>	<i>Samfunns mål med opplæringa</i>	<i>Mål for det språklege resultatet</i>
Språkdrukning	Språkleg minoritet	Majoritets-språket	Assimilering	Einspråklegheit
Språkdrukning	Språkleg minoritet	Majoritets-språket med noko undervisning i det som 2. språk	Assimilering	Einspråklegheit
Segresjon	Språkleg minoritet	Minoritets-språket (ikkje høve til å velja)	Apartheid	Einspråklegheit
Overgangsmodell	Språkleg minoritet	Minoritets-språket til å begynne med, så over til majoritets-språket	Assimilering	Relativ einspråklegheit
Vanleg majoritets-opplæring med majoritetsspråk	Språkleg majoritet	Majoritets-språket, men med minoritets-språket som fag	Ein viss språkleg riktom	Avgrensa tospråklegheit

I kapittel 3.1 ovanfor gjorde den samiske besteforeldregenerasjonen i Elgå greie for språktilhøva på skulen den gongen dei var born. Av det dei sa, ser vi at skulemodellen for sørsamiskspråklege born i 1930-åra i beste fall kunne kallast ein overgangsmodell, etter Baker sin typologi (i Figur 12 ovanfor).

Jennie Danielsen fortalde at den svenske ”nomadskolan” som ho gjekk på, kunne bruke samisk til ein viss grad dei første åra, men ikkje i storskulen<sup>42</sup>. Målet med å bruke sørsamisk var for å gjera overgangen til svensk litt lettare for borna. Dette er det Baker her kallar ein overgangsmodell.

41. Figurane 12 og 13 er henta frå boka Baker, Colin. 2001. *Foundations of Bilingual Education and Bilingualism*. Clevedon: Multilingual Matters. S. 194. Omsjetjinga til norsk er gjord av meg.

42. Sjå kapittel 3.1.1 ovanfor.

Men skulemodellen for dei sørsamiske borna kunne like gjerne vera ein språkdrukningmodell, slik den er skildra som første modell i Figur 12 ovanfor. Jonas Danielsen fortalde frå Sameskolen i Havika at majoritetsspråket norsk var det einaste tillatne språket i skuletida.<sup>43</sup> Dette var ein typisk språkdrukningmodell.

Målet med både overgangsmodellen og språkdrukningmodellen var at borna skulle bli einspråklege i majoritetsspråket.

Den samisk foreldregenerasjonen i Elgå hadde derimot gått i ein skule som var positiv til sørsamisk og som hadde som målsetjing at elevane skulle lære språket<sup>44</sup>. Men sjølv den opplæringsmodellen som skulen følgde, vil etter Colin Baker sin typologi likevel bli karakterisert som ein svak modell. Grunnen er at minoritetsspråket i foreldregenerasjonen si skuletid berre var eit fag, og ikkje samstundes opplæringspråk i andre emne.

Språkmotiveringsprosjektet ønskte å satse på ein *sterk* tospråkleg modell som kunne fremja bruken av sørsamisk blant borna og dermed gjera dei tospråklege. Baker skildrar dei sterke modellane slik som vist i Figur 13 under.

**Figur 13**

Sterke former for tospråkleg munnleg og skriftleg opplæring

<i>Programtype</i>	<i>Kategori av barn</i>	<i>Språket i klasserommet</i>	<i>Samfunns mål med opplæringa</i>	<i>Mål for det språklege resultatet</i>
Språkbad	Elevar som har majoritetsspråket som sitt sterkaste	To språk, med vekt på andrespråket	Pluralisme og språkleg rikdom	Munnleg og skriftleg tospråklegheit
Bevaringsmodell	Språkleg minoritet	To språk, med vekt på førstespråket	Bevaring, pluralisme og språkleg rikdom	Munnleg og skriftleg tospråklegheit
To-vegs modell	Blanda språkleg minoritet og majoritet	Både majoritets- og minoritetsspråket	Bevaring, pluralisme og språkleg rikdom	Munnleg og skriftleg tospråklegheit
Tospråkleg majoritetsmodell	Språkleg majoritet	To majoritetsspråk	Bevaring, pluralisme og språkleg rikdom	Munnleg og skriftleg tospråklegheit

43. Sjå kapittel 3.1.4 ovanfor.

44. Sjå kapittel 3.2.2 ovanfor.



Av modellane hos Baker valde språkmotiveringsprosjektet *språkbadsmodellen*, der minoritetsspråket dominerer i opplæringa for elevar som har majoritetsspråket som sitt sterkaste språk.

#### 4.2.2 Aktuell modell

I heile prosjektperioden var Læreplanverket frå 1997 gjeldande i norsk og samisk skule. Etter dette læreplanverket var det mogleg å velja samisk på tre ulike nivå i grunnskulen<sup>45</sup>. Av dei tre læreplanane i samisk var det berre den som heitte *samisk som førstespråk* som brukte å utløyse ein sterk tospråkleg opplæringsmodell i Baker si meining av termen.

I Engerdal kommune har det ikkje vore gjeve samiskopplæring etter den aller svakaste av dei tre samiske modellane. Kommunen gav frå 1997 opplæring i sørsamisk som andrespråk, seinare også som førstespråk.

I åra 1997 til 2005 fordelte elevane med samiskopplæring i kommunen seg på dei tre fagplanane slik som vist i Figur 16 nedanfor.

**Figur 14**

Elevar med sørsamisk i grunnskulen i Engerdal kommune 1997–2006<sup>46</sup>

Skuleår	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
1.språk	0	0	0	0	1	3	4	5	7
2.språk	2	3	3	3	3	4	4+1 <sup>47</sup>	0+5 <sup>48</sup>	
Språk og kultur	0	0	0	0	0	0	0	0	0
I alt	2	3	3	3	4	8	9	10	7

Av Figur 14 ser vi det vart gjeve opplæring i sørsamisk som fag i Engerdal i fleire år før språkmotiveringsprosjektet kom i gang. Av figuren ser vi òg at opplæringa i samisk som førstespråk (og dermed bruk av sterk tospråkleg modell) kom inn i skulen det året da prosjektet starta.


Merk: I denne samanhengen må ein skilja mellom det å ha sørsamisk som førstespråk på skulen, og det å ha sørsamisk som sitt første og sterkaste tale-

45. Kva dei tre nivåa gjekk ut på, er det gjort greie for i kapittel 1.2.3 ovanfor.

46. Fram til år 2000 er opplysningane gjevne av tidlegare rektor ved Elgå oppvekstsenter, Eva Kari Røsten. Etter 2000 er opplysningane henta frå Grunnskolen sin informasjonssystem: <http://www.wis.no/gsi/>

47. 4 barneskuleelevar og 1 ungdomsskuleelev.

48. Ingen barneskuleelev og 5 ungdomsskuleelevar.



**Figur 15.** Organisering av skulen

Romma på skulen er alt for ofte tradisjonelt organiserte med pultar i rette rekkjer og ein dominerande lærar oppe ved tavla. Bildet viser to jenter frå språkmotiveringsprosjektet som vender ryggen til dette og går ut. Borna i språkmotiveringsprosjektet var mykje ute. (Emmi Alette Danielsen har laga bildet.)



**Figur 16.** Derhvie-gåetie

Gamma på Valdalsfjellet hadde ein viktig plass i språkmotiveringsprosjektet. Bildet viser to jenter på kvar si side av gamma. Begge smiler i vårsola. (Malena Danielsen har laga bildet.)

språk. Termen *samisk som førstespråk* er her brukt som term for den opplæringsmodellen som vart følgd.

Etter å ha valt sørsamisk som førstespråk som opplæringsmodell for dei borna som gjekk frå barnehagen og over i skulen, vart utfordringa å gje sørsamisk språk så stort rom som mogleg i opplæringa.

### 4.3 Prosjektleiinga

Det var nedsett eit styre for prosjektet, oppnemnt av Sametinget og Engerdal kommune. Kommunen hadde to representantar, éin frå politikarane og éin frå administrasjonen. Sametinget hadde tre representantar, éin frå sametingsadministrasjonen, éin sørsamisk filolog, og éin pedagog. Representanten frå sametingsadministrasjonen var styreleiar.

I styret var fire kvinner og éin mann.

Den daglege leiaren av prosjektet var saksbehandlar for styremøta. I tillegg til dei faste medlemmene i styret, møtte rektor ved Elgå oppvekstsenter som observatør. Som observatør kunne også den faglege rettleiaren møte. Rektor og fagleg rettleiar hadde da talerett, men ikkje røysterett.

Styret tok opp saker som hadde med økonomi å gjera, drøfta endringar i planar for prosjektet og diskuterte elles både faglege og praktiske spørsmål som oppstod undervegs.

Styret og Sametinget fekk årlege skriftlege of detaljerte rapportar om aktiviteten i prosjektet. Prosjektleiaren skreiv desse rapportane. Styret følgde òg med i den språklege utviklinga hos barna som gruppe, og bad om både munnlege og skriftlege orienteringar om korleis det gjekk med språket. Den faglege rettleiaren stod for desse orienteringane.

Dei same personane sat i styret i heile perioden. Det var i heile denne tida ingen alvorlege motsetnader mellom styret og dei som arbeidde i prosjektet, heller ikkje mellom styret og foreldra.<sup>49</sup>

### 4.4 Oppsummering av organiseringa

Leiinga av språkmotiveringsprosjektet vart organisert med ei klår funksjons- og ansvarsfordeling mellom dei som var med.

---

49. I kap. 10.3.3 blir det summert opp korleis styret ved slutten av funksjonstida sjølv vurderte arbeidet sitt.

Språkmotiveringsprosjektet vart i barnehagen organisert ut frå tanken om at borna skulle lære sørsamisk gjennom naturleg og dagleg bruk av språket. Ved å leggje stor vekt på samfunnet i kring barnehagen og på at borna skulle møte eldre kulturberarar og sørsamiske morsmålstalarar, knytte prosjektet seg til ein internasjonal tendens i formidlinga av urfolksspråk. Modellen for barnehagen vart ein tilnærma språkreirmodell.

Fagleg sett hadde det vore ønskeleg med eit språkreir som var eit *fullstendig* språkbud, at borna berre skulle høyre sørsamisk medan dei var i barnehagen. Sidan dette var umogleg å få til, vart modellen i staden språkreir med *delvis* språkbud, der borna høyrde berre sørsamisk i visse tider på dagen, og sørsamisk heile dagen på onsdagane. Andre tider var språket norsk, eller norsk og sørsamisk.

I barneskulen ønskte prosjektleiinga at borna skulle følgje ein sterk tospråkleg modell (i Colin Baker si meining av ”sterk”). På den tida språkmotiveringsprosjektet var i gang, var det tre ulike fagplanar i samisk å velja mellom. Berre fagplanen *Samisk som førstespråk* kunne sikre ein sterk tospråkleg modell. Denne fagplanen vart da vald, og etter kvart som borna begynte på skulen, fekk dei opplæring ikkje berre *i* sørsamisk, men òg *på* sørsamisk i ei rekkje fag.

Språkmotiveringsprosjektet sitt val av modellar førte til at Elgå oppvekstsenter i prosjektperioden var den barnehagen og skulen i verda der sørsamisk vart mest brukt<sup>50</sup>.

---

50. Dette stemmer iallfall når det gjeld skule-delen av prosjektet. For den første tida stemmer det òg for barnehagen. I løpet av prosjektida vart det oppretta ein sørsamiskspråkleg barnehage også i Snåsa. Dermed vart det *to* slike barnehagar.

## 5 Aktivitetar i barnehage og skule

”No lærer skuleborna å skjera skohøy og alt slikt som vi *ikkje* skulle gjera på skulen.”  
(Gunnhild Andersson i intervju, juni 2006)

Det var ein føresetnad både i søknaden frå Elgå oppvekstsenter og i den generelle prosjektskilddinga frå Sametinget at barnehagen og skulen først og fremst skulle formidle sørsamisk språk gjennom dagleg bruk.<sup>51</sup> Språket skulle vera meir ein reiskap enn eit tema.

Søknaden føresette òg at opplæringa og aktivitetane skulle ha eit samisk *innhald*.

Kapittel 5 tek opp korleis desse to målsetjingane om bruken av samisk språk og om samisk innhald vart sette ut i livet i barnehage- og skulekvardagen.

### 5.1 Aktivitetar i barnehagen

I kapittel 4.1.2 ovanfor er det gjort greie for kvifor dei tilsette i språkmotiveringsprosjektet ikkje kunne bruke sørsamisk heile tida i barnehagen, sjølv om ein slik praksis hadde vore ønskeleg for språktileigninga si skuld. Prosjektmedarbeidarane møtte denne situasjonen ved å tenkje i språklege domene. Språka sørsamisk og norsk skulle dele domena mellom seg. I Figur 11 i kapittel 4.1.2 ovanfor har vi allereie vist korleis dei to språka vart fordelte i *tid* i barnehagekvardagen.

#### 5.1.1 Sørsamiskspråklege domene

Prosjektmedarbeidarane måtte på førehand tenkje ut korleis sørsamisk skulle sikrast flest mogleg domene innanfor dei rammene som fanst. Slike domene kunne bestemmast ut frå tid, som vist i Figur 11 ovanfor. Dei sørsamiskspråklege vaksne kunne da til dømes konsekvent bruke sørsamisk på føremiddag.

Domene kunne òg vera ”geografiske”. Alle skulle da snakke sørsamisk når dei var i eit bestemt rom på oppvekstsenteret. Eit stort, lyst rom vart valt ut til å vera samisk rom, og det fekk namnet Savka<sup>52</sup>.

51. Sjå kapittel 2.1 ovanfor.

52. Dette rommet er skildra i kapittel 9.1 nedanfor.

På Valdalsfjellet fanst det frå før av ei stor og ny torvgamme, derhvie-gåetie. Denne gamma fekk barnehagen disponere, og dei borna som var med i språkmotiveringsprosjektet, oppheldt seg heile onsdagane ute i området rundt gamma. Dette gjorde dei kvar onsdag året rundt. Området ved derhvie-gåetie vart definert som eit sørsamiskspråkleg geografisk domene.

Eit sørsamiskspråkleg domene kunne òg vera ein viss aktivitet eller eit dagleg gjeremål. Til dømes ønskte prosjektet at måltida skulle vera sørsamiskspråklege, så langt som det let seg gjera. Samtidig var det eit ønske frå leiinga ved oppvekstsenteret om at måltida ved skulle vera felles for alle borna – om dei no var med i prosjektet eller ikkje. Desse to motstridande ønska (felles måltid og sørsamiskspråkleg måltid) prøvde ein å sameine på forskjellige kreative måtar. Dei sørsamisktalande vaksne kunne spreie seg på ein bestemt måte kring bordet. Ein kunne òg ha fleire bord. Dei borna og tilsette ved oppvekstsenteret som ikkje var med i prosjektet, kunne òg synge bordverset og bruke sentrale ”måltidsord” på sørsamisk, som ”mjølk”, ”brød”, ”takk for maten” og liknande.

Sørsamisk språk vart òg knytt til visse personar. Dei som var tilsette i språkmotiveringsprosjektet, skulle vera sørsamiske språkformidlarar og samtalepartnarar for borna. Det vart venta at borna brukte sørsamisk når dei snakka med desse.

Denne tenkinga i domene kom til å strukturere bruken av sørsamisk og knyte språket til visse aktivitetar, stader og personar.

Fordelen med domenetenkinga var at ein på førehand hadde bestemt seg for korleis språka skulle fordelast, og at borna på den måten vart fortrulege med at det var dette som *var* fordelinga. Dei fann det da naturleg å bruke sørsamisk med visse personar, på visse område, i visse situasjonar eller om særskilte emne.

På éin måte var oppdelinga i ulike språkdomene i barnehagen meir krevjande enn om heile barnehagen hadde vore eitt sørsamiskspråkleg domene. Viss heile barnehagen hadde vore eitt domene, ville alle ha snakka sørsamisk på sitt nivå med alle over alt og heile tida. Ein ville da ha unngått vidare forhandlingar om språkfordelinga. Oppdelinga i domene kunne gjera det vanskeleg å halde dei norskspråklege og sørsamiskspråklege domena frå kvarandre. Det oppstod tvilstilfelle. Da kunne det bli forhandlingar mellom vaksne og born, om heilt nøyaktig kvar og når det skulle snakkast sørsamisk og kvar og når det skulle snakkast norsk.

Når begynner og sluttar eigentleg måltidet? Er det å ta av bordet ein del av måltidet? Kva område er det eigentleg som er ”ved gamma”? Kva viss du er på eit sørsamiskspråkleg domene og skal snakke i mobiltelefonen med ein person som ikkje forstår samisk? Må du da forlate domenet? Kva viss det er nokon

utanforståande til stades som ikkje kan sørsamisk? Kva viss det oppstår ein situasjon der det er svært viktig at ei melding blir forstått heilt rett? Kva viss du er innom det sørsamiske rommet Savka berre ein snartur for å hente noko, må du da òg snakke sørsamisk? Og vidare: Er dei sørsamiskspråklege domena å forstå slik at det *ikkje* skal snakkast sørsamisk utanfor?

Dette er på ingen måte uløselege spørsmål, men det er likevel spørsmål som kan vera slitsame i lengda fordi det ofte oppstår nye situasjonar som ein må ta stilling til.

### 5.1.2 Samiske aktivitetar

Det vart tidleg gjort klart at språkmotiveringsprosjektet skulle ha eit sørsamisk innhald, ikkje berre vera konsentrert om språk isolert frå kultur og samfunn.

I prosjektperioden vart det da viktig å avklare kva ein meinte med ”samisk innhald”. Var samisk innhald *alt* som vedrørte dagens samiske liv og levemåte, eller var det først og fremst slikt som var annleis enn eit norsk og eit svensk innhald? Det var òg eit spørsmål om kor stor vekt ein skulle leggje på tilhøva før og tilhøva no. Kor stor vekt skulle ein leggje på det tradisjonelle samiske livet i høve til dagens moderne samiske liv? Og kva var det med det samiske livet ein først og fremst ønskte å formidle?

Desse spørsmåla var det kanskje lettare å finne gode svar på ved Elgå oppvekstsenter enn dei ville ha vore mange andre stader i Sápmi. Det samiske miljøet i Svahken sijte er så klart eit einskapleg reindrifsmiljø. Samisk kultur, tradisjon og identitet er her nært knytte til reindrifta. Fedrane til alle dei borna som var med heile prosjektperioden, arbeidde i reindrifta. I Elgå var det difor naturleg å knyte det samiske innhaldet til reindrifsnæringa. Det ville i praksis seia at ei rekkje aktivitetar i barnehagen direkte skulle ha å gjera med årsrytmen i reindrifta. I praksis kunne dette gjelde aktivitetar i samband med kalvemering, reinskiljing og slakting. Men også aktivitetar som det å laga visse sortar mat, arbeide med skinn og skjera skohøy er direkte knytte til årssyklusen i det tradisjonelle reindrifslivet.

Som tidlegare nemnt, fekk språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter disponere ei nybygd sørsamisk gamle på Valdalsfjellet. Ved denne gamma hadde prosjektet fast bål plass, og borna rente på ski og akte på reinskinn der, laga mat, henta ved og alt slikt som høyrde med i det tradisjonelle reindrifslivet. Samtidig som dette var tradisjonell kunnskap, er det også nyttig kunnskap i dag. Alle desse aktivitetane vart nært knytte til sørsamisk språk, i og med at språket heile tida vart brukt i desse situasjonane.

Ein del av den tradisjonelle samiske kunnskapen vart òg overført utan ord – ved at borna regelmessig opplevde at ting vart gjorde av nokon som *kunne* gjera dei. Som døme på slik kunnskapsoverføring kan nemnast at Krihke kvar

onsdag gjorde opp ild ute ved gamma. Dette gjorde ho både i regn om hausten og i kulde om vinteren. Både borna (og eg når eg var der) kunne sjå handlaget og legge merke til kor stutt tid det gjekk frå Krihke samla saman veden og til vatnet kokte. Dei borna som ville, fekk sjølve lov til å tenne bålet. Dette var òg samisk kunnskapsformidling.

Den tradisjonelle kunnskapen blir ikkje formidla like sjølvstøtt i familiane no som før<sup>53</sup>, og institusjonar som skule og barnehage har vanlegvis ikkje formidla tradisjonell folkeleg kunnskap. Gunnhild Andersson, som deltok som både språk- og kulturformidlar i språkmotiveringsprosjektet, sa det slik i juni 2006: "No lærer skuleborna å skjera skohøy og alt slikt som vi *ikkje* skulle gjera på skulen".

Samtidig med at språkmotiveringsprosjektet inneheldt tradisjonelle aktivitetar, hadde ein òg aktivitetar knytte til det moderne samiske livet. Det kunne til dømes vera bruk av samiske CD-ar og filmar, feiring av den samiske nasjonaldagen og eigenpresentasjonar med song og skodespel for samiske politikarar og norske departementsfolk.

Andre aktivitetar kunne høyre det moderne samiske livet til og samtidig vera felles for dei fleste i den rike vestlege verda. Slike aktivitetar blir gjerne ikkje markerte som samiske. Det kan vera alt frå dataspel til pynting av juletre.

I året 2001–02 var språkmotiveringsprosjektet enno eit 100 % barnehageprosjekt. Eg har gått gjennom alle dei tema som prosjektet tok opp det året og sortert dei i tre ulike grupper. Dei tre gruppene er: 1) tradisjonelle samiske aktivitetar 2) nye samiske aktivitetar 3) aktivitetar som ikkje var spesielt markerte som samiske.

Figur 17 nedanfor viser konkret kva for aktivitetar dette galdt:

**Figur 17**

Aktivitetar i språkmotiveringsprosjektet i barnehagen ved Elgå oppvekstsenter i skuleåret 2001/02. Gruppert etter kulturell tilknytning

Tradisjonelle samiske aktivitetar	Nye samiske aktivitetar	Ikkje spesielt markerte samiske aktivitetar
Kaste lasso	Syngje i kyrkja i samband med besøk frå Samisk kyrkjeråd	Bli-kjent dag på Elgå oppvekstsenter
Plukke blåbær	Stille opp for opptak av NRK	Skrive og tegne til skuleavis

53. Jfr. intervjuet med foreldra i kap. 3.2.3, der fedrane fortel at borna no må nå ein viss alder før dei kan vera med i arbeidet på fjellet.



Reinske og sylte blåbær	Laga malar til figurar som skulle vera på gardinene i det samiske rommet på oppvekstsenteret	Laga julepynt og pynte juletreet
Baka gaahkoe	Laga trolldeigfigurar, slakting og skiljing	Baka lusekattar
Skjera skohøy	Laga bokmerke av barka reinskinn og perler	Lucia-fest
Gå på tyttebærtur	Laga gamme av peparkakedeig	Øve til juletefest
Hogge og barke selje	Delta i lysmesse, der også samiske songar er med	Les a juleeventyr
Koke reinklauvar, laga dei til og eta	Sjå på videofilm frå den lokale juletefesten med samisk og norsk innhald	Sjå på film om Ole Brumm
Koke lykkebein	Øve på "samefolkets song" på sørsamisk	Ha grautfest
Samle lav	Syngje på sørsamisk om dei ymse kroppsdelane	Teikne kroppen og snakke om han
Samle materiale til telt-gamme, barka av stengene	Feire 6. februar med flagg-heising, diktlesing og mat	Få presentert kunst frå Asia
Setja opp låavtgætie	Baka til besøk som skulle komma frå Sametinget og utdanningskontoret i fylket	Snakke om Astrid Lindgren
Skiljing og slakting av rein i Dalsvika	Drama med Sig-Britt Persson	Baka bollar til karneval
Arbeide med reinblod	Ta mot besøk frå Sameetinget. Borna skal syngje.	Arrangere karneval
Saume samiske dokkelede	Laga garasje i snøen	Måle og teikne påskemotiv
Koke kjøt	Lære salme på sørsamisk	Laka påskekjuklingar
Lære om reinskinnet	Ta imot besøk frå ein annan skule, eigenpresentasjon	Bibelhistorie
Leike (simle, kalv, elg, hund og ulv)	Laga is-skulpturar	Påskeevangeliet
Garve skinn (første del av prosessen)	Laga dyrespor i trolldeig	Påskeskirenn og påskekjerring

Lære ei gammal sørsamisk regle	Drama på Valdalsfjellet	Teikne og lime
Renne på ski	Arrangere pizzarestaurant der det berre er lov å snakke italiensk og sørsamisk	17. mai-feiring
Lære om snøen. Studere snøen.	Prate og syngje om det ein har sett på Valdalsfjellet (m.a. ei firfisle). Sjå på fotografi frå turen	
Koke bark til barking av skinn	Gå på butikken og handle etter beskjedar på sørsamisk	
Studere harespor	Leike i teltgamma som stod inne i rommet Savka	
Grøvelfjelltur med ski	Øve på songar som skal framførast på eit samisk seminar	
Lære om dyr og dyrespor	Stofftrykk	
Leike på sørsamisk at ein lagar gjerde og samlar flokken	Leså sørsamiske bøker	
Køyre med rein	Fotografere eit bestemt myrområde som skal studerast	
Tvinne reimer	Vera med vaksne seminardeltakarar for å sjå på samiske kulturminne	
Laga armband	Natursti	
Lære hornsløyd, laga nøkkelring og smykke		
På skitur med Krihke i området ved Valdalsfjellet		
Sjå på gamle dyregraver i Gutu		
Lære om veret		
Skjera ulike reinmerke i never (og appelsinskal).		
Lære om gamle kåteplassar		

Følgje med over tid korleis det veks i eit bestemt myrområde		
Tur til Idrefjellet med bading		


Språkmotiveringsprosjektet delte ikkje inn aktivitetane på den måten som eg har gjort her. Oppdelinga i Figur 17 er gjort av meg i ettertid på grunnlag av temaplanen for 2001/2002. Fleire aktivitetar som er plasserte i ulike kolonnar i Figur 17, kunne i praksis vera ein del av det same opplegget i barnehagen.

Vi ser av Figur 17 at språkmotiveringsprosjektet la særleg vekt på å formidle tradisjonelle samiske aktivitetar. Desse aktivitetane var flest i tal, men dei dominerte enda meir om ein reknar i brukte timar. Minst plass innanfor prosjektet fekk dei umarkerte aktivitetane. Når nokre aktivitetar er rekna som "umarkerte" i Figur 17, betyr ikkje dette at dei er "nøytrale". Korkje karneval eller 17. mai-feiring er kulturelt nøytrale, men poenget er at dei ikkje kan markerast som spesielt samiske aktivitetar.



**Figur 18.** Pause i arbeidet

Dagane ved gamma på Valdalsfjellet kunne vera hektiske og fulle av program. Bildet viser Tijmie som tek seg ein velfortent pause for seg sjølv ved bålet. Gamma i bakgrunnen. (Timmi Andreas Danielsen har laga bildet.)



**Figur 19.** Tradisjonell eller moderne?  
Bestemor sparkar fotball i Elgå. (Timmi Andreas Danielsen har laga bildet.)

Fordelinga mellom dei tre typane aktivitetar innanfor språkmotiveringsprosjektet er uttrykk for eit medvite val.

## 5.2 Skulen

Da prosjektet begynte, var det eit reint barnehageprosjekt. Siste prosjektåret (skuleåret 2005/06) var barnehagen i Elgå nedlagd. Alle borna bortsett frå éi, var da begynte på skulen, og heile prosjektet hadde vorte eit skuleprosjekt.

Spørsmålet om fordeling av språka i kvardagen var like aktuelt i skulen i 2005/06 som det var i barnehagen i 2001/02. Men spørsmålet om *innhald* vart eit anna i skulen. Skulen har sentralgjevne planar som gjev mindre rom for lokal utforming av innhaldet enn det som er tilfellet i barnehagen. Di høgre opp i skuleklassane borna kjem, di mindre slikt rom er det.

### 5.2.1 Sørsamiskspråklege domene

Prosjektmedarbeidarane tenkte i språklege domene også i skulen, slik dei hadde gjort i barnehagen. Rommet Savka<sup>54</sup> og torvgamma vart sørsamiskspråklege domene også for skuleborna. I tillegg vart eit ordinært klasserom òg gjort om til eit sørsamisk domene. Dette rommet vart kalla Viskes tjehtjele.

Ute i skulegarden innførte språkmotiveringsprosjektet aldri spesielle språkdomene. Det førte i praksis til at norsk språk dominerte i friminutta.

Det nye med skulesituasjonen i høve til barnehagen, var at ein no måtte sikre opplæring innanfor definerte fag. Eitt av delmåla for språkmotiveringsprosjektet i barnehagen var at barnehageborna skulle kunna så mykje sørsamisk når dei begynte på skulen, at dei kunne ta i mot undervisning på sørsamisk i ulike fag. Dette målet vart nådd, og det vart bestemt at dei borna som hadde delteke i prosjektet i barnehagen, seinare skulle få tilbod om opplæring på sørsamisk i skulen.

I skulen er det gjerne slik at ulike lærarar har ansvar for ulike fag. Ikkje alle tilgjengelege lærarar kunne undervise på sørsamisk. Det var heller ikkje mogleg med full gruppedeling heile skuletida.<sup>55</sup> Her måtte prosjektet planleggje kor mykje det var mogleg å bruke sørsamisk i skulen i Elgå. I praksis vart fordelinga slik at opplæringa vart gjeven på norsk i faga norsk og engelsk, og delvis i musikk og religion. I alle andre fag brukte lærarane sørsamisk.

I tillegg til fagopplæring hadde skulen òg fellesaktivitetar som turar, besøk og symjing. Innanfor desse fellesaktivitetane kom norsk språk til å dominere.

Borna vart ikkje tvinga til å bruke sørsamisk på dei sørsamiskspråklege domena, men dei vaksne brukte språket der, og borna vart oppmuntra til å gjera det same. Det kunne svinge litt kor mykje sørsamisk skuleborna brukte på dei definerte sørsamiske domena, men prosjektmedarbeidarane registrerte ein stabil *auke* i bruken av sørsamisk det siste prosjektåret.<sup>56</sup>

54. Om dette rommet sjå kap. 9.1.

55. Om ei slik gruppedeling var *ønskeleg*, kan vera emne for diskusjon.

56. I ei upublisert pedagogikkoppgåve, levert ved Høgskolen i Hedmark våren 2006, gjer Elin Fjellheim og Christine Rensberg greie for bruken av samisk og norsk på dei ulike domena ved Elgå oppvekstsenter. Opplysningane ovanfor finst i denne oppgåva. Sjå Fjellheim, Elin og Rensberg, Christine. 2006. *Saemesth mannine! Tilpasset opplæring i et sørsamisk perspektiv*. Hamar: Høgskolen i Hedmark.

## 5.2.2 Samiske aktivitetar

I skulen blir innhaldet i faga i stor grad bestemt av sentralgjevne fagplanar. I Noreg finst det to læreplanverk å velja mellom, eit norsk og eit samisk. Elevane frå språkmotiveringsprosjektet følgde det samiske læreplanverket. Fram til prosjektslutt våren 2006 ville det seia at elevane følgde det samiske læreplanverket frå 1997. Innhaldet i faga er skildra i dette læreplanverket, og eg skal ikkje bruke plass på å presentere det her.<sup>57</sup>

Mange av konkretiseringane, eller tilpassingane, av det samiske faginnhaldet ved skulen i Elgå kunne vera framhald av aktivitetar frå barnehagedelen, sjå Figur 17 ovanfor. Di høgre opp i årskulla borna kom, di mindre rom gav læreplanane for lokale tilpassingar.

## 5.2.3 Konkrete røynsler frå skulen<sup>58</sup>

Christine Rensberg og Elin Fjellheim, som begge var sentrale i arbeidet med skuledelen av prosjektet, summerte våren 2006 opp røynsler frå språkformidlinga i skuledelen av prosjektet. I denne oppsummeringa nemner dei følgjande aktivitetar som viktige:

- *Aktiv kommunikasjon.* Den viktigaste språkformidlinga skjedde ved at lærarane snakka med borna på sørsamisk. Det var da venta at borna også skulle svara på sørsamisk, og lærarane fann ymse måtar å oppfordre dei til dette på. Noko av det som fungerte her, var å plassere eit samisk bordflagg mellom lærar og elev(ar). Dette var eit teikn på at samtalen no var på sørsamisk, og borna prøvde å halde seg til det. Borna har følt dette som trygge situasjonar, og desse stundene har gradvis vorte lengre.

Kommunikasjonen med læraren vart ekstra viktig for språklæringa, fordi det fanst så få læremiddel på sørsamisk. Mykje vart da avhengig av om det fanst sørsamiskspråklege personar tilgjengelege for eleven.

- *Kjende situasjonar, populære spel og stasjonslæring.* Delvis arbeidde ein i skulen med konkrete arbeidsoppgåver som var kjende frå til dømes barnehagetida. Slik vart trygge og kjende situasjonar skapte.


Ein la òg vekt på å spela populære spel på sørsamisk, gjerne slik at borna sjølve fekk velja spel.

Og ein nytta seg av stasjonslæring, der borna gjekk frå post til post og fekk trene seg på sørsamisk munnleg.

- *Arbeid i samband med reindriftsåret.* Reindriftsåret gjekk som ein raud tråd gjennom barnehagedelen av prosjektet, og det var delvis ein ordnande

57. Sjå: Gonagaslaš girko-, oahpahus- ja dutkandepartementa. 1997. *10-jagi vuoddoskuvlla sámii oahppoplánat*. Oslo.

58. Kapittel 5.2.3 byggjer direkte på Fjellheim, Elin og Rensberg, Christine. 2006. *Saemesth man-nine! Tilpasset opplæring i et sørsamisk perspektiv*. Hamar: Høgskolen i Hedmark. S.26–29.



Figur 20. Dramatikk på Valdalsfjellet

Vi ser her den mest dramatiske situasjonen i heile prosjektperioden. Ungane har bunde fast Krihke til ei furu, og ho kjem seg ikkje laus. Ho ropar på hjelp, men det nyttar ikkje. (Ailin Maria Danielsen har laga bildet.)

faktor også i skuledelen. Det var særleg i arbeid knytt til reindriftsåret at prosjektet tok inn eldre språk- og kulturberarar frå nærområdet som ressurspersonar.

- *Kontakt med andre sørsamar.* Prosjektet arrangerte òg nye språkbadsituasjonar der sørsamiskspråklege born andre stader frå kom til Elgå oppvekst-

senter og var ressurspersonar. Elles hospiterte dei skuleborna som var med i prosjektet, ved Sameskulen i Snåsa to veker i året. I tillegg deltok borna frå Elgå oppvekstsenter på samlingar med andre skular i det sørlegaste sørsamiske området, både på svensk og norsk side av grensa.

Christine Rensberg og Elin Fjellheim seier vidare at dei aktivitetane som er nemnde ovanfor, såg ut til å fremja den sørsamiske språkutviklinga hos borna. Dei peikar på fem moment som positive ved aktivitetane:

- *Gjentaking*. Aktivitetane inneheldt mykje språkleg gjentaking og repetisjon.
- *Tryggleik*. Dei sørsamiskspråklege situasjonane var trygge og kjende.
- *Positiv stimulering*. Borna vart stimulerte til å snakke sørsamisk, og kunne bli styrkte i trua på at det faktisk går an å gjera seg forstått på språket. Dei vart ikkje tvinga til å snakke.
- *Møte med andre*. Borna i prosjektet møtte andre sørsamiskspråklege, både eldre og yngre personar. Og dei møtte andre born som dreiv og lærte seg sørsamisk.
- *Status*. Fleire av aktivitetane skulle vera med på å heve statusen for språket og utvide domenet for det.

Rensberg og Fjellheim dreg fram eitt vellykka opplegg dei gjennomførte, der ein sameinte fleire av dei momenta som er nemnde her. Under eit opphald på Sameskulen i Snåsa gjennomførte dei to undervisning i Elgå via lyd og bildestudio. Dette var ei hending som heile skulen var interessert i og delvis var med på. Det samiske kom i fokus på ein positiv måte via eit moderne medium i ein trygg situasjon. Dei opplevde at borna da ytte ekstra i ein slik situasjon. Hendinga vart òg opplevd som statushevande for språket.

### 5.3 Oppsummering av aktivitetane

Medarbeidarane i språkmotiveringsprosjektet måtte gjera medvitne val om kor mykje sørsamisk som skulle brukast innanfor dei gjevne rammene, og dei måtte velja kva aktivitetar som skulle prege barnehagekvardagen for borna. Skulekvardagen var ein god del meir bunden av sentralgjevne planar enn det barnehagekvardagen var.

Prosjektet valde å bruke så mykje sørsamisk språk som mogleg. Grunngevinga for dette var at når norsk dominerte så mykje som det gjorde utanfor oppvekstsenteret, måtte sørsamisk ha ein så stor plass som mogleg innanfor oppvekstsenteret dersom borna skulle bli tospråklege. Dette vart utgangspunktet for planlegginga av aktivitetar. Det som likevel kom til å avgrense bruken av sørsamisk, var tilgangen på sørsamiskspråklege medarbeidarar og kva høve ein hadde til gruppedelingar på ein så liten barnehage og skule som Elgå oppvekstsenter.





**Figur 21.** Sørsamiske songar på Valdalsfjellet  
 Bildet viser to som er ute i finveret. Dei syng på sørsamisk og har det artig. (Timmi Andreas Danielsen har laga bildet.)

Vidare valde prosjektet å ha ein tydeleg *samisk kulturell profil* på aktivitetane sine. Ein ville ikkje skilja språkformidling frå kulturformidling. I Elgå var det naturleg at ein samisk profil vart ein reindriftssamisk profil. Innanfor den reindriftssamiske kulturen valde ein å leggje relativt stor vekt på tradisjonelle aktivitetar som følgde arbeidsåret innanfor næringa. Grunngevinga for dette var at den tradisjonelle kunnskapen i dag kan vera truga dersom ikkje nokon tek ansvar for å formidle han vidare til borna<sup>59</sup>.

Fordelen med det kulturelle valet var at borna da fekk formidla noko som kjendest heilskapleg og ekte, og som foreldre og besteforeldre også var engasjerte i. Dette gjorde samarbeidet med lokalmiljøet lettare, samtidig som språket gjekk inn som ein del av noko større. Ei negativ side ved det valet som vart gjort, kunne vera at sørsamisk språk på denne måten i for stor grad vart knytt til fortida og det som hadde vore.

I skulen vart sørsamisk brukt som opplæringspråk i *dei fleste* faga. Det var meininga at borna på denne måten skulle utvide det sørsamiske ordforrådet sitt og finne det naturleg å bruke sørsamisk også i faglege samanhengar.

Prosjektet la stor vekt på at borna skulle kjenne seg trygge, og borna vart positivt stimulerte, ikkje tvinga, til å snakke sørsamisk.

59. I samisk samanheng har Erika Katjaana Satta teke spørsmålet omkring bruk av tradisjonell kultur i språkformidlinga, sjå masteravhandlinga Satta, Erika Katjaana. 2005. *Let the language grow in our children. Indigenous language revitalization : The cases of Inari Saami language and Rama language*. Tromsø: Universitetet i Tromsø.

## 6 Annan fagleg aktivitet

”Eg er kjend med prosjektet for opplæring i sørsamisk som førstespråk ved Elgå oppvekstsenter. Eg har sett på prosjektet med stor interesse, og har merkt meg at det er unikt når det gjeld minoritetsspråkopplæring og revitalisering av språk.”

(Kommunal- og regionalminister

Erna Solberg i spørjetimen i Stortinget 3. februar 2005)

Språkmotiveringsprosjektet sine faglege aktivitetar utanfor barnehagen og klasseromma kan delast i to. For det første ønskte ein å hente inn og gjera seg nytte av kunnskap både frå eige lokalsamfunn og frå fagmiljø andre stader, og for det andre ønskte ein å systematisere erfaringane frå prosjektet og gjera dei kjende for andre.

### 6.1 Lokale seminar, førelesingar og kurs

Ved Elgå oppvekstsenter vart det i prosjektperioden regelmessig halde seminar, kurs og førelesingar om språklege og språkpedagogiske emne. Til dette kunne ein bruke lokale krefter, eller ein kunne hente inn førelesarar utanfrå. Folk lokalt formidla kunnskap om sørsamisk språk og kultur, folk utanfrå om minoritetsspråk, språkpedagogikk og læremiddelutvikling.

Målgruppe for denne faglege aktiviteten var både det pedagogiske personalet og foreldra. Føremålet var å gjera personalet betre i stand til å forstå og takle dei utfordringane dei møtte i prosjektet. Vidare ønskte ein via slik aktivitet å dra foreldra enda meir med i arbeidet med språkformidlinga.

### 6.2 Formell kvalifisering

Ein del av medarbeidarane tok i prosjektperioden formell utdanning retta inn mot behov i språkmotiveringsprosjektet. Det galdt utdanning innanfor pedagogikk og sørsamisk språk. Dette var viktig for den faglege oppbygginga i Elgå, men det låg likevel utanfor rammene for sjølve prosjektet og vart finansiert på annan måte.

### 6.3 Studiereiser

Medarbeidarane var i prosjektperioden på ei rekkje studiereiser for å lære om språkformidling i praksis. Desse reisene var målretta og gjekk til stader der



Figur 22. Sørsamiske songar i Snåsa

Å synge på sørsamisk var ein fin måte å øve inn språket på. Her ser vi ungar frå Elgå synge ute i skogen under eit opphald ved Åarjel-saemien skulve i Snåsa. I framgrunnen ser vi Snåsavatnet. (Ailin Maria Danielsen og Marja Helene Fjellheim Mortensson har laga bildet.)

det var barnehagar som formidla truga språk, eller skular som gav opplæring i slike språk. Ein konsentrerte seg om barnehagar og skular som ein på førehand visste at hadde interessante resultat å vise til. Prosjektmedarbeidarane reiste ikkje til stader med ein språksituasjon som dei vurderte som vesentleg *annleis* enn den sørsamiske.

I Sápmi besøkte prosjektet fem barnehagar. Det var Varangerbotn og Seida i Aust-Finnmark, Drag i Tysfjord i Nordland<sup>60</sup>, og Gällivare i Norrbotten<sup>61</sup>. I alle desse fem barnehagane vart samisk brukt som daglegspråk, også overfor born med norsk eller svensk som heimespråk.

60. Om formidlinga av lulesamisk språk i barnehagen på Drag i Tysfjord, sjå Mikkelsen, Anne Kalstad. 1996. Vuotnagáttiid mánát. Sámegiela nannen mánáidgárdi bokte. – *Duostta hupmat. Gulahallanvuohki sámegieloahpahasas*. [Red.] Pope, Martin og Jon Todal. Guovdageaidnu: Sámi oahpahusráddi: S. 49–68.

61. Sjå Fjellheim, Elin. 2003. *Studiebesøk i Skierra førskola, Gällivare*. (Upublisert rapport) Elgå: Elgå oppvekstsenter.



Figur 23. Studietur 1

I prosjektperioden besøkte born frå Elgå oppvekstsenter fleire gonger Åarjelsaemiej skuvle i Snåsa. Bildet viser ein slik tur. Det er langt frå Elgå til Snåsa, så borna i bilen må korte turen med spel på mobiltelefonane. Her køyrer dei endeleg ut av 70-kilometersonene på kommunal veg og kan setja opp farten til 90 på hovudvegen nordover. (Ailin Maria Danielsen har laga bildet.)

Figur 24. Studietur 2



Bildet viser rektor ved Elgå oppvekstsenter, Lars Erik Hyldvang, og lærarane Elsa Andersson og Christine Rensberg som den 3. desember 2005 flyg til utlandet for å studere språkopplæring. Dei har alle plassert seg ved vindauga bak i flyet. Trass i skyene kan dei langt der nede sjå den grønne øya i Irskesjøen som er reisemålet. (Marja Helene Fjellheim Mortensson har laga dette bildet.)

Figur 27. Medicomtale

Utanfor Sápmi besøkte prosjektet Sleat og Broadford skulekrinsar på Isle of Skye i Skottland, og Plockton ungdomsskule på fastlandet innanfor Skye. Barnehagane i Sleat og Broadford formidla skotsk-gælisk språk til ei gruppe born, og gælisk var fag ved skulane både i Sleat, Broadford og Plockton<sup>62</sup>. Ved skulen i Sleat var det òg ei gruppe elevar som fekk opplæringa si på gælisk i dei fleste fag. Ein stor del av desse elevane hadde engelsk som heimespråk.

Vidare besøkte prosjektet den mansk-gæliske barneskulen i landsbyen St. Johns på Isle of Man. I St. Johns gjekk all undervisning føre seg på mansk-gælisk. Her hadde foreldra til alle elevane engelsk som sitt sterkaste språk, men nokre få av dei snakka likevel mansk-gælisk med borna heime.

Prosjektmedarbeidarar besøkte nokre av desse stadene fleire gonger, og hadde ein del samarbeid med dei. Det galdt barnehagen Skierrri i Gällivare på svensk side av Sápmi og barneskulen Bunscoill Gaelgagh i St. Johns på Isle of Man.

Den nordsamiskspråklege barnehagen Skierrri i Gällivare la stor vekt på både materiell, sosial og åndeleg samisk kultur i arbeidet sitt. Dei la òg vekt på å leggje metodikken sin nær opp til den måten kunnskapar og arbeidsmåtar tradisjonelt har vorte formidla på i dei samiske samfunna. Barnehagen hadde ord på seg for å vera veldriven, og han kom i 2000 på førsteplass i ei vurdering av dei beste barnehagane i Sverige.

Den mansk-gæliske skulen Bunscoill Gaelgagh i St. Johns var den første, og er framleis den einaste, skulen med mansk-galisk som undervisningsspråk. Mansk-gælisk var ein gong daglegspråk for alle på Isle of Man, men står i dag svakare på Man enn det sørsamisk gjer i *sine* tradisjonelle område. Engelsk har teke over som daglegspråk på Man. Skulen i St. Johns starta opp med åtte elevar i 2001. Det var same året som språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter starta

## 6.4 Artiklar og omtalar i faglege publikasjonar

Elin Fjellheim offentliggjorde i 2005 ein artikkel i det norske fagtidsskriftet *Barnehagefolk*. I artikkelen tek ho opp korleis sørsamisk var trengt attende som daglegspråk dei siste 40–60 åra. Ho peikar på at mange sørsamar no ønskjer å ta språket tilbake, og at barnehagane kan bli ein av dei viktigaste reiskapane for å få dette til.

Artikkelen skildrar vidare organiseringa av, og innhaldet i, det arbeidet som til da var gjort ved Elgå oppvekstsenter. Namnet på artikkelen, ”Savka – et rom for sørsamisk språk i barnehagen”, viser til korleis oppvekstsenteret både

62. Sjä Sametingets språkmotiveringsprosjekt. 2002. *Rapport fra studietur til Isle of Skye, Indre Hebridene, Skottland*. Elgå/Snása: Elgå oppvekstsenter/Sametinget.

i konkret og i overført tyding hadde greidd å skapa eit rom for det sørsamiske språket og den sørsamiske kulturen.<sup>63</sup>

*International Journal of the Sociology of Language* prenta hausten 2006 ein artikkel av Jon Todal om språkmotiveringsprosjektet. Artikkelen inneheldt ein gjennomgang av situasjonen for sørsamisk språk i Noreg i dag og ein gjennomgang av det som til da var gjort i språkmotiveringsprosjektet for å styrkje språket blant borna ved Elgå oppvekstsenter.<sup>64</sup>

Både Elin Fjellheim og Jon Todal peikar i artiklane sine på kva dei meiner bør gjerast for sørsamisk språk framover.

I 2006 gav Kamil Øzerk ut boka *Fra språkbud til språkdrukning – modeller for opplæring med to språk*. Denne boka er først og fremst ei lærebok for studentar i pedagogikk på universitet og høgskular. Her beskriv Øzerk opplæringsmodellen ved Elgå oppvekstsenter spesielt, og han koplar Elgå-modellen direkte til språkreirmodellen hos māoriane på Aotearoa/New Zealand<sup>65</sup>.

I 2006 la den svenske staten fram ei offentleg utgreiing om stillinga for finsk og sørsamisk i Sverige. Utgreiinga var ein brei gjennomgang av situasjonen for desse to språka, og ho inneheldt framlegg til kva som kunne gjerast for å styrkje dei. Utgreiinga hadde eit heilt kapittel om språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter som døme på korleis sørsamisk kunne styrkjast<sup>66</sup>. Ein av dei ekspertane som staten brukte i dette utgreiingsarbeidet, var David Jonasson. Jonasson arbeidde i språkmotiveringsprosjektet i Elgå ein periode.

Språkmotiveringsprosjektet vart òg drøfta fagleg i ei pedagogikkoppgåve som ikkje er offentleggjort. Christine Rensberg og Elin Fjellheim leverte våren 2006 ei oppgåve i pedagogikk ved Høgskolen i Hedmark der dei gjorde greie for tenkinga bak opplæringa i språkmotiveringsprosjektet og drøfta organiseringa og metodane i eit pedagogikkfagleg perspektiv.<sup>67</sup>

63. Fjellheim, Elin. 2005. Savka – et rom for sørsamisk språk i barnehagen. – *Barnehagefolk* nr. 4: S. 34–39.

64. Todal, Jon. 2006. The Southern Sámi Language in Svahken Sijte. – *International Journal of the Sociology of Language* 180. 2006: 147–158.

65. Øzerk, Kamil. 2006. *Fra språkbud til språkdrukning – modeller for opplæring med to språk*. Vallset: Oplandske Bokforlag. Sjå også kap. 2.1.3 og 4.1.1 ovanfor.

66. Sydsamisk språkreitalisering vid Svahken Sijte. – *Att återta mitt språk. Åtgärder för att stärka det samiska språket Slutbetänkande av Utredningen om finska och sydsamiska språken*. I SOU 2006:19. Stockholm: Statens offentliga utredningar. S.227–228

67. Fjellheim, Elin og Rensberg, Christine. 2006. *Saemesth mannin! Tilpasset opplæring i et sørsamisk perspektiv*. Hamar: Høgskolen i Hedmark.

## 6.5 Presentasjon av prosjektet i andre faglege samanhengar

Språkmotiveringsprosjektet vart presentert munnleg i ei rekkje faglege samanhengar. Her var det særleg prosjektleiaren og den faglege rådgjevaren som stod for formidlinga. Men også andre var med. Figur 25 nedanfor viser i kva faglege samanhengar prosjektet vart presentert munnleg.

**Figur 25**  
Munnleg fagleg formidling frå språkmotiveringsprosjektet<sup>68</sup>

Tidspunkt	Stad	Samanheng	Formidlar
Hausten 2001	Kautokeino	Framlegg på Samisk barnehagekonferanse. Sametinget.	Elin Fjellheim
Våren 2002	Snåsa	Framlegg på Sørsamisk språkkonferanse.	Elin Fjellheim
06.11. 2002	Røros	Orientering på informasjonsmøte for departementsfolk.	Elin Fjellheim
14.–15.11. 2002	Enare i Finland	Framlegg på Minoritetsspråk-konferanse, Nordisk Samisk Institutt <sup>69</sup> .	Jon Todal
09.–11.04. 2003	Levanger	Framlegg på ”Sørsamiske dagar”, Høgskolen i Nord-Trøndelag.	Elin Fjellheim
06.06. 2003	Kiruna i Sverige	Framlegg på Nineth International Conference on Minority Languages, Universitetet i Stockholm.	Jon Todal
25.08. 2003	Elgå	Presentasjon av prosjektet for Samerettsutvalet.	Elin Fjellheim
26.09. 2003	Levanger	Førelesing på Forskingsdagane ved Høgskolen i Nord-Trøndelag	Jon Todal
06.11. 2003	Elgå	Presentasjon for representantar frå Kommunaldepartementet og Landbruksdepartementet.	Elin Fjellheim

68. Intervju som i prosjektperioden vart gjevne til lokale nyheitsmedia, er ikkje tekne med i oversikta i Figur 1. Den lokale mediedekkinga blir omtala særskilt i kapittel 7 nedanfor.

69. Blir prenta i rapport frå konferansen. Rapporten er planlagt publisert våren 2007, utgjeven av Nordisk Samisk Institutt.

14.03. 2004	Elgå	Orientering for biskopen av Hamar, for tilsette ved bispekontoret og for Elgå sokneråd.	Elin Fjellheim
10.11.2004	Peel, Isle of Man	Framlegg på "Cooish Festival" (språkfestival).	Jon Todal
08.11. 2004	Douglas, Isle of Man	Intervju om prosjektet på Manx Radio.	Jon Todal
04.02. 2005	Uppsala, Sverige	Førelsing på minnesymposium for Annika Jansson. Finskugriska institutionen. Universitetet i Uppsala.	Jon Todal
26.08. 2005	Elgå	Intervju med <i>Kommunal rapport</i> <sup>70</sup> .	Elevar, lærerar og rektor
20.09. 2005	Elgå	Informasjon for representantar for Samisk museums lag.	Elin Fjellheim
10.10. 2005	Røros	Informasjon om prosjektet ved opninga av Aajege, sørsamisk senter.	Elin Fjellheim
12.10. 2005	Kautokeino	Framlegg på fagleg konferanse om språkoverføring mellom generasjonane, Samisk høgskole. <sup>71</sup>	Jon Todal
02.11. 2005	Oslo	Informasjon om prosjektet på skulekonferanse	Lars Erik Hyllvang og Elin Fjellheim
06.12. 2005	Douglas, Isle of Man	Intervju med <i>Isle of Man today</i> <sup>72</sup> .	Christine Rensberg
26.–27.01. 2006	Hattfjelldal	Revitaliseringskonferanse Arrangert av Høgskolen i Nesna. <sup>73</sup>	Jon Todal

70. Presentert i *Kommunal rapport* 31.08. 2005.

71. Framlegget finst i Todal, Jon. 2005. "Eit sørsamisk språkvitaliseringsprosjekt. – Samisk høgskole: *Intergenerasjonell overføring av samisk språk. Rapport frå seminar 12. – 13. oktober 2005*. Kautokeino. Internettadresse: <http://www.samiskhs.no/no/forskning/sprakseminar.htm>, s.61–73.

72. Adrian Cain. 2005. "Visit helps forge links with speakers of Saami Language. Hurrah for the Saami". – *Isle of Man Today* 28.12: Nettadresse <http://www.iomonline.co.im/ViewArticle2.aspx?SectionID=1143&ArticleID=1296706>

73. Eit referat av framlegget finst i Berntsen, Knut. [Red.] 2006. *Om styrking av samisk språk og identitet med vekt på Helgeland og Västerbotten*. Nesna: Høgskolen i Nesna.



20.04. 2006	Trysil	Presentasjon av prosjektet for pensjonerte lærarar, Utdanningsforbundet.	Elin Fjellheim
03.06. 2006	Berlin, Tyskland	Framlegg på språksosiologisk seminar, Humbolt Universitåt. <sup>74</sup>	Jon Todal
18.08. 2006	Manndalen	Framlegg på barnehage-seminar, Kåfjord kommune.	Jon Todal

Det har særleg vore interesse utanfrå for å høyre om metodar, modellar og språklege resultat i prosjektet, og dei fleste seminarinnlegga og orienteringane har difor handla om dette. I nokre samanhengar har vinklinga likevel vore meir språksosiologisk og historisk.

Som det går fram av fotnotane til Figur 25, blir ei rekkje av desse innlegga prenta, eller dei er utlagde på internett.

## 6.6 Presentasjon av prosjektet i samiske media

Sametinget gjev ut bladet *Stullán* for dei som arbeider i og for samiske barnehagar. I nr. 1 2003 brukte bladet ei side på referat/reportasje frå studieturen som Elgå oppvekstsenter gjorde til Isle of Skye hausten 2002. I denne reportasjen kom det fram likskapar mellom situasjonen for vitalisering av sørsamisk i Skandinavia og gælisk i Skottland.<sup>75</sup> Reportasjen var usignert.

Det sørsamiske kyrkjebladet *Daerpies Dierie* hadde i 2004 ein omtale av språkmotiveringsprosjektet under overskrifta "Barna på Valdalsfjellet." Her var hovudfokus på sørsamisk som truga språk, og på røynslene med å styrkje språket ved hjelp av barnehagen<sup>76</sup>.

Da professor Nancy Hornberger frå Pennsylvania, USA, besøkte oppvekstsenteret i juni 2003, hadde både NRK Sámi radio og NRK Hedmark innslag på fjernsynet. Hornberger er ein internasjonal kapasitet på minoritetsspråk og tospråklegheit, og medieinnslaga med henne fekk fram at dette emnet hadde fagleg interesse ut over landegrensene.

NRK Sámi radio hadde i prosjektperioden fleire innslag om språkmotiveringsprosjektet, særleg i samband med trugselen om nedlegging av Elgå oppvekst-

74. Framlegget blir prenta i seminarrapport som Humbolt Universitåt gjev ut våren 2007.

75. Stullán. 2003. Studietur til Isle of Skye. (Usignert referat i *Stullán* nr. 1.)

76. Todal, Jon. 2004. Barna på Valdalsfjellet. Sørsamisk språk ved Elgå oppvekstsenter. – *Daerpies Dierie* nr. 2.

senter. Mediedekkinga av prosjektet si rolle i kampen mot nedlegging av Elgå oppvekstsenter blir nærare omtala i kapittel 7 nedanfor.

## 6.7 Ymse notat

I tillegg til den utoverretta verksemda, vart det skriva fleire notat undervegs i prosjektet. Nokre av desse notata var til intern bruk, andre vart sende til Sametinget og kunne i prinsippet lesast av dei som måtte vera interesserte. Dei regelmessige rapportane frå prosjektet til Sametinget var offentlege, det same var rapportane frå studiereisene og eitt av notata om den sørsamiskspråklege utviklinga blant borna.

## 6.8 Oppsummering av annan fagleg aktivitet

Prosjektmedarbeidarane la ned eit stort arbeid for å kvalifisere seg betre for dei oppgåvene som skulle gjerast innanfor språkmotiveringsprosjektet. Mykje av denne kvalifiseringa skjedde ved uformelle seminar og ved studiereiser i inn- og utland. Det var vanskeleg å skaffe seg slik kunnskap på andre måtar.

Forutan å skriva artiklar i faglege publikasjonar og samiske media, stilte medarbeidarar frå prosjektet opp og heldt innlegg eller vart intervjuar – i iallfall i 23 ulike samahengar.<sup>77</sup> Da er ikkje intervju i lokale media medrekna. Dette viser at det var interesse for røynslene frå språkmotiveringsprosjektet.

Den faglege aktiviteten som er skildra her, viser behovet for eit akademisk nettverk som kan støtte opp om opplæring i sørsamisk. Det var vanskeleg å finne studietilbod tilpassa den aktuelle språksituasjonen, og det mangla eit fagleg system som kunne ta vare på og vidareutvikle røynslene frå Elgå. Når medarbeidarane i språkmotiveringsprosjektet likevel var svært aktive på det faglege området, hadde det mellom anna samanheng med at det var pengar til dette i prosjektet. I ein ordinær økonomisk barnehage- og skulesituasjon ville denne store (og nødvendige) faglege aktiviteten ha vore umogleg.

---

77. Sjå Figur 25 i kap. 6.5 ovanfor.

## 7 Medieomtale

”Dersom formannskapet innstiller på nedleggelse (av Elgå oppvekstsenter), skal det bli bråk. Da regner jeg med at Sametinget vil stå sammen med grendefolket.”

(Leiar av samarbeidsutvalet, Vigdis Hugubakken, til *Hamar Arbeiderblad* 29.11. 2002)

I samband både med språkmotiveringsprosjektet og andre offentlege tiltak for å likestille samisk og norsk kultur er det tenleg med informasjon som kan skapa allmenn forståing for dei tiltaka som blir sette i verk. Det blir difor viktig kva bilete massemedia gjev av det som skjer.

### 7.1 Legitimering

Ut frå tanken om at staten Noreg er etablert på territoriet til to folk, står offentlege tiltak for å styrkje sørsamisk språk fram som rimelege. Men for dei som tenkjer rettar ut frå folketal, vil slike tiltak fortone seg som urimelege, fordi samane er så få. Tiltaka blir dyre per person. Det var desse to måtane å tenkje rettar på (rettar som eige folk kontra rettar etter folketal) som kom fram i ein debatt i fylkesutvalet i Hedmark i 2003. Hedmark fylkesting var da invitert til å signere ein intensjonsavtale om samarbeid mellom Sametinget og fylket.

Fylkesordførar Siri Austeng frå Arbeidarpartiet sa i debatten at Grunnlova set samane som urfolk i ei særstilling i høve til andre minoritetar, og at styresmaktene difor har eit spesielt ansvar overfor sørsamane i fylket. På dette grunnlaget gjekk ho inn for at fylkestinget skulle skrive under avtalen med Sametinget.

Representanten Lars Joakim Hansen frå Framstegspartiet gjekk mot at fylket skulle skrive under på ein slik intensjonsavtale, og hovudargumentet hans var at sørsamane er så få:

”(de er) ... en bitte liten promille av Hedmarks befolkning, det er ikke riktig å gi de en slik særbehandling. Det kan være like stort behov for intensjonsavtaler for en rekke andre minoritetskulturer, katolikker for eksempel.”<sup>78</sup>

78. Både Hansen og Austeng er siterte etter reportasjen ”For få sørsamer for Frp” av Trond Jacobsen i nettutgåva av *Østlendingen* 12. juni 2003.

Dette var ein diskusjon som i sin konsekvens også vedrørte den offentlege ressursbruken i språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter. Det vart her brukt mykje pengar på få elevar.

Sett frå samisk side var det politisk tenleg å få ut mest mogleg informasjon om bakgrunnen for prosjektet.

## 7.2 Lokal medieomtale

Prosjekt som språkmotiveringsprosjektet i Elgå er sjeldan godt stoff for nyheitsmedia. Resultata frå slike prosjekt er langsiktige og gjev ikkje grunn til mange nyheitsoppslag undervegs. Forklaring av bakgrunn og metodar for prosjekta er heller ikkje godt avisstoff, og eignar seg best for artiklar i pedagogiske eller lingvistiske tidsskrift, eller i publikasjonar for folk med spesiell interesse for samiske tilhøve. Språkmotiveringsprosjektet vart da også presentert i fleire slike faglege samanhengar.<sup>79</sup>

Frå førjulsvinteren 2002 og fleire år framover kom språkmotiveringsprosjektet likevel til å få mykje omtale i dei lokale nyheitsmedia. Hausten 2002 såg det ut til at Engerdal kommune på grunn av dårleg økonomi måtte leggje ned skular og barnehagar. Elgå oppvekstsenter var dermed i faresona. I staden for å gjera nedleggingsvedtak vedtok Engerdal kommunestyre budsjettet for 2003 med eit stort innlagt underskot. Vedtaket vart gjort i protest mot det kommunestyret oppfatta som statleg sentraliseringspolitikk, der små utkantkommunar fekk for lite pengar til å greie dei utgiftene dei var pålagde.

Men budsjettvedtaket skulle først og fremst setja søkjelys på kva som vart dei konkrete følgjene av generell dårleg kommuneøkonomi og plassere ansvaret hos staten. Ein måte å spare pengar på var framleis å avvikle den desentraliserte skulestrukturen, sidan ein slik skulestruktur ikkje er lovpålagd. I praksis ville det seia at kommunen kunne spare pengar på å leggje ned Sømådalen skule og Elgå oppvekstsenter.

Politikarane i kommunen sa til media at dei helst ville halde oppe skulane. Men saka kom likevel til å gjera framtida for dei to skulane usikker i fleire år framover. Den 29. november 2002 brukte *Hamar arbeiderblad* mesta tre sider på budsjettsituasjonen i Engerdal. Avis presenterte eit stort intervju med leiaren i samarbeidsutvalet ved Elgå oppvekstsenter, Vigdis Hugubakken, og rektor Eva-Kari Røsten. Dei to la vekt på kor sentral skulen var for livet i grenda ("skolekutt vil rasere grenda"), og dei kom inn på språkmotiveringsprosjektet som eit argument mot nedlegging. Både den kompetansen som

---

79. Sjå kap 6.4 ovanfor.



**Figur 26.** Ein vinterdag ved dehrvie-gåctie

Biletet viser ein onsdag midt på vinteren ved dehrvie-gåctie på Valdalsfjellet. Bor-  
na har samla seg rundt bålet for å eta. Det er så kaldt at Elin har fyrte opp også inne i  
dehrvie-gåctie, og vi ser røyken stige opp. Reinsdyr i bakgrunnen. (Dan Richard Fjell-  
heim Mortensson har laga biletet.)

var bygd opp ved senteret og dei summane som Sametinget årleg investerte i  
prosjektet, var argument mot nedlegging.<sup>80</sup>

Dagen etter følgde *Hamar arbeiderblad* opp med intervju med ekteparet Birgit  
og Joar Elgåen som nettopp hadde flytt til Elgå. Familien hadde fem små  
born, så skulen var viktig for dei. Blant fleire argument for å halde opp opp-  
vekstsenteret nemnde ekteparet at opplæringa der var tospråkleg. Sjølv om dei  
ikkje var samar sjølve, opplevde dei det som ein verdi at ungane kom i kontakt  
også med sørsamisk språk<sup>81</sup>.

80. "Skolekutt vil rasere grenda." Reportasje av Arne Lund og Jane Irene Øien i *Hamar arbeiderblad*. 29.11. 2002.

81. "Skremt og skuffet". Reportasje av Arne Lund i *Hamar arbeiderblad*. 30.11. 2002.

I same nummeret av avisa gjekk mor og prosjektleiar Elin Fjellheim ut og kalla ei eventuell nedlegging av Elgå oppvekstsenter for ”kulturelt røveri”, og ho viste til kor vanskeleg skuletilhøva for sørsamane hadde vore før.<sup>82</sup>

Utkantskulane vart redda for dette året, men året etter var dei i faresona att. Om Elgå oppvekstsenter sa daverande ordførar Reidar Åsgård i eit intervju med *Østlendingen* i desember 2003:

”Språkprosjektet i Elgå og hele den gode løsningen på skola der, gjør det sjølsagt ekstra vanskelig å legge ned skolen. Men personlig var det mest umulig å fatte et vedtak om nedleggelse når det ville bety at unger skulle måtte sitte mange timer i buss”.<sup>83</sup>

Innbyggjarane i Elgå skulekrins stod saman om å berge oppvekstsenteret i grenda. Og dei brukte media aktivt til å fremja sitt syn. Til *Østlendingen* sa Birgit Elgåen mellom anna:

”Vi hadde fått inntrykk av at skolen var trygg nettopp på grunn av det samiske språkmotiveringsprosjektet som er her. Om skolen legges ned, vil jeg føle meg lurt.”<sup>84</sup>

I januar 2004 måtte rådmannen i Engerdal foreslå konkrete tiltak for å spara inn nærare 7 millionar kroner, og dermed vart nedlegging av utkantskulane igjen meir sannsynleg<sup>85</sup>. Mellom anna gjennom intervju i *Østlendingen* gjekk ei gruppe foreldre ut og argumenterte for at Elgå oppvekstsenter *ikkje* måtte leggest ned. Dei hadde fleire argument, og dei lange avstandane med buss til sentralskulen var det viktigaste. Men også det samiske språket (og pengane frå Sametinget) var eit argument. Elin Fjellheim vart referert slik i avisa:

”Ettersom over 50 % av de 13 elevene ved skolen er samiske, har vi gående et prosjekt i forhold til sørsamisk språk. Der får vi nærmere en million kroner i året fra Sametinget. Vi hadde trodd skolen var trygg så lenge dette prosjektet pågikk.”<sup>86</sup>

På nyåret 2005 freda lokalpolitikarane igjen skulane mot nedlegging<sup>87</sup>, iallfall ”til så lenge”. Framtida kjendest likevel usikker. I byrjinga av februar 2005

82. Sst.

83. ”Engerdal vedtar budsjett i minus”, reportasje av Tom Martin Kj. Hartviksen i nettutgåva av *Østlendingen*, 3.12. 2003.

84. ”En katastrofe å legge ned skolen”, reportasje av Tom Martin Kj. Hartviksen i nettutgåva av *Østlendingen*, 1.12. 2003.

85. ”To av tre skoler kan bli lagt ned”, reportasje av Ola Matson i nettutgåva av *Østlendingen*, 14.1. 2004.

86. ”Elgå-foreldre i sjokk”, reportasje av Tom Martin Kj. Hartviksen i Nettutgåva av *Østlendingen*, 16.1. 2004.

87. May Britt Solbakken (Ap) og Leif Gjessing (H) til nettutgåva av *Østlendingen* 17.1 2005. Siterte i reportasjen ”Freder begge skolene” av Ola Matsson.

var visepresident i Sametinget, Ragnhild Nystad, i Elgå. Nystad fekk medieoppslag på at Sametinget støtta kampen for skulen i Elgå, og ho nemnde språkmotiveringsprosjektet spesielt:

”Tilfellet Elgå er unikt, i og med at foreldrene, barn og lokale myndigheter har satt søkelyset på det sørsamiske språket (...) Elgå ligger i den norske utkanten, men er et samisk midtpunkt.”<sup>88</sup>

I 2005 var Samefolkets dag på ein søndag, og i Elgå vart dagen feira mellom anna med gudsteneste i kapellet og middag på samfunnshuset. Det førte til medieoverskrifter da sokneprest Sven Angard Hovde i Engerdal brukte ein stor del av preika si den søndagen til å argumentere for å oppretthalde Elgå oppvekstsenter. Statssekretær i kommunaldepartementet, Ellen Inga O. Hætta, var òg i kyrkja i Elgå og hørde Hovde. Til *Østlendingen* uttala ho etter gudstenesta:

”Språkprosjektet her i Elgå har høstet mye oppmerksomhet, og de har lyktes godt med dette prosjektet. (...) Det som er med på å gjøre dette prosjektet unikt, er at det er med på å revitalisere det sørsamiske språket her i Elgå. Nå lærer ungene språket på skolen og så lærer foreldregenerasjonen språket av dem igjen (...) Språkprosjektet har hatt veldig mye å si her på skolen og i grenda. Om språkprosjektet ved skolen får mer penger og mer ressurser, bør det være drivkraft nok for kommunen til å bevare skolen.”<sup>89</sup>

At statssekretæren plasserte ansvar hos kommunen, var ikkje overraskande. Men Hætta kom òg med ei utsegn av meir prinsipiell interesse. Ho sa til *Østlendingen* at ho ikkje syntest det var rett at det vart brukt like mange pengar per samiske elev i Elgå som i Indre Finnmark der samane er i fleirtal. Elgå burde få meir:

”Det er viktigere at det legges ned penger på et sted som Elgå der de samiske barna er i mindretall.”<sup>90</sup>

Denne politiske utsegna, som kunne ha vorte brukt som brekkstong for å få meir statstilskott per sørsamiske elev, drukna i festreportasjen. Regjeringspartia tapte dessutan valet hausten 2005, og det vart etter det både ny statsråd og ny statssekretær for samiske saker.

Hausten 2005 hadde Dag Rønning, som da var ordførar i Engerdal, ein kronikk i *Østlendingen* under overskrifta ”Grendeskoler og barns arbeidsmiljø”. Hovudpoenget hans var at dei sentrale politikarane ikkje tok nok ansvar for

88. ”Sammen for Elgå-skolen”, reportasje av Atle Rønning i nettutgåva av *Østlendingen* 3.2. 2005.

89. ”Skolen i fokus på samedagen”. Reportasje av Atle Rønning i nettutgåva av *Østlendingen* 6.2. 2005.

90. Sst.

at grendeskular kunne haldast oppe så born kunne sleppe å reise timevis med buss kvar dag. Han viste til at Engerdal kommune er ti mil lang frå ende til annan, og at ingen ville gå inn for at grunnskuleelevane i Vestfold skulle samlast på éin stad, sjølv om elevane ville ha fått *mindre* reisetid ved sentralisering i Vestfold enn ved sentralisering i Engerdal. Ordføraren nemnde ikkje språkmotiveringsprosjektet direkte, men viste til følgjene av prosjektet da han skreiv:

”Landets sørligste reindriftssamer holder til i Engerdal, og barna deres går på skole i Elgå. Da kan de slippe å dra 50 mil til Snåsa og bo på internat der slik foreldrene deres måtte.”<sup>91</sup>

Barneombod Reidar Hjermer skreiv òg kronikk i *Østlendingen* etter at han våren 2005 hadde vore på besøk både i Sømådalen og Elgå. På same måten som ordføraren la Hjermer stor vekt på den lange skulevegen det ville bli for elevane frå dei to grendene dersom skulane vart nedlagde. Barneombodet nemnde dessutan spesielt språkmotiveringsprosjektet som eit argument mot å leggje ned Elgå oppvekstsenter:

”Skolen i Elgå er også et spesielt sted, der sørsamiske og norske barn går sammen. Her gis urfolk alburom til å hevde sin identitet og kulturarv, og norske barn får en naturlig introduksjon til et stykke Norge som fort kan bli usynlig i storsamfunnet.”<sup>92</sup>

I mai 2005 var visepresidenten i Sametinget, Ragnhild Nystad igjen i Elgå, og ho uttala til *Østlendingen* at det var viktig at skulen i Elgå ikkje vart nedlagd: ”...dette på grunn av den opplæringa som blir gitt til de samiskspråklige barna på samisk”.<sup>93</sup>

Rett før sametingsvalet hausten 2005 var daverande president i Sametinget, Sven Roald Nystø, på besøk i Elgå. Han lova da eit tilskot på 450 000 kroner frå Sametinget dersom Hedmark fylke ville gå inn med ein tilsvarande sum for å sikre framtida for skulen. Han viste til den intensjonsavtalen om samarbeid med Sametinget som fylket hadde skrive under på to år før. Presidenten sa vidare til *Østlendingen* at Elgå oppvekstsenter

”...spiller en nøkkelrolle for samisk språk og kultur i Elgå, Hedmark og det øvrige sørsamiske området. Sametinget er svært opptatt av at dette miljøet skal opprettholdes og utvikles.”<sup>94</sup>

91. Dag Rønning: ”Grendeskoler og barns arbeidsmiljø”. Kronikk, her sitert etter nettutgåva av *Østlendingen* 14.9. 2005.

92. Reidar Hjermer: ”Livet på dispensasjon. Reisebrev fra Elgå og Sømådalen”. Kronikk, her sitert etter nettutgåva av *Østlendingen* 30.5. 2005.

93. ”Dyr har bedre vern enn barn”. Reportasje av Harald Nyberg i *Østlendingen*. Her sitert etter nettutgåva 27.5. 2005.

94. ”Sametinget sikrer Elgå.” Reportasje frå NRK Hedmark og Oppland av Knut Sveen. Her referert etter NRK sine nettsider 5.9. 2005.





Bildet viser Malin Ripa som smilende og fornøgd les det som Vigdis Hugubakken uttalar til Hamar Arbeiderblad. Elgå oppvekstsenter blir nok ikkje nedlagt. På bordet framfor henne ser vi aviser med referat frå budsjettmøtet i Engerdal kommunestyre. (Emmi Alette Danielsen har laga bildet.)

**Figur 28.** Språkobservasjon

Skulen i Elgå markerte slutten på språkmotiveringsprosjektet samtidig som dei markerte avslutninga av skuleåret i 2006. Til *Østlendingen* sa Elin Fjellheim da ein del om kva ho meinte var dei faglege og kulturelle resultatane av prosjektet. Denne reportasjen var elles annleis enn dei andre i og med at journalisten også intervjuar ein elev ved skulen. Marja Fjellheim Mortensson seier til avisa at

”Det har vært litt spesielt, men veldig lærerikt. Jeg tror prosjektet har vært bra både for oss med samisk bakgrunn, og for de andre elevene ved skolen. Nå vet vi alle meir om den samiske kulturen.”<sup>95</sup>

Rektor Lars Erik Hyllvang uttala seg same dagen til avisa og sa at språkmotiveringsprosjektet hadde hatt positive ringverknader også for dei norske borna ved Elgå oppvekstsenter.

95. ”Marja laget egen sang på sørsamisk”, referat i *Østlendingen* av Tom H. Hartviksen, her sitert etter nettutgåva 22.6. 2006.

Elles tok også denne reportasjen i *Østlendingen* opp at språkmotiveringsprosjektet har redda skulen frå nedlegging.

Denne gjennomgangen av medieomtale av språkmotiveringsprosjektet er ikkje fullstendig, og konsentrerer seg mest om avisa *Østlendingen*. Også NRK Hedmark og Oppland, NRK Sámi radio og *Hamar arbeiderblad* dekte det som skjedde i Elgå dei fem ára språkmotiveringsprosjektet var i gang. Desse media vinkla reportasjane sine på same måten som *Østlendingen*, det vil seia at dei først og fremst såg på språkmotiveringsprosjektet som noko som kunne redde Elgå oppvekstsenter frå nedlegging. Kva sjølve prosjektet gjekk ut på, kom i liten grad fram.

Intervjuet med statssekretær Ellen Inga O. Hætta i 2005 var eit unnatak her, sidan ho la så stor vekt på dei positive verknadene for revitalisering av samisk språk som eit slikt prosjekt kunne ha (sitert ovanfor). Også avisreportasjen frå avslutningsmarkeringa i Elgå den 21. juni 2006 presenterte synspunkt på andre sider ved prosjektet enn at det hadde vore eit hinder for nedlegging av skulen.

*Østlendingen* prenta i september 2005 ein kronikk av Jon Todal, der han prøvde å setja språkmotiveringsprosjektet inn i ein internasjonal samanheng og sjå på det som skjedde i Elgå, som ein del av arbeidet for å styrkje og revitalisere truga språk generelt. Dette var hovudærendet hans. Men også Todal gjorde som dei fleste andre og vinkla kronikken sin mot nedleggingstrugselen mot Elgå oppvekstsenter, og han avslutta slik:

”Det innovative språkpedagogiske fagmiljøet som gjennom dei siste fire ára er utvikla ved Elgå oppvekstsenter, bør (...) ikkje forsvinne når sjølve prosjektet er slutt. I Elgå har folk skapt noko som er fagleg interessant også internasjonalt. Staten, Sametinget og Hedmark fylke bør premiere Elgå-miljøet for dette arbeidet, ikkje avvikle det.”<sup>96</sup>

### 7.3 Oppsummering av medieomtalen

Dei lokale massemedia var i den perioden prosjektet varte, meir opptekne av spørsmålet om eventuell nedlegging av Sømådalen skule og Elgå oppvekstsenter enn av innhaldet i språkmotiveringsprosjektet i Elgå. I den grad nyheitsmedia kom inn på språkmotiveringsprosjektet, var det som eit moment som gjorde nedlegging av Elgå oppvekstsenter vanskeleg. Dei omtala ikkje den lokale språklege og kulturelle bakgrunnen for prosjektet, den internasjonale

---

96. Jon Todal: Internasjonalt utviklingsarbeid i Engerdal. – *Østlendingen*, her sitert etter nettutgåva 18.9. 2005.

---

tilknytninga, dei nye opplæringsmodellane eller eventuelle gode eller dårlege resultat.

Den lokale mediedekkinga var likevel til fordel for prosjektet. Den vinklinga som medieomtalen hadde, var med på å styrkje kjensla av at ein høg samisk profil i Elgå var til nytte for alle i grenda, både for dei med norsk og dei med samisk tilknytning. Alle hadde interesse av å berge skulen, og språkmotiveringsprosjektet var heilt klart eit argument mot nedlegging.

Dei lokale media omtala heile tida prosjektet positivt og uttrykte aldri nokon grunnleggande kritikk av den typen som kom frå Framstegspartiet i Hedmark fylkesting i 2003 (sjå ovanfor).

## 8 Den språklege utviklinga 2002-2004

”Bäetieh mov gaavalohke  
daagkoe lea vaalje  
vuelelen njääjte lea  
åvtelisnie stoerre-vaegkie”

(Gaebpien Gåsta i diktet ”Gaavalohke”<sup>97</sup>)

Språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter var eit pionerprosjekt, med alle dei utfordringar som følgde med det. Éi av utfordringane var å dokumentere den sørsamiskspråklege utviklinga hos borna.

Samanlikna med mange andre språk, er det forska lite på sørsamisk. Og den forskinga som *er* gjord, har stort sett hatt andre mål enn å undersøkje sørsamisk språklæring hos born. Språkmotiveringsprosjektet kunne difor ikkje bygge på systematisert kunnskap om kva for trekk det er ved sørsamisk språk som born vanlegvis meistrar først og sist. Det fanst i det heile ingen systematisert kunnskap om sørsamisk barnespråk å bygge på.

Heller ikkje kunne prosjektmedarbeidarane bygge på nokon systematisert kunnskap om tileigning av sørsamisk som *andrespråk* korkje hos born eller vaksne. Og ingen hadde undersøkt kva trekk som eventuelt kunne skilja sørsamisk hos andrespråkbrukarar frå språket hos morsmålsbrukarar <sup>98</sup>. Alt dette gjorde at det var vanskeleg å vita kva nivå vi kunne vente av born i forskjellige aldrar låg på i sørsamisk. Ingen hadde definert slike nivå.

Det byr på særlege utfordringar å utvikle språktestar når dei aldersbestemte elevgruppene er så små som dei sørsamiske. Det blir svært vanskeleg å sikre seg at testane måler det vi vil at dei skal måle, sidan vi ikkje kan prøve dei ut på store nok grupper før vi lagar dei endelege testane. Ein må finne andre måtar å utvikle haldbare prøver på.

97. Diktet har opphavleg stått i samlinga Gaebpien Gåsta. 1987. *Gaaltije*. Guovdageaidnu: DAT, og er her henta frå Gaski, Harald og Kappfjell, Lena [Red.] 2004. *Ávtese jáhta – áerjelsaemien tjaalegh jih tjaalegh áerjelsaemien*. Guovdageaidnu: DAT s. 45.

98. Merk: Det *finst* naturlegvis kunnskap om, og erfaring med, alt dette blant sørsamiskspråklege foreldre, besteforeldre og lærarar. Men det er ingen som har samla inn, systematisert og forska på denne kunnskapen. Difor veit vi lite om kva som er einskildtilfelle og kva som kan gjelde fleire.

Innanfor rammene av språkmotiveringsprosjektet hadde vi uansett ikkje resursar til å utvikle eit slikt testmateriale<sup>99</sup>. I staden kunne vi satse på å *observere* og *beskrive* den faktiske språkbruken hos borna.

Prosjektet utarbeidde eit skjema til hjelp for å observere språkbruken hos borna i den første tida Dette skjemaet var tredelt, første del skulle registrere språkforståing, andre del aktiv språkbruk og tredje del borna sine strategiar i møte med sørsamisk språk<sup>100</sup>. Metoden med observasjonsskjema sette høge krav til skjønn hos dei som observerte. I praksis var situasjonane i barnehagen svært varierte, og det kunne vera vanskeleg å avgjera kva som høvde med det som stod i skjemaet. For det andre var det ikkje alt som stod der, som *vart* demonstrert i løpet av kvar observasjon.

Fordelen med å observere meir eller mindre ”naturlege samtalar” var at vi da fekk fleire *tilleggsopplysningar* både om språktileigninga og om språksituasjonane, enn det vi ville ha fått gjennom ein standardisert test. Slike tilleggsopplysningar er alltid pedagogisk nyttige.

Gjennom heile perioden brukte prosjektet observasjon som sin viktigaste metode for dokumentasjon av resultat, og vi prøvde å danne oss eit bilete av den språklege utviklinga hos borna ut frå det som var observert. Vi observerte heile tida både borna sine strategiar i språktileigninga og sjølv språkutviklinga. Strategiane sa noko om kor godt vi hadde lykkast i å skapa trygge lærings situasjonar. Språkutviklinga prøvde vi å skildre ut frå det borna såg ut til å forstå og det dei sjølv greidde å uttrykkje på sørsamisk.

Prosjektet skilde mellom det generelle inntrykket som medarbeidarane hadde av situasjonen på den eine sida og det som vart observert på den andre sida. Observasjonane vart gjorde i nøye definerte tidsrom, og dei vart etter kvart gjorde også ved hjelp av folk som *ikkje* var tilknytte det daglege arbeidet ved Elgå oppvekstsenter. Dette gjorde vi for å unngå at ønsketenkning og personlege relasjonar for sterkt skulle påverke framstillinga vår av resultat.

Frå og med februar 2005 forlet vi observasjonsskjemaet. Da produserte borna så mykje språk at vi begynte å ta nøyaktige notat, og seinare lydopptak, av det dei sa på sørsamisk. Resten av dette kapitlet handlar om det sørsamiske språket

99. Frå hausten 2004 vart det i ein annan samanheng sett i gang arbeid for å utarbeide testar som kunne seia noko om nivået i sørsamisk hos grunnskuleelevar. Desse testane vart utarbeidde i samband med innføringa av nasjonale prøver i grunnskulen i Noreg, og Utdanningsdirektoratet betalte arbeidet. Det sørsamiske fagmiljøet ville prøve å laga eit liknande testesystem for sørsamisk som Europarådet har fått utarbeidd for engelsk. Dette systemet er også er tilpassa forskjellige andre språk, med ein skala som går heilt frå nybegynnarnivå til tilnærma morsmålsnivå. Utviklingsarbeidet var godt i gang da det vart stoppa ved regjeringskiftet hausten 2005. I skrivande stund er det ikkje komme i gang igjen.

100. Skjemaet finst her som vedlegg nr. 4.

hos borna i språkmotiveringsprosjektet, slik språket kom fram gjennom observasjonar i 2002, 2004 og 2005.

## 8.1 Språkleg status i 2002

Dei tidlegaste observasjonane i barnehagen gjekk særleg ut på å registrere sørsamiske enkeltord og frasar som borna kunne bruke. Dei minste borna, som da var 2 og 3 år, snakka helst sørsamisk ved at dei tok oppatt ord som dei hørde dei vaksne brukte.

### 8.1.1 Matpause i derhvie-gåetie i november 2002

I midten av november 2002 vart borna i prosjektet observert, blant anna i ein matpause i derhvie-gåetie<sup>101</sup>. Vi ville registrere både kva *ord og uttrykk* borna brukte på sørsamisk og kva *strategiar* dei brukte i sørsamiskspråklege situasjonar, slike som matpausen i derhvie-gåetie. Prosjektleiaren var observatør og skreiv ned alle replikkar på sørsamisk frå tre av borna, her kalla A, B og C.

A og B var barnehageborn, medan C var ein skuleelev som formelt sett ikkje var med i prosjektet.

Følgjande sørsamiske utsegner vart registrerte i første del av pausen:

- A: Åadtjoem kakaoem?  
 A: Gietskedh munnjien beapmoem!  
 B: Galmesh gieth.  
 A: Vielie kakaoem sijhthem.  
 C: Manne galme tjaetjiem sijhthem.  
 A: Tjaangh gåatan! (fordi Krihke banka på og sa "Buerie biejjie!")  
 A: Jorpe-laejpie  
 C: Aaloem.  
 C: Vielie kakaoem sijhth?  
 A: Jaavoe.  
 C: Vielie tjaetsiem sijhthem.  
 A: Manne "søøledidh."  
 B: Ij vielie bahkes.

Dei samiske utsegnene vart nedskrivne på standardisert sørsamisk skriftspråk, ikkje lydskrift. Replikkane ovanfor er ikkje ein samtale, men ei samling av dei replikkane borna A, B og C faktisk kom med på sørsamisk ved måltidet. Dei fleste utsegnene kom spontant, ikkje som svar på noko som ein vaksen hadde spurt om. Unnataka var når B sa *galmmesh gieth*, C sa *aaloem* og A sa *Jaavoe*.

101. Som gjort greie for i kapittel 4.1.2 ovanfor vart derhvie-gåetie (= gamma) definert som eit samiskspråkleg domene der alle dei vaksne berre snakka sørsamisk, og der ein venta at ungane også skulle gjera det.

Det kom fleire skuleborn inn i derhvie-gåetie, og A, B og C uttrykte seg da vidare slik på sørsamisk:

- A: Buerie biejjie!  
 B: Buerie biejjie!  
 C: Buerie biejjie!  
 B: Ij vielie maanah bætieh.  
 A: Im manne vielie sijhth.  
 A: Jaavoe.  
 A: Gudtsien naelkies beapmoen åvteste!  
 C: Åadtjoem manne olkese vaedtsedh.  
 A: Im manne sijhth!  
 B: Aaloe.

Etter desse replikkane noterte observatøren denne kommentaren til sin eigen metode:

”Jeg må tilføye at jeg ikke hørte absolutt alt som ble sagt på samisk. Bl.a. satt jeg litt for langt unna de minste barna, og de prater som regel litt lavt.”

Kommentaren fortel om det problematiske ved ein slik observasjonsmåte. Men på dette stadiet vurderte vi metoden som tilstrekkeleg til å gje eit dekkande bilete av kva borna forstod av sørsamisk språk, og av kva dei sjølve kunne seia på språket. Seinare vart observasjonane meir styrte og situasjonane meir arrangerte<sup>102</sup>.

Av dei siterte replikkane på sørsamisk ovanfor ser vi at borna i stor grad uttrykte seg i faste vendingar, eller med uttrykk og setningar som dei hadde høyrte brukte før i samband med måltid. Vi kan difor seia at borna sin bruk av sørsamisk her var eit resultat av at språket vart brukt under måltida frå første stund i prosjektet. Det var eit planlagt resultat.

Om borna sine språklege *strategiar* i møte med sørsamisk noterte observatøren dette på grunnlag av observasjonane i derhvie-gåetie i november 2002:

”Det var ingen av barnehagebarna som gikk sin veg under samtalen. De svarte jevnt over på norsk, noen ganger svarte de med 1–4 ords setningar på samisk, eller de svarte/viste det de ville si, ved kroppsspråk.”

På grunnlag av fleire observasjonar laga prosjektleiar heile vegen språklege vurderingar av kvart enkelt barn som var med. Ei slik vurdering kunne sjå ut som den nedanfor frå 2002:

---

102. Sjå kapitla 9 og 10.1 nedanfor.

”AA<sup>103</sup> forstår mye og kan svare med 1-3-ords setninger. AA er litt ordknapp. I samtale med Krihke svarer AA ikke alltid med ord, men *utfører* det de snakker om, eller peker. For eksempel gikk AA og hentet skia da Krihke spurte om AA hadde skia med. AA sa også ”Gaamegh, mov treavkah. Tjiddtjie. Ja”. Da AA var ute og rente på ski i en liten bakke, sa AA til meg uoppfordret: ”Ij gaahtja, ij gaahtja.” Da AA sto og ventet på tur for å låne akebrettet, sa AA uoppfordret om seg selv: ”Dellie AA vuejedh. Dellie AA vuejedh”. AA sa også litt senere uoppfordret: ”Manne sijthem BB-en gieresem.” Jeg svarte: ”Im daejrieh gusnie?” AA: ”Bijlesne?”

### 8.1.2 Språkutviklinga i 2002

På grunnlag av observasjonane fram til og med 2002 oppsummerte prosjektleiaren språkutviklinga slik i eit internt notat:

”Det ser ut som vi fikk en markant framgang da vi fikk brukt Savka mer systematisk. Det har blitt en bedre start på dagen når barna starter i Savka. Likeså betyr det mye at Krihke har vært her hver eneste uke i en periode. Det gir en kontinuerlig språkstimulering.

Vi har også gjort det klart for barna at vi ønsker at de svarer på samisk, og vi oppfordrer til det ofte, f. eks. gjennom å si: ”Maam jeahtah? Maam sijhth?” Og så langt har barna som regel tatt den utfordringen uten å være negative. Mange ganger smiler de (tar handa til hodet) og tenker seg om før de svarer på samisk eller på samisk og norsk.

Lekespråket er norsk. Det er sjelden at barna snakker samisk seg i mellom. Men et og annet ord kan komme avhengig av situasjon. Spesielt ute i bygda er det vanskelig å få dem til å bruke samisk.”

## 8.2 Språkleg status i 2004

I 2004 ønskte styret for språkmotiveringsprosjektet å få ei samla skriftleg vurdering av den språklege utviklinga hos borna så langt. Etter ein observasjon i mai 2004 vart det difor utarbeidd eit seks siders notat om den språklege utviklinga blant borna fram til da<sup>104</sup>. Presentasjonen nedanfor av statusen i 2004 byggjer på dette notatet. Framstillinga følgjer observasjonsskjemaet<sup>105</sup> og ser først på *forståinga* av sørsamisk blant borna, dernest på *aktiv bruk* av språket og til slutt på kva *strategiar* borna nytta seg av i møtet med sørsamisk språk på oppvekstsenteret.

103. Det vart alltid brukt kodar i staden for namn i desse skriftlege vurderingane, slik at færrest mogleg skulle forstå kven vurderingane galdt.

104. Jon Todal. 2005a. *Om samisk språk i Svabken Sijte. Notat om resultat frå språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter*. Elgå: Elgå oppvekstsenter.

105. Sjå vedlegg nr. 4.



Det som blir nemnt her, er stort sett slikt som er gyldig for heile gruppa, eg går ikkje inn på enkeltborn sine prestasjonar. Ut frå dei utfylte enkelt-skjemaa var det likevel ikkje alltid like eintydig korleis ein skulle karakterisere gruppa under eitt. Ved slik tvil om tolkinga er framstillinga av språkmeistringa her heller gjort for nøktern enn for velvillig.

### 8.2.1 Språkforståing 2004

Når vi observerte språkforståinga, skilde vi mellom det å forstå språk brukt i ein kjend situasjon, og det å forstå språk når sjølv den konkrete situasjonen ikkje var til særleg hjelp (vi skilde mellom kontekstavhengig og kontekst-uavhengig språk).

Alle borna i prosjektet forstod i mai 2004 sørsamisk brukt i konkrete samanhengar. Alle forstod til dømes helsingar når ein møttest, spørsmål som dei fekk om å hente det eller det, spørsmål om å sende vidare noko ved bordet, eller skilja ut andre konkrete daglege gjeremål. Dette var positive verknader av at sørsamisk over så lang tid hadde vorte brukt konsekvent i desse situasjonane ved oppvekstsenteret, og langt på veg også heime. Det er på denne måten ein lærer førstespråk òg.

Borna skåra også på skjemaet når det gjaldt å forstå *kontekst-uavhengig* dagleg-språk, som jo var vanskelegare. Dei forstod til dømes ei sørsamisk forklaring på reglane for korleis ein leik skulle leikast.

### 8.2.2 Aktiv bruk av språket i 2004

Alle borna brukte sjølv sørsamiske høflegheitsfraser, og dei kunne svara på sørsamisk på spørsmål om kva dei heitte og kor gamle dei var, dei kunne òg fortelja det same om familiemedlemmer og andre. Dei kunne også bruke adjektiv og greitt fortelja korleis noko såg ut, om det var stort eller lite, svart eller kvitt, mørkt eller lyst, hardt eller mjukt osv. Dei meistra òg talorda og kunne bruke ein del vanlege pronomen.

Borna var i stand til å bruke nokre verb og uttrykkje kva dei ville gjera og kva dei ville at andre skulle gjera. Men utvalet av verb verka lite. Alle borna kunne produsere nektande setningar på sørsamisk. Nekting blir uttrykt svært forskjellig på samisk og norsk, og den sørsamiske måten kan vera vanskeleg å lære teoretisk for ein norsktalande vaksen. Men her hadde borna lært det i praksis. Borna hadde i følgje observasjonane vanskelegare for å uttrykke fortid og framtid enn nekning på sørsamisk.

Mange av borna fekk problem når dei skulle forklare kva dei *meinte* om noko. Men heller ikkje her stod dei heilt fast i 2004. I denne samanhengen må ein òg rekne med alderen til borna og kva nivå dei var på i førstespråket sitt.

Ved å samanlikne avkryssingane på skjemaet frå observasjonen i januar 2004 med observasjonsskjemaet frå mai same året, såg vi heilt tydeleg framgang. Avkryssingane flytte seg frå venstre mot høgre både i den delen av skjemaet som registrerte passiv forståing og i den delen som registrerte aktiv bruk.<sup>106</sup>

Grensa for meistring syntest i mai 2004 å gå ved det å på eige initiativ fortelja ei lengre samanhengande historie eller ein vits på sørsamisk. Under observasjonane vart det ikkje kryssa av for at nokon gjorde det. Borna snakka heller ikkje sørsamisk med kvarandre i særleg grad. Dei snakka språket først og fremst med vaksne.

### 8.2.3 Strategiane som borna brukte i språktileigninga i 2004

Observasjonsskjemaet opererte med to typar strategiar som borna kunne tenkjast å velja i møte med sørsamisk: offensive strategiar og unngåingsstrategiar. Unngåingsstrategiane er ikkje heldige for den sørsamiske språktileigninga, medan dei offensive strategiane er positive.

Vi kunne tenkje oss ein strategi som gjekk ut på at borna prøvde å unngå å snakke sørsamisk i det heile, fordi dei syntest det var for vanskeleg, eller fordi det av andre grunnar var ubehageleg. Det vart ikkje rapportert om at borna nokon gong prøvde å unngå situasjonar der dei måtte fungere på sørsamisk, heller ikkje var det noko som tydde på at dei unngjekk personar som dei visste ville snakke til dei på sørsamisk. Observasjonsrapportane var vidare heilt eintydige på at sørsamiskspråklege situasjonar ikkje førte til at borna *tagde* i staden for å snakke.

Fråveret av slike sterke unngåingsstrategiar oppsummerte vi som eit svært positivt resultat. Vi tolka dette resultatet slik at prosjektet hadde lykkast i å skapa faste situasjonar der sørsamisk vart konsekvent brukt, og at ungane i 2004 oppfatta desse situasjonane som både naturlege og trygge. Prosjektmedarbeidarane hadde her greidd å skapa gode lærings situasjonar.

I elles sørsamiskspråklege situasjonar hendte det at borna svara på norsk eller svensk når dei vart tiltala på sørsamisk, eller at dei begynte på sørsamisk og gjekk over til norsk eller svensk. Det kunne òg hende at dei brukte kroppsspråk i staden for å snakke sørsamisk. Dette er gjenkjennelege unngåingsstrategiar for dei fleste som har prøvd seg på eit anna språk enn det ein kan best. Det som var viktig her, var at det i følgje observasjonsskjemaet "hendte" at borna brukte desse unngåingsstrategiane. Ingen av dei gjorde det "alltid". Det vil seia at dei *torte* å bruke det dei kunne av sørsamisk, men av og til kunne det gå for seint eller bli for vanskeleg å bruke språket.

Av dei offensive strategiane som borna brukte, var den mest utbreidde at dei sette inn norske eller svenske enkeltord når dei stod fast på sørsamisk. Vi kalla

106. Sjå oppsettet i skjemaet som ligg vedlagt som vedlegg nr. 4.

dette ein *offensiv* strategi, fordi det var ein effektiv måte å halde ein sørsamiskspråkleg situasjon i gang på. Sjølv om målet var at borna skulle kunna dei sørsamiske nemningane for så mykje som mogleg, såg vi på strategien med å bruke det ordet ein faktisk kunne – uansett språk, som ein god strategi undervegs.

Prosjektet såg på det som negativt at ungane i følgje observasjonsskjema i 2004 i så liten grad *spurde* om kva det eller det heitte på sørsamisk, når dei stod fast. Her vart det for dei fleste av ungane kryssa av for at dei ”aldri” hadde gjort dette i sjølve observasjonssituasjonane. I tilfelle dette var representativt for tida mellom observasjonane òg, var det synd, for borna hadde her eit godt høve til å få utvida det aktive ordforrådet sitt. Å spørja direkte er alltid ein god strategi for å lære språk. Grunnen til at dei spurde lite, kunne vera at vi hadde bestemt oss for å vera forsiktige med å *tvinge* borna til å snakke sørsamisk. Dermed følte dei kanskje at dei ikkje trong å spørja, men heller kunne bruke eit norsk eller svensk ord som dei visste at alle likevel forstod?

#### 8.2.4 Andre resultat

Det finst språklege resultat som ikkje kjem så godt fram, korkje i testar eller observasjonar. Eitt slikt viktig resultat er styrkt språkleg medvit. Borna i prosjektet var sannsynlegvis meir språkleg medvitne enn einspråklege jamaldringar. Sidan språket såpass ofte var eit tema for samtale både på oppvekstsenteret og heime, og sidan dei heile tida vart konfronterte med to språkssystem som er så ulike, som sørsamisk og norsk, måtte dei tenkje over språklege problem og laga seg språklege strategiar som dei kunne få stor nytte av i framtida.

#### 8.2.5 Oppsummering av språkleg status i 2004

Det sørsamiske læringsmiljøet ved Elgå oppvekstsenter såg ut til å vera godt, og borna prøvde ikkje å unngå dei sørsamiskspråklege aktivitetane og personane. Borna verka heller ikkje redde for å snakke sørsamisk.

Borna som var med i prosjektet, såg ut til å ha fått ei relativ god forståing av sørsamisk daglegspråk. Dei kunne òg uttrykkje seg på sørsamisk. Det var skapt eit grunnlag for vidare språktileigning og eit grunnlag for seinare å kunna tileigne seg skulespråket med sine meir definerte fagtermar. Å skapa eit slikt språkleg grunnlag var ei målsetting i prosjektet, ei målsetting som i 2004 såg ut til å bli nådd.

Borna var i stand til sjølve å formulere seg på sørsamisk, og dei *torte* å gjera det. Dette var òg ei av målsettingane i prosjektet.

Prosjektet hadde ikkje nokon skala eller andre reiskapar til å måle sjølve den sørsamiske språkmeistringa hos borna med, men i følgje observasjonane gjekk det ei grense ved det å fortelja ei lengre samanhengande historie eller ein vits. Det gjorde dei ikkje på sørsamisk enno i slutten av mai 2004.

Registreringane i observasjonsskjemaane tydde på ein kontinuerleg språkleg framgang.

### 8.3 Framtidig observasjon

På dette tidspunktet i prosjektet vart vi samde om at borna kunne så mykje sørsamisk, at vi i framtida heller burde sjå meir i detalj på det språket som dei produserte. Vi planla difor ein ny observasjon i februar 2005. Sidan denne observasjonen skulle registrere borna sitt sørsamiske språk meir i detalj, måtte vi *styre* observasjonane meir enn før. Og vi måtte legge vekt på å få dokumentert ein heil samtale. Dette ville vera lettast å få til med dei eldste borna, for det var dei som kunne konsentrere seg lengst.

Dei to eldste borna i prosjektet ville begge vera i skulen i 2005. Vi bestemte oss for at Sig-Britt Persson skulle ta ein samtale på sørsamisk med kvar av dei to, og at prosjektleiaren skulle notere så nøyaktig som mogleg det som vart sagt. Desse samtalanane ville vi da bruke som grunnlag for ein beskrivelse av kva dei to eldste borna meistra av sørsamisk på dette stadiet i prosjektet.

Både metoden, gjennomføringa og resultatane av desse to samtalanane blir detaljert skildra i neste kapittel.

### 8.4 Oppsummering av den språklege utviklinga

Så langt som vi kunne observere, hadde borna etter alderen utvikla ei god forståing av sørsamisk i åra frå prosjektstart og fram til 2004. Dette var eit resultat av at dei kvar dag hadde høyrte språket rundt seg.

Borna såg ikkje ut til å vera redde for å snakke sørsamisk, og dei svarte gjerne så godt dei kunne når nokon snakka til dei på språket. Dei prøvde ikkje å unngå å bruke språket. Dette kan tolkast som at borna opplevde læringsmiljøet som trygt.

Sjølv om borna både kunne og torte uttrykkje seg på sørsamisk i 2004, var dei ikkje konsekvente. Dei snakka heller ikkje sørsamisk med kvarandre i særleg grad, men brukte språket først og fremst til vaksne som først snakka til dei på sørsamisk.

## 9 Språkleg status i 2005

”Det kan je itte sei, det bli for enkelt.”

(Kommentar frå andreklassing i Elgå  
i februar 2005.)

Det er ein mild onsdags føremiddag tidleg i februar 2005. Pia sit ved enden av eit trekvitt langbord i det rommet som no blir kalla Savka på Elgå oppvekstsenter. Eg har sett meg ved andre enden av bordet, så langt frå henne som eg kan komma. Ho drikk kaffi og er i godt humør, for tidlegare på dagen har ho i eit anna rom ved oppvekstsenteret prøvd ut utkast til nasjonale prøver i lesing på sørsamisk, som ho òg arbeider med. Det gjekk visst bra. Det er mykje samisk aktivitet på Elgå oppvekstsenter for tida.

No ventar vi på ein førsteklassing og ein andreklasing som begge har vore med i språkmotiveringsprosjektet sidan det begynte. Dei to skal hjelpe oss å finne ut meir om korleis prosjektet har greidd å formidle sørsamisk språk fram til i dag. Vi er einige om at vi skal observere korleis borna no kan *bruke* språket munnleg. Elin kjem òg inn, og ho set seg ved min ende av bordet.

### 9.1 Rommet

Rommet som vi sit i, er kvitmåla og lyst. Der er stort nok til at det forutan langbordet har plass til ein *lâavth-gâetie*<sup>107</sup> som borna kan leike i. På veggene heng barneteikningar av far som køyrer båt med påhengsmotor. *Motovre*, *Vinhse*, *Aehtjie* er det notert rundt kanten av den eine teikninga. Ein trykt biletplansje som heng like ved, viser forskjellige slag av innlandsfisk, *Jaevrien guelie*, står det øvst oppe. Her er òg barneteikningar frå skjering av sennagras; *suejnie tjuahpa*, har borna skrive på. Elles ser eg eit opphengt A4-ark fargelagt som eit samisk flagg. På to av veggene er det bokhyller med barnebøker og ymse permar. Eg registrerer dessutan to eksemplar av Knut Bergsland og Lajla Mattsson Maggas store sørsamiske ordbok frå 1993. Den boka er forresten å finne i *alle* rom på oppvekstsenteret, har eg lagt merke til. Elles er her ein del leiker på golvet, barnehageborna brukar òg dette rommet.

*Lâavth-gâetie*, far i båt på Femunden, innlandsfisk, sennagras, ordbøker, leiker, teikningar, sørsamiske plansjar og eit flagg. Eg sit og tenkjer på at eg har vore innom atskillige slike rom før. Dette kunne ha vore på skulen i skoltesamane si

---

107. Tradisjonell samisk teltype.

bygd, Če'vetjä'urr, nord for Enaresjøen i Finland, eller det kunne ha vore i den lulesamiske delen av skulen i Ájluokta i Tysfjord i Noreg. Men eg har òg vore inne i slike skulerom utanom Sameland: I den walisiske landsbyen Llandisyl, eller i den skotsk-gæliskspråklege delen av skulen i Sleat på Hebridane, eller i den mansk-gæliske skulen i St. Johns på Isle of Man i Irskesjøen, i frisiske Husum i Schleswig-Holstein i Tyskland og fleire andre stader. Symbola, teikningane, plansjane og ordbøkene varierer, men over alt handlar det om å la eit rom vera dominert av ein innfødd kultur og eit innfødd minoritetsspråk som ikkje dominerer i storsamfunnet *utanfor* rommet.

## 9.2 Førsteklassingen

Førsteklassingen kjem inn tannlaus, blid og opplagd. Han kjenner Pia godt frå før, og dei to helsar på kvarandre. Dei snakkar litt saman, begge snakkar sørsamisk tydeleg og i normal talefart. Elin og meg, som sit eit godt stykke frå Pia, tek førsteklassingen ingen notis av.

Han kliv opp på benken ved bordenden i lag med Pia, og dei begynner å bla i ei stor biletbok. Dei stoppar ved eit bilete av eit soverom. Pia spør kva han ser, og førsteklassingen forklarar og legg tydeleg vekt på å svara henne skikkeleg og utførleg.

- Pia: Soptsesth maam, guvvien bijre munnjen!  
 Førsteklassingen: Manne vuajna seangkoe, akte gitarre, basket-balle. Manne vuajna akte kraano, bijle, golme bijle jih gaamegh – vjaarhkosne, laampa – pultesne.  
 Pia: Vielie vuajnah?  
 Førsteklassingen: Baenie-skubpege, kanne akte næmhtems ... ij dajra, aktem njejte. Dan seangkosne leagkede.

Etter det siste svaret kan eg sjå at Pia i ein blink tenkjer omtrent slik: ”rett brukt inessiv av substantivet med endinga *-osne*, og dessutan rett ending *-ede* i trestavingsverb, 3. person eintal”. Etter vår eigen uttalte ideologi skal vi særleg legge merke til ordforråd og kva borna faktisk greier å uttrykkje på sørsamisk, ikkje kor korrekt grammatikk dei presterer. Men her var det altså korrekt.

Eg ser Pia tvinge tankane sine vekk frå grammatikken, og dei to går vidare:

- Pia: Mij lea rööpses?  
 Førsteklassingen: Daate rööpses, akte bijle, tråajja, dihte okse.  
 Pia: Datne vielie vuajnah?  
 Førsteklassingen: Gaamegh – vjaarhkosne, baenie-saehpie.  
 Pia: Mij daan sisnie jis?  
 Førsteklassingen: Tråajja...

Dei finn fram ei anna bok og ser på teikningane der. No er bileta frå uteliv og natur.

Pia: Soptsesth daan guvvien bijre!  
 Førsteklassingen: Lopmem vuajna, rieksegem vuajna.  
 Pia: Ij Leah rieksege.

Førsteklassingen kjem ikkje på kva skjora heiter på samisk, han legg peikefingeren på nasen og prøver seg fram med ymse fuglelydar: – ”Aktie ko-, ko-ko kokosnøtt he, he, he”. Pia ler òg, og saman kjem dei fram til kva fuglen heiter. Dei held fram:

Førsteklassingen: Skijre ... koko ... göökte tsytsegkh göökte ... liegkeste. Håagkaminie. Lopme-doenehkem vuejedh.  
 Pia: Jemhkelde?  
 Førsteklassingen: Ohtje.  
 Pia: Man gellie treavhkah vuajnah?  
 Førsteklassingen: (Tel lågt for seg sjølv på sørsamisk) – gæaktsie!  
 Pia: Maam dihte aajja dorje?  
 Førsteklassingen: Kaeffiem jovkedh.  
 Pia: Guktie vääjnoe?  
 Førsteklassingen: Tjeehpes tjelmie, moerh voessesne, tjielkem kjøre.  
 Pia: Gusnie aajja mij viskes voessem åtna?  
 Førsteklassingen: (Leitar og peikar på to gule sekker til han finn den sekken som Pia tenkjer på, men peikar og spør likevel) Dihte? ... dihte?

Det heile ber preg av å vera ein naturleg samtale, dei ler og spøker – og alt skjer på sørsamisk og framleis i vanleg talefart. Det verkar som om førsteklassingen forstår alle spørsmåla, og han bryr seg framleis ikkje om Elin og meg som sit ved andre bordenden og noterer.

Pia går over til å snakke om ting som dei ser på eit bilete frå ein butikk. I butikken ser dei mellom anna nokon med ei barnevogn. Pia vil veta kva som finst der. Førsteklassingen blir usikker på kva vogn heiter på sørsamisk, og vender seg for første gong til vår bordende og spør Elin kva det heiter. Han blir forundra over svaret – at det er noko så likt norsk som ”vågne”, og begynner straks å bruke ordet sjølv:

Førsteklassingen: Maana vågnen sisnie.

Det blir klart for meg at Pia ikkje er så interessert i barnevogner i butikkar, eigentleg er ho interessert sørsamiske postposisjonar. Altså: Vågner *sisnie*. *Sisnie* er poenget, ikkje vogna. Ho blir heretter meir og meir oppteken av kor tinga på biletet er i høve til kvarandre, og i rask rekkjefølgje brukar førsteklassingen to nye postposisjonar: Beenghken *nille*, daesnie *baalte*. Tida går mot

slutten, så Pia begynner å stille spørsmål *med* postposisjonar i staden for å vente på at førsteklasingen skal bruke dei spontant:

Pia: Mij dan nuelesne?

Her skal det rette svaret vera *skaarja* (saks), men førsteklasingen begynner no å bli trøytt, og han kjem dessutan ikkje på det sørsamiske ordet for saks. Han prøver seg med både ”tjööpseme” og ”nejpie” og kjem også med ein del meir fantasifulle forslag.

Pia: Ijje dihte akte skaarja.  
Førsteklassingen: (no er han skikkeleg lei) SKAAAAAAARJA!

Han går utan vidare ut, for no er det friminutt.

Ute i gangen går realitetane brått opp for han: Han får kortare friminutt enn dei andre på grunn av han har sete så lenge og snakka med Pia! Elin får difor ein god del å ordne opp i før vi kan gå vidare til å observere andreklassingen.

### 9.3 Andreklassingen

Det er same rommet, og vi tre vaksne sit på same måten som før ved det trekvite langbordet.

Andreklassingen kjem inn. Ho òg veit frå før kven Pia er, og det verkar som ho har god lyst til å snakke med henne. Pia er jo kjend for å seia ein del rare ting. Andreklassingen er til å begynne med litt beskjeden. Ho svarar greitt på det ho blir spurd om og snakkar heile tida i vanleg talefart på sørsamisk. Ho fortel mellom anna at ho no går i andreklassen. Andreklassingen og Pia tek fram den same biletboka som førsteklasingen såg i, og dei begynner å studere biletet av soverommet.

Pia: Maahtah soptsestidh daan guvvien bijre?  
Andreklassingen: Romme. Akte åere, akte gitarre, akte okse, akte tråajja, underbuksa.

Dette var ei korrekt oppramsing av ting dei ser på biletet. Allereie i svaret på neste spørsmål formulerer andreklassingen heilt på eige initiativ ei tilleggsforklaring om *kor* på biletet ting er.

Pia: Mij klaeride måvhkine?  
Andreklassingen: Veelkes. Rööpses. Lysbrytere. Jih akte gaamege. Gaamege lea tjengkeren baalte.

Eg ser at Pia blir fornøgd. Her fekk ho straks presentert ein rett brukt postposisjon utan ein gong å ha fiska etter postposisjonar! Ho må vidare, eigentleg



skulle vi jo ikkje tenkje på grammatikken, men likevel, går det bra, så går det bra.

- Pia: Gusnie naan rööpses vuajna?  
 Andreklassingen: Rööpses tråajja, okse, bijle, ... dagka, akte bilda, baenie-skubpege, laampa. Ij naan vielie rööpses.  
 Pia: Gusnie tråajja?  
 Andreklassingen: (peikar i boka) Desnie.  
 Pia: Soptsesth gusnie!  
 Andreklassingen: Gåetien sisnie. ... guelpien ...

I siste svaret sitt tenkte nok andreklassingen å seia ”guelpien sisnie”, men så høyrer ho sjølv at det blir feil å bruke denne postposisjonen akkurat i dette tilfellet, derfor fullfører ho ikkje. Slik rettar ho seg sjølv.

- Pia: Gusnie njejte?  
 Andreklassingen: Seangkan sisnie.  
 Pia: Gusnie tråajjoe?  
 Andreklassingen: Skoffan sisnie.  
 Pia: Gusnie baenie-skubpege?  
 Andreklassingen: ... nuelesne (set det sjølv om til norsk, og høyrer at det blir feil i høve til det dei ser på biletet, rettar seg sjølv) nei: nelnie.

Dei snakkar om mykje og mangt, og det verkar som om andreklassingen trivst i situasjonen. Ho legg fleire gonger merke til Elin og meg ved andre bordenden, til slutt seier ho på norsk, vendt mot oss: ”Sitt døkk enno og skriv?”

Pia finn fram ei ny bok:

- Pia: Maahtah soptsestidh daan guvrien bijre?  
 Andreklassingen: Manne treavhkam vuejnedh, skovtere, tjjelke, ...kaffem laagedh. Göökte njejth. Bjenje kutedh.  
 Pia: Guatsa.  
 Andreklassingen: Akte riepíe ... rieksege ... skjire ... (tsyjhtsehke, tsööt-sege).  
 Pia: Mij klaeride dah vaanhtsh?  
 Andreklassingen: Veelkes.  
 Pia: Gusnie dihte aajja viskes voessine?  
 Andreklassingen: (4–5 forsøk på å svara, vanskeleg)  
 Pia: Viskes voesse aajan baalte.  
 Andreklassingen: (Spør Elin på norsk om kva røyskatt heiter på samisk. Får veta det og brukar da ordet.) *Tjetskie*.

Dei held fram på same viset med biletet frå butikken. Andreklassingen blir tydeleg meir modig. På eit visst tidspunkt tek ho sjølv initiativet og kjem på

noko som vi vaksne burde ha tenkt på som ein god metode allereie frå starten av: Ho begynner sjølv ut frå bileta å stille spørsmål til Pia, no vil ho prøve å setja *henne* fast.

Dette kjem så uventa at Pia misforstår det når andreklassingen kjem med forslaget *mov vâara* (= min tur). Pia trur ho seier substantivet *moere* (= tre) som svar på siste spørsmål. Andreklassingen må difor forklare nærare for å få Pia til å forstå, og andreklassingen seier da:

”Mov vâara gihtjedh datne. Gusnie trâe?”

Dermed er det klart at Pia må til å svara:

- Pia: Maam trâine dorje.  
 Andreklassingen: (Seier lågt for seg sjølv på norsk: *Det* kan je itte sei, det blir for enkelt. Ho går så over til å snakke høgt på sørsamisk.) Gusnie vaanhtsh? Gusnie gaamege?  
 Pia: Guelpesne.  
 Andreklassingen: Ijje ... ijje ... ijje.  
 Pia: (Pia kjem med ei rekkje nye feil svar.)  
 Andreklassingen: Ijje ... ijje ... ijje.  
 Pia: Easkan sisnie.  
 Andreklassingen: Jaavoe! Mov vâara! Gusnie tjohpe, akte spesiell! Dov vâara!  
 Pia: Gusnie lihtie?  
 Andreklassingen: (Spør på norsk kva *lihtie* er.)  
 Pia: (Forklarer det på sørsamisk.) Tjaetsiem maahta dan sisnie utnedh.  
 Andreklassingen: Åå, dihte.  
 Pia: Gusnie aktem rööpses, veelkes, kruana tråajjam vuajna?  
 Andreklassingen: Vanskelig du!  
 Pia: Akten böösetjen.  
 Andreklassingen: Åå ja den! Gusnie naan rööpses?  
 Pia: Gærja, tyjje, læjkie, guapa?  
 Andreklassingen: Kanne ... ij dom ... kanne ... ij Leah dom...

Skuledagen er no over for andreklassingar, og skuleskyssen ventar. Nokon ropar inn døra:

*Drosja er kømme!!*

Andreklassingen pakkar saman og spring ut. Det er slutt på observasjonen vår for i dag.



Pia brukte å komma til Elgå med jamne mellomrom for å intervju ungane på sørsamisk. Bildet viser ei fornøgd Pia i framgrunnen. Dan Richard i bakgrunnen er litt tvilande. Han har lyst til å bli intervjuet, men samtidig har han lyst til å springe ut, for veret er så fint. Vi kan sjå at sola skin gult og varmt inn i rommet gjennom begge vindauga. (Dan Richard Fjellheim Mortensson har laga bildet.)

**Figur 29.** Christine Rensberg

## 9.4 Kommenterar til observasjonen

Samtalane med første- og andreklassingen ved Elgå oppvekstsenter i februar 2005 reiser fleire spørsmål. Kva slags samtalar var dette? Kva strategiar brukte borna når dei skulle uttrykke seg på sørsamisk? Kva var det som prega det sørsamiske språket hos desse to borna som begge hadde delteke i språkmotiveringsprosjektet?

### 9.4.1 Kva slags samtalar?

Var dette to ekte samtalar? Var det ikkje heller arrangerte situasjonar der det som vart sagt, heile tida var styrt av bilete i bøker? Vidare kan ein også innvende: Dette var ikkje samtalar mellom to likeverdige partar, men samtalar der den vaksne heile tida stilte spørsmål og hadde makt til å styre kva som skulle vera rett eller feil retning på samtalen. Delar av samtalane vart da òg styrt av at vi vaksne ville ha borna til å uttrykkje visse grammatikalske konstruksjonar.

Innvendingane kan tilsynelatande verke rimelege, men dei tek ikkje omsyn til kva alternativ vi kunne ha valt. Det ville til dømes ha vore heilt umogleg å arrangere ein leikesituasjon der borna fritt hadde snakka sørsamisk med kvarandre om det dei sjølve helst ønskte å snakke om. Lydopptak av ein slik situasjon ville sjølvstund ha gjeve oss eit svært godt grunnlag for språkleg analyse, men sørsamisk har per dato ei samfunnsmessig stilling som gjer denne optimale situasjonen svært vanskeleg å arrangere. Vi måtte finne ein annan måte for å observere bruken av sørsamisk, og vi fann den måten som er skildra detaljert ovanfor.

I praksis var ikkje samtalane under observasjonen på Elgå oppvekstsenter i februar 2005 fullstendig vaksenstyrte. Trass i forma med spørsmål og svar, såg vi at borna sjølve tok initiativ – og slike initiativ vart aldri stoppa av oss. Andreklassingen greidde til og med å snu den opphavlege situasjonen på hovudet ei stund ved å prøve å finne spørsmål som Pia ikkje kunne svara på.

Det var mitt inntrykk som observatør i rommet at borna oppfatta samtalane som naturlege, ikkje som ein språktest.

### 9.4.2 Språklege strategiar hos første- og andreklassingen

Foreldra til borna som deltok i prosjektet, kunne sjølve ein heil del sørsamisk. Likevel fortalde dei om sperra som dei hadde mot å snakke språket lenge om gongen.<sup>108</sup> Eit viktig mål med språkmotiveringsprosjektet var at borna ikkje skulle kjenne ei slik sperre, og at dei skulle motiverast til å bli produktive sørsamiske språkbrukarar.

---

108. Sjå kap. 3.1.

Viss første- og andreklassingen i 2005 hadde kjent dei same sperrere som for-eldra fortalde om, ville situasjonen omkring dei observerte samtalane ha vore svært ubehageleg for dei. For det første: Pia brukte kvar gong ho besøkte oppvekstsenteret å snakke konsekvent sørsamisk med dei borna som skulle lære språket. Dei visste at ho ville gjera det no òg. For det andre: Rommet Savka, der vi oppheldt oss under samtalane, var definert som eit klart samiskspråkleg domene ved oppvekstsenteret. Her var det altså *to* tydelege signal samtidig på at samtalane skulle vera på sørsamisk: Pia og Savka.

I observasjonane av første- og andreklassingen såg vi ingen teikn til at dei prøvde å unngå å møte språket. Tvert i mot: Begge verka både interesserte og ivrige, og dei tok sjøve initiativ til å snakke. Dersom dei stod fast på sørsamiske ord, spurde dei anten direkte om kva det heitte, eller dei brukte norske ord og tilpassa dei det sørsamiske språksystemet. Og dei heldt seg til sørsamisk så lenge dei snakka med Pia – bortsett frå ein einaste gong da andreklassingen på norsk spurde kva det sørsamiske substantivet *lihtie* betyr.

#### 9.4.2.1 Direkte spørsmål

Å spørja direkte kva noko heiter, er ein god og offensiv strategi for å lære seg språk. Av referata frå samtalane ser vi at borna spurde direkte kva dei norske orda *røyskatt*, *vogn*, *saks* og *skjor* er på sørsamisk. Straks dei hadde høyrte det sørsamiske ordet, brukte dei det sjøve.

Tidlegare hadde vi ikkje registrert direkte spørsmål under observasjonar.

Borna spurde vidare kva dei sørsamiske orda *lihtie* og *åesiesmennie* heiter på norsk. Dette fekk dei ikkje noka direkte norsk omsetjing av, men Pia forklarte innhaldet i orda på sørsamisk: ”Tjaetsiem maahta dan sisnie utnedh” og ”Dihte gie bovresne barka”.

#### 9.4.2.2 Tilpassinga av norske ord til sørsamisk språkssystem

Både første- og andreklassingen brukte norske enkeltord medan dei snakka sørsamisk, som til dømes:

<i>lysbyrtere</i>	(lysbyrtar)
<i>symaskijne</i>	(symaskin)
<i>jennomsiktli</i>	(gjennomsiktig)

Felles for desse tre orda er at det ikkje finst nokon heilt opplagde og allment kjende sørsamisk avløyasarord for dei. Det kan difor kjennast naturleg å bruke dei norske orda som alle kjenner.

Borna tilpassa dei to norske substantiva *lysbyrtar* og *symaskin* til det sørsamiske språkssystemet ved å gje dei endinga *-e* i nominativ. Det norske adjektivet *gjennomsiktig* tilpassa dei ikkje.

Borna brukte òg norske ord frå den meir sentrale delen av ordforrådet, som til dømes:

*kaffem laagedh* (å laga kaffi)  
*fiskedh* (å fiske)  
*kutedh* (å springe, norsk østerdalsdialekt: å kute)  
*akte bilda* (eit bilete)

Det norske substantivet *tak* vart òg brukt. Det vart i samtalen bøygt og fekk korrekt sørsamisk inessiv kasusform:

*takesne* (i taket)<sup>109</sup>

Vidare vart det norske verbet *å sy* bøygt som eit sørsamisk trestavingsverb:

*syjjede* (syr)

I alle desse sju tilfella (*laga kaffi*, *fiske*, *springe*, *bilete*, *tak* og *sy*) finst det allment kjende sørsamiske verb og substantiv å bruke i staden for dei tilpassa norske orda. Her må vi difor sjå på dei tilpassa norske orda som eit steg på vegen mot meistring av det sørsamiske vokabularet.

#### 9.4.2.3 Kodeveksling

Når ein person gjennom ein samtale brukar meir enn eitt språk, kallar vi det kodeveksling. I miljø der alle er tospråklege, er dette relativt vanleg. Kodeveksling er meir vanleg i uformelle enn i formelle samtalar. Slik veksling har ikkje nødvendigvis noko å gjera med kor godt ein kan begge språka. Kodevekslinga kan like gjerne sjåast som ei god utnytting av det totale språklege repertoaret hos deltakarane i samtalen.

I språklærings situasjonar *kan* veksling mellom språka likevel vera eit uttrykk for at ein ikkje greier å fullføre ein samtale eller ei setning i det eine språket og difor må ty til det andre.

Begge elevane som vi observerte, oppfatta samtalen med Pia som ein sørsamiskspråkleg situasjon. Både personen Pia, rommet Savka, og dei bøkene som var framme, tilsa bruk av sørsamisk. Ingen av dei to elevane snakka direkte til Pia på norsk, dei prøvde så godt dei kunne å halde seg til sørsamisk heile tida.

Sidan norsk var det sterkaste språket deira, kunne vi vente at dei snakka norsk når dei sa noko for seg sjølve, noko dei ikkje venta å få eit direkte svar på. Det var difor litt overraskande at både første- og andreklassingen talde lågt for seg

109. Ikkje alle døma som eg har brukt her, finst att i samtalereferata ovanfor. Dei observerte samtalane var lengre enn det som er referert her.

sjølve (1, 2, 3, 4 osv) på sørsamisk, før dei presenterte det endelege resultatet av rekninga direkte til Pia. Her kunne vi vente norsk.

I ein del tilfelle under samtalen snakka andreklassingen likevel *til seg sjølv* på norsk:

”Va er det her egentli, en pakke? Jennomsiktli?”

”Vanskelig, du!”

”Å ja, den!”

Og medan ho spekulerte ut eit vanskeleg spørsmål til Pia, sa andreklassingen til seg sjølv på norsk:

”*Det kan je itte sei, det blir for enkelt*”.

Dette var det ikkje meininga at Pia skulle høyre, og da andreklassingen formulerte dei endelege spørsmåla, var *dei* på sørsamisk.

”Gusnie vaanhtsh? Gusnie gaamege?”

Til Pia snakka andreklassingen sørsamisk, til seg sjølv norsk.

Under samtalen med Pia vender andreklassingen seg dessutan til Elin og meg på norsk:

”Sitt døkk enno og skriv?”

Sjølv om norsk var det sterkaste språket for dei to elevane, og sjølv om dei begge visste at Pia også forstod norsk, skifta dei stort sett ikkje språk under dei observerte samtalan. Når den sørsamiske samtalen vart for vanskeleg, var det ikkje borna sin strategi å skifte språk – men heller å bruke norske enkeltord med sørsamiske bøyning i ein elles sørsamisk samtale. Eller dei spurde direkte om kva det eller det heitte.

### 9.4.3 Meistring av sørsamisk morfologi

Vi vaksne som var engasjerte i språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter, var heile tida samde om at rett grammatikk skulle vera underordna det å kunna uttrykkje forstålege meiningar på sørsamisk. Borna skulle først og fremst få eit stort sørsamisk ordforråd og våge å uttrykkje seg.

Det er likevel slik at mykje meiningssinnhald blir uttrykt nettopp gjennom grammatikken. Difor nyttar det ikkje å sjå vekk frå han. Nedanfor skal vi studere utvalde trekk ved morfologien i det sørsamiske språket hos første- og andreklassingen, slik desse trekka kom fram under observasjonen i februar 2005. Ein slik gjennomgang gjer det seinare lettare å beskrive den språklege

utviklinga hos elevane. Gjennomgangen har òg allmenn interesse som døme på barnespråk i ein revitaliseringssituasjon for eit truga språk.

#### 9.4.3.1 Meistring av kasussystemet

Samtalane mellom førsteklassingen, andreklassingen og Pia handla om kva dei såg på bilete i bøker. I ein slik samtale vil setningar av denne typen bli sentrale:

- 1) "Der er ei trøye, ein leikebil osv."
- eller av denne typen:
- 2) "Eg ser ei seng, ein gitar, ein basketball osv."

I setning 1 er dei substantiva som er nemnde, subjekt og skal stå i nominativ kasus. I setning 2 er pronomenet subjekt og skal stå i nominativ, medan substantiva er objekt og skal stå i akkusativ. I sørsamisk kan pronomen og substantiv stå i åtte ulike kasus: nominativ, akkusativ, genitiv, illativ, inessiv, elativ, komitativ og essiv.

I løpet av samtalen brukte første- og andreklassingen fire av desse åtte kasusa.

Til dømes:

- 1) Nominativ: Gaamege, tråajjoe, okse.
- 2) Akkusativ: Kaeffiem, lopmem, tjielkem.
- 3) Genitiv: Tjengkeren, gåetien, maanan.
- 4) Inessiv: Seangkosne, våarkosne, voessesne.

Både første- og andreklassingen brukte alle desse fire kasusa.

Til saman brukte borna substantiv 108 gonger i dei to samtalane. Av desse 108 gongene nemnde dei substantiv i nominativ eintal 74 gonger, og i nominativ fleirtal seks gonger.

Etter nominativ vart genitiv mest brukt i samtalane. 12 gonger vart substantiv nemnde i genitiv, 8 gonger i akkusativ og 6 gonger i inessiv.<sup>110</sup>

Alle dei 26 gongene borna brukte akkusativ, genitiv eller inessiv, brukte dei desse kasusformene rett i høve til det som er vanleg innfødd sørsamisk tale.

Sjølv om akkusativ, genitiv og inessiv vart rett brukte i alle dei 26 tilfella der dei førekom, finn vi likevel eit visst *underforbruk* av desse kasusa. Og vi finn eit tilsvarande overforbruk av nominativ eintal. I åtte tilfelle der borna brukte

110. To substantiv var ein gong kvar kopla med ein norsk etterhengd bunden artikkel og kan difor ikkje plasserast i nokon bestemt sørsamisk kasus ut frå forma. Det gjeld substantiva: *goervebutikken* og *mielhkiebutikken*. Sørsamisk språk har ikkje eigentlege artiklar, og desse to substantiva er dei einaste døma på at borna brukte bunden artikkel i sørsamisk etter norsk mønster. Det er derimot fleire tilfelle i samtalane der det sørsamiske talordet *akte* vart brukt temmeleg likt den norske ubundne artikkelen *ein*. Slik bruk av *akte* er i dag heilt vanleg i sørsamisk.



nominativ eintal, ville det etter systemet ha vore rett å bruke akkusativ eintal. I to tilfelle der nominativ eintal er brukt, ville nominativ fleirtal ha høvd betre, og i eitt tilfelle ville akkusativ fleirtal ha vore meir korrekt. Dessutan var det fire tilfelle der det etter samanhengen nok hadde vore naturleg å bruke akkusativ, men på grunn av at verbet ikkje er uttrykkeleg nemnt, er samanhengen litt uklår. I munnleg språk er det elles vanleg at setningar ikkje er "fullstendig" formulerte.

Gjennom samtalane brukte borna pronomen 22 gonger. Dei brukte da i alt seks ulike pronomen. Dersom ein også reknar med bøyingsformer, blir talet ti:

*manne, mov, datne, dov, daate, dihte, mij, maam, naan og jeenje.*

Dei personlege pronomena *manne* og *datne*, brukte borna – forutan i nominativ – også i genitivsformene *mov* og *dov*. Borna brukte dessutan pronomenet *mij* korrekt både som spørjepronomen og som relativt pronomen i nominativ. Dei bøyde òg *mij* i akkusativsforma *maam* i spørsmålet *Maam jeahta?* Dette spørsmålet (*Kva seier du?*) er elles så vanleg at vi nærmast må kalle det eit fast uttrykk.

I tillegg til dei nemnde seks pronomena (ti formene), vart talordet *akte* ein stad brukt som ubunde pronomen, i nominativsform. Det gjeld i setninga:

"Akte mij gååre".

Éin stad i samtalane vart det personlege pronomenet *datne* brukt i nominativ der det etter systemet skal vera akkusativ:

"Mov váara gihtjedh *datne*" i staden for "Mov váara gihtjedh *dutnem*".

Her ser vi igjen at nominativ kan bli oppfatta som umarkert form og brukt der ein er usikker på kva form ein skal bruke.

Kasusbruken i samtalane tyder på at borna oppfatta nominativ eintal som ei umarkert form, og dei valde å bruke denne forma når dei ikkje var sikre på kva bøyingsformer dei skulle nytte.

Borna brukte postposisjonar 14 gonger i den tida samtalane varte. I alt brukte dei seks forskjellige postposisjonar. Om ein også reknar med bøyingsformer av postposisjonar, blir talet åtte forskjellige:

*Baalte, duekesne, lihke, nelnie, nille, nualan, nuelesne og sisnie.*

Után unntak sette borna substantiva som stod framfor postposisjonane, i genitiv<sup>111</sup>. Dette er korrekt sørsamisk, og denne grammatiske regelen syntest å vera heilt automatisert i språket hos både første- og andreklassingen. Dette er da

111. Av og til var det snakk om berre påbegynte setningar der det ikkje var noko substantiv eller pronomen føre. Difor er talet på brukte postposisjonar høgre enn talet på substantiv i genitiv.

også ein regel med få unntak i sørsamisk.

Borna kjende òg meiningsinnhaldet i dei ulike postposisjonane som dei brukte, og dei brukte dei rett. (Berre postposisjonen *nille* vart éin gong brukt i feil meining.)

#### 9.4.3.2 Manglande kasus

I samtalane finn vi ingen døme på at borna brukte substantiv i illativ, elativ, komitativ eller essiv. Det kan bety at dei ikkje meistra desse kasusa, eller det kan bety at samtalane ikkje gav dei høve til å bruke dei. Men forklaringa på at borna ikkje brukte desse kasusa, kan òg vera at dei var usikre på bruken av formene, og at dei difor medvite *unngekk* å bruke dei. I staden brukte dei altså det dei oppfatta som umarkert form av substantivet, nominativ eintal.

#### 9.4.3.3 Meistring av verbbøyinga

Verba i sørsamisk har langt fleire bøyingsformer i sørsamisk enn i norsk som var det språket borna meistra best. Sørsamiske verb bøyest både i personar og tal, samtidig som sørsamisk har eit levande system med verbavleiingar, der norsk brukar andre måtar for å uttrykkje same meining.

I dei to samtalane brukte borna verb 33 gonger. Dei brukte verba i fire ulike grammatikalske former:

- |    |                            |                         |
|----|----------------------------|-------------------------|
| 1) | I infinitiv                | t.d. <i>gihtjedh</i>    |
| 2) | I presens 1. person eintal | t.d. <i>vuajnam</i>     |
| 3) | I presens 3. person eintal | t.d. <i>åara</i>        |
| 4) | I tilstandsform            | t.d. <i>håagkaminie</i> |

I tillegg til desse fire formene brukte borna nekting, som i sørsamisk blir uttrykt gjennom verb og verbformer, ikkje som i norsk gjennom adverb.

Viss vi kallar infinitiv ei ubøygde, eller umarkert, form, kan vi seia om samtalane at borna alltid bøyde verba rett når dei bøyde dei. Men det var eit visst overforbruk av den ubøygde infinitivsforma. I sju tilfelle brukte borna infinitiv der systemet kravde bøyde former av verbet. Det var òg eit visst overforbruk av 3. person eintal: Fem gonger under samtalane registrerer vi verbforma *vuajna* (i staden for *vuajnam*) brukt i 1. person eintal.

Begge borna brukte nektings verbet, og sa til dømes *ijje* når Pia svara feil på spørsmål som vart stilte. Dei brukte òg fleire gonger nektings verbet pluss eit hovudverb slik systemet krev i fullstendig formulert nekting på sørsamisk. Men dei meistra ikkje alltid den spesielle nektingsforma av hovud verbet eller bøyinga i personar av nektings verbet. Difor kunne dei seia *ij dajra* i staden for *im daejreh*.

## 9.5 Oppsummering av observasjonen i 2005

Første- og andreklassingen var i februar 2005 i stand til å forstå vanleg sørsamisk tale. Dei var ikkje redde for å svara på sørsamisk når dei vart spurde om noko på språket, og dei kunne under trygge tilhøve halde ein sørsamisk samtale i gang over lengre tid. Dei viste stor vilje til å gjennomføre samtalanane på sørsamisk, og dei slo stort sett ikkje over til norsk. Når dei stod fast på ord, kunne dei spørja direkte om kva det eller det heitte, eller dei kunne utan vidare ta eit norsk ord og tilpassa det til det sørsamiske lyd- og bøyingsystemet.

Samtalanane viste at første- og andreklassingen til ein viss grad meistra kasus-systemet i substantiv og pronomen på sørsamisk, og kunne bøye verb. Vi fekk gjennom samtalanane likevel ikkje demonstrert *alle* kasus i substantiv- og pronomenbøyinga eller alle personar, tal og tider i verbbøyinga. Ein grunn til dette kunne vera at samtalanane var for stutte til at det vart naturleg å bruke så mange ulike bøyingsformer. Ein annan grunn kan vera at borna enno ikkje meistra alle desse formene i februar 2005.

Begge borna meistra godt bruken av genitiv i substantiv før postposisjonar.

Det er interessant å leggje merke til at borna såg ut til å oppfatte nominativ eintal av substantiv og infinitiv av verb som umarkerte former.

## 10 Resultata i språk- motiveringsprosjektet

”Velvie muerjijste.  
Gaajhkesidie sjædta.  
Gaajhkesj fiereguhte, maajsojne gåatan vaedtsieminië.”

(Ella Holm Bull i diktet ”Biejjie guaka”<sup>112</sup>)

Som eit ”resultat av språkmotiveringsprosjektet”<sup>113</sup> reknar eg her borna si faktiske meistring av sørsamisk språk ved prosjektslutt våren 2006. Da språkmotiveringsprosjektet starta opp, vart det lagt særleg vekt på at borna skulle bli aktive *talantar* av sørsamisk. Difor har eg her prøvd å dokumentere trekk ved sørsamisk spontantale blant borna, slik denne talen var heilt i slutten av prosjektperioden.

Dei språklege haldningane og strategiane som kunne registrerast hos dei borna som var med i prosjektet, reknar eg òg som resultat av språkmotiveringsprosjektet.

Språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter var eineståande i sørsamisk samanheng. Vi har difor ingen ting å samanlikne med når vi skal evaluere resultata frå Elgå. Her har eg late foreldre og besteforeldre evaluere prosjektet i lys av dei forventningane dei hadde da prosjektet starta.

### 10.1 Dei språklege resultata

Dette delkapittelet om dei språklege resultata i språkmotiveringsprosjektet byggjer dels på dei observasjonane som vart gjorde undervegs i prosjektperioden, og som er detaljert skildra i kapitla 8 og 9 ovanfor, og dels på ein observasjon som Sig-Britt Persson (Pia) og eg gjorde rett før prosjektslutt i mai 2006.

Pia hadde i slutten av mai 2006 samtalar på sørsamisk med alle borna som hadde vore med i språkmotiveringsprosjektet. Desse samtalanane vart tekne

112. Diktet som denne strofa er henta frå, har opphavleg stått i boka Bull, Ella. 2000. *Ov-messie darjomes*. Billavuotna: idut, og er her henta frå Gaski, Harald og Kappfjell Lena [Red.] 2004. *Ávtese jáhta – áarjelsaemien tjaalegh jih tjaalegh áarjelsaemien*. Guovdageaidnu: DAT. S. 55.

113. Eg har sett hermeteikn for å markere at det aldri berre er éin faktor (språkmotiveringsprosjektet) som er med og skaper språkbruk og språkhaldningar blant borna. Men at språkmotiveringsprosjektet har vore ein *viktig* faktor her, går eg ut frå.

opp på band og seinare transkriberte. Stemninga omkring observasjonen var ganske lik den som er skildra i kap 9 ovanfor. I 2006 heldt vi ikkje til i Savka, men i eit mindre rom på loftet, kalla *Viskes tjehtjele*. Pia og eleven sat ved eit bord midt i rommet, eg sat ved eit mindre bord i ei krå og noterte det som skjedde. Elevane kunne lett sjå meg om dei ville. Bandopptakaren stod like ved, og elevane visste at samtalanene vert tekne opp på band.<sup>114</sup>

### 10.1.1 Haldningar og språklege strategiar våren 2006

Gjennom heile prosjektperioden kunne medarbeidarane observere at borna ikkje var redde for å snakke sørsamisk, og at dei gjerne brukte det dei kunne av språket. Dette hadde ikkje forandra seg i 2006. Som døme på dette kan nemnast: Vi tenkte i utgangspunktet å gjera observasjon av berre to av borna i mai 2006. Grunngevinga for dette var reint praktisk. Vi ville ikkje få tid til å transkribere og gå gjennom eit større materiale enn dette. Da borna oppdaga at vi dreiv og observerte språket (eller testa språket), ville sju av dei i alt åtte aktuelle vera med på dette<sup>115</sup>. Og vi måtte straks utvide observasjonen til å gjelde desse sju. Hendinga viser at borna ved prosjektslutt i 2006 heller oppsøkte enn unngjekk sørsamiskspråklege situasjonar. Dette må karakteriserast som eit positivt resultat av språkmotiveringsprosjektet.

Gjennom samtalanene kunne vi observere at borna brukte mykje dei same språklege strategiane som er skildra i kap 9 ovanfor (direkte spørsmål, sørsamisk tilpassing av norske ord og kodeveksling). Dei offensive strategiane deira var uttrykk for ei offensiv haldning til språklæringa. Dette er eit resultat av prosjektet som vil vera til hjelp for borna i den vidare tileigninga av sørsamisk språk.

Spørsmåla som Pia stilte i observasjonen i 2006, var meir krevjande enn dei spørsmåla ho stilte i 2005<sup>116</sup>. Dei var meir krevjande på den måten at dei ikkje tok utgangspunkt i ting eller bilete som borna såg. Pia bad borna fortelja om forskjellige ting dei ikkje såg, eller ho spurde dei om noko som hadde hendt. Ho bad òg borna laga teikningar sjølve, og ho spurde dei ut om tilhøve knytte til det dei hadde teikna.

Vi kunne observere at borna forstod også slike spørsmål, spørsmål som var kontekstuavhengige. Men spørsmåla var vanskelegare for dei å *svara* på enn dei i 2005, og dette løyste borna delvis ved å svara på norsk. Det kunne foregå slik som i dømet nedanfor der eleven sit og lagar ei teikning:

114. Foreldra gav samtykke til å gjera slike opptak.

115. Vi gjorde da som borna ville, og gjorde opptak med alle dei sju. Heile dette store materialet er ikkje transkribert og gjennomgått, men det er teke vare på og kan brukast seinare av det språkpedagogiske miljøet ved Elgå skule.

116. Sjå kap. 9.

- Pia: Maam provhkh darjodh gosse eejehtidh, gosse dagkeres frimindudth, maam dellie darjoeh  
 Elev: ... eee ...litt forskjellig  
 Pia: Nåh åadtjoem govledh  
 Elev: ... mmm ... je batjer  
 Pia: ... jaha?  
 Elev: ... så husker je  
 Pia: ... jaha  
 Elev: Så gjør je litt anna

Av og til retta elevane seg sjølve når dei hadde begynt på norsk, og gjekk tilbake til sørsamisk. Det kunne føregå slik:

- Elev: eee ... iiii ... uuu ... i derhviegåetien  
 Pia: Derhviegåetesne, neiii  
 Elev: Joo, oppå vaer ... vjær ... ååå ... vaerien ... vaerien luvnie

I første replikken brukte eleven den norske preposisjonen *i* framfor det samiske substantivet *derhviegåetie* (gamme). Når Pia svarte, brukte ho (Pia) substantivet i rett grammatikalsk form, *derhviegåetesne*. I neste replikk skulle eleven til å gjera ein liknande feil oppatt og brukte først norsk preposisjon *oppå* før det samiske substantivet *vaerie* (fjell), men så tok eleven seg i det sjølv, skifte ut den norske preposisjonen med sørsamisk postposisjon og sa *vaerien luvnie*. Her vart både postposisjonen og genitivsforma av *vaerie* brukt rett.

I minoritetsspråksamfunn der alle er tospråklege, kan det vera ei stor utfordring å skapa situasjonar der majoritetsspråket ikkje tek over.

### 10.1.2 Kasusbruk i substantiv og pronomen

Å meistre dei sørsamiske kasusformene av pronomen og substantiv er viktig når ein skal uttrykkje seg på sørsamisk. Sørsamisk har i alt åtte kasus.

I samtalanene med borna i mai 2006 registrerte vi døme på rett bruk av sju forskjellige kasus i substantiv og pronomen. Eg presenterer nokre av desse døma nedanfor. Dei to elevane kallar eg her 1 og 2. Parentesen etter døma viser kven av elevane som har sagt kva. Den korrekt brukte kasusforma er her sett i kursiv.

#### Nominativ

- Dihte lea akte tjeehpes jih viskes jih *nubpie* lea viskes (1)  
 Ijje, manne barre *laantemuervjeh* (1)  
 Stoerre *giedtie* desnie jih dihte gaskemes dihte unnemes (2)  
 Naan *guelieh* (2)

**Akkusativ**

- Im manne sijht löönedh *dam* (1)
- Maam* datne tjaaledh? (1)
- Iije, dellie *bandy* spealadidh (2)
- Manne rastesne manne *tjengkerem* tjiektjeme (2)

**Genitiv**

- Dan biejjien* tjaebpies veeralde (1)
- Maarjan* voepth guhkies (1)
- Uksien* (2)

**Inessiv**

- Mijjien maanah *daesnie* (1)
- Elgâesne* (1)
- Derhviegâetesne* (2)
- Desnie* akte traktore (2)

**Komitativ**

- Vinhtsine* vuejedh (1)
- Kroehpine* (1)
- Vinhtsine* manne vuajeme (2)

**Illativ**

- Tjaktjese* (1)
- Tjoerem *skuvlese* (2)
- Reinese* (NB: Her er det tale om eit personnamn Reinie) (2)

**Elativ**

- Dusnie dihte stoerre giedtie, viedtja dan geadtan, tsaakem *duhtie* gaske-  
mes jih dihte gaskemes dihte unnemes. (2)

Da vi observeerte dei same to borna i februar 2005, fann vi døme på rett bruk av *fire* ulike kasus<sup>117</sup>. I samtalene ved observasjonen i juni 2006, registrerte vi døme på rett bruk av i alt *sju* kasus. Begge borna brukte seks kasus rett i 2006, det galdt kasusa nominativ, akkusativ, genitiv, inessiv, komitativ og illativ. I tillegg brukte den eine av borna elativ korrekt éin gong. Dette tyder på ein framgang i bruk av kasus frå februar 2005 til mai 2006.

**10.1.3 Verbbøyinga**

Forutan bruk av kasus i pronomen og substantiv er verbbøyinga vesentleg for å kunna uttrykkje seg på sørsamisk. I samtalen i juni kunne vi observere at elev 1 og 2 korrekt kunne bruke dei verbformene som blir presenterte nedanfor.

---

117. Sjå kap. 9.4.3.2 ovanfor.

**Infinitiv**

- ... pryöve *åadtjestidh* (2)
- ... ij sijhth vielie *tjaeledh* (2)
- Vinhtsine *vuejedh* (1)

**Presens 1. person eintal**

- Tjenkerem *tjektjem* (2)
- Tjoerem* skuvlese (2)
- Manne *vienhtem* (1)
- Joe amma da *daajram* (1)

**Presens 2. person eintal**

- Maam datne *lyjbbkh?* (2)
- Maahtah* gaajhkh saernes. (2)
- Datne *båatah*. (2)

**Presens 3. person eintal**

- Dihte *lea* Meele (2)
- Dihte *lea* onne, plaave jih plaave (2)
- Dihte *sjædta* (1)
- Aehtjie *barka* bovtsen luvnie (1)

**Presens 3. person fleirtal**

- Ja miijjieh *vuejnieh* bovtsh (1)
- ... å så naemhtie, *bætieh* (2)

**Perfektum**

- Manne saemien *soptsestamme* (2)
- Manne jaevresne *vuajeme* (2)
- Manne *ryökneme* (2)
- Desnie dam *tjaaleme* (2)

**Nektingsformer og nektingsverb**

- Ijje* (2)
- Ij* dihte (2)
- ... ååå *im* manne *daejrieh* (1)

I februar 2005 brukte borna *fem* ulike former av verb,<sup>118</sup> oversikta ovanfor syner *sju* ulike registrerte former i juni 2006 (eller åtte ulike former dersom vi reknar rett bøyinga av nektingsverbet *ij* og *im* som to former). Oversikta ovanfor over aktivt brukte verbformer tyder på språkleg utvikling også på dette området sidan februar 2005.

---

118. Sjå kap. 9.4.3.3.





Christine Rensberg var medarbeidar i språkmotiveringsprosjektet i alle fem åra. Bildet viser henne hausten 2006. Kroppshaldning og andletsuttrykk viser tydeleg at ho har vilje og energi til stå på for sørsamisk språk i mange år framover. (Bendik Elias Danielsen har laga bildet.)

Berre elev 2 brukte perfektum form i samtalan. Eleven brukte verb i denne forma i alt 12 gonger gjennom samtalen, alle gongen rett. I sørsamisk kan ein uttrykke fortid på denne måten utan å nemne det finitte verbet. Det var akkurat det elev 2 gjorde, dermed unngjekk eleven å måtta bøye det finitte verbet – uttrykksmåten vart likevel rett. Dette er òg ein offensiv språkleg strategi.

### 10.1.4 Språkutvikling

Ved å samanlikne borna sitt sørsamiske språk slik det er skildra i kap. 8 (språkutviklinga 2002–2004), kap. 9 (språkleg status 2005) og ovanfor i dette kapitlet (språkleg status 2006), ser vi at borna har hatt ei samanhengane sørsamisk-språkleg utvikling i dei åra språkmotiveringsprosjektet varte.

## 10.2 Andre resultat

Språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter var eit langvarig lokalbasert prosjekt som innebar mykje samarbeid. Prosjektet innebar også nært samarbeid mellom dei to etniske gruppene i skulekrinsen. Kapittel 7 om den lokale medieomtalen gjev eit tydeleg bilete av korleis folk samarbeidde lokalt for å berge skulen i grenda i dei åra prosjektet varte. Det oppstod ein interessefellesskap omkring språkmotiveringsprosjektet.

Denne rapporten drøftar ikkje slike samfunnsmessige sider ved prosjektet, men det er likevel grunn til å peike på at prosjekt av denne typen gjerne vil ha verknader og resultat som går ut over det reint språklege.

## 10.3 Dei involverte sine vurderingar av resultatata

Rett før språkmotiveringsprosjektet var over, deltok eg på foreldremøte i prosjektet. I tillegg gjorde eg individuelle intervju med både foreldre og besteforeldre. Eg var også med som observatør på oppsummeringsmøtet i styringsgruppa. Desse møta og intervjuet ved slutten av prosjektperioden utgjer grunnlaget for framstillinga nedanfor.

### 10.3.1 Foreldra sine vurderingar

Både på møte og i personlege intervju ved slutten av prosjektet gav foreldra eintydig uttrykk for at samarbeidet med skulen hadde vore godt, og at borna gjennom språkmotiveringsprosjektet hadde lært mykje samisk. Det verka som foreldra hadde stor tillit både til Elgå oppvekstsenter (som på det tidspunkt heitte Elgå skole) og til prosjektet. ”Heile skulemiljøet har vore heilt utruleg bra”, summerte ein av foreldra opp.

Fleire foreldre var inne på at barnehagen og skulen hadde vore haldningsskapande, og skapt ei positiv haldning til sørsamisk hos borna. Samstundes hadde foreldra formidla dei same haldningane heime. Ingen foreldre hadde registrert negative haldningar til det sørsamiske prosjektet blant dei norske foreldra i skulekrinsen heller. Slik hadde borna i dei åra prosjektet varte, møtt så godt som berre positive haldningar til sørsamisk språk. Dette var eit bra

resultat i seg sjølv, det var eit statusløft for sørsamisk språk, sa dei samiske foreldra.

Alle foreldra samanlikna samiskkunnskapane hos borna med dei samiskkunnskapane dei sjølve hadde da dei var på same alder. Ungane no hadde heilt klart eit betre sørsamiskspråkleg grunnlag, meinte foreldra. Dette såg dei på som eit godt resultat av prosjektet.

Ikkje nok med at borna hadde fått eit betre sørsamiskspråkleg *grunnlag* enn det foreldra hadde i barndommen: Dei fleste av foreldra nemnde at ungene i 2006 både forstod og kunne snakke meir sørsamisk enn det foreldra kunne. Samtidig opplevde foreldra dette resultatet som eit slags problem, blant anna fordi dei hadde vanskar med å hjelpe borna med leksene så godt som dei tykte at dei burde. Og borna hadde vorte mindre ivrige etter å snakke samisk med foreldra heime, sidan foreldra ikkje kunne følgje betre opp.

Foreldra var i det heile svært kritiske til sin *eigen* innsats som språkformidlarar heime. Her hadde fleirtalet av dei hatt større planar for prosjektperioden enn det dei makta å gjennomføre<sup>119</sup>. To fedrar seier:

”Eg har moderert meg litt på dei fem åra, ja. Det er ikkje så lett.”

”Vi begynte med å snakke konsekvent samisk på kjøkenet og badet, – men no berre på badet.”

Foreldra var ikkje fornøgde med den språkkursinga som dei sjølve hadde fått i prosjektperioden. Opphavleg var det tanken at foreldra gjennom prosjektet skulle få støtte frå kurs og andre tiltak som skulle gjera dei betre i stand til å følgje borna si utvikling i sørsamisk. Kursing skulle også gjera det lettare for foreldra å formidle språket heime. Foreldra var nokså samstemte om at skuleringa av dei vaksne ikkje hadde lykkast. Dei forklarte dette først og fremst med at dei kursopplegga som vart tilbodne, ikkje var godt nok tilpassa dei behova som kursdeltakarane faktisk hadde. Einskilde tiltak hadde vore gode, men sett under eitt hadde ikkje skuleringa lykkast.

Dei fleste foreldrepara problematiserte spørsmålet om mor og far hadde gjort ulik innsats i formidlinga av språket. Mødrene meinte at mykje av språkformidlinga hadde falle på dei. Fedrane tok gjerne sjølvkritikk på at dei hadde gjort minst, men peika òg på at dette tilhøvet kunne ha med alderen på borna å gjera. Alle fedrane arbeidde i reindrifta, og først når ungene blir større, kan dei vera med fedrane i slikt arbeid. Mødrene hadde til no generelt sett vore meir i lag med ungene enn det fedrane hadde.

Alle foreldra sa at dei såg positivt på at prosjektet gjennom Sametinget og Samisk høyskole hadde hatt kontakt utover lokalsamfunnet. Dei hadde ikkje

---

119. Jamfør intervjuet som var gjort fire og eit halvt år før, kap. 3.2 ovanfor.

opplevd kontakten med dei samiske institusjonane som kontroll, men som hjelp for å få til eit så godt resultat som mogleg, sa dei<sup>120</sup>.

Prosjektet varte i fem år. Godt med tid er ein stor fordel når barnehage og skule skal arbeide med noko så langsiktig som språklæring, spesielt gjeld dette læring av truga språk som borna ikkje møter så mange *andre* stader. Samtidig kan ein så lang prosjektperiode vera utmattande for deltakarane. I intervju med foreldra i slutten av prosjektet registrerte eg tendensar til meir distanse til prosjektet, enn det eg såg i starten. Det var ein viss slitasje etter fem år med prosjekt.

Dette kom særleg til uttrykk ved at innsatsen for språket i heimane mot slutten av prosjektida hadde skjedd på meir individuell basis enn før, ikkje så mykje gjennom samordning og felles diskusjon i foreldregruppa som i starten. Eitt av foreldrepara som var med, hadde i løpet av perioden bestemt seg for ikkje å velja samisk førstespråk for borna sine på skulen.

Denne slitasjonen betyr likevel ikkje at nokon av foreldra tok avstand frå måla eller metodane i prosjektet.

Inntrykket etter møta og intervju med foreldra var at dei var fornøgde med dei oppnådde resultatane i språkmotiveringsprosjektet. Dei peika på at sørsamisk språk hadde fått eit statusløft ved at prosjektet hadde synleggjort det. Haldningane til språket hadde vorte meir positive, og borna hadde lært mykje sørsamisk i prosjektperioden. At foreldra var glade for desse resultatane, kom først og fremst fram gjennom det dei sa direkte, men det kom også fram indirekte ved at dei var sterkt opptekne av kva som ville skje når prosjektperioden var over. Dei var langt meir opptekne av å sjå framover enn bakover. Foreldra var redde for at sørsamiskopplæringa skulle bli mindre ambisiøs når Sametinget ikkje lenger betalte kommunen sine meirkostnader. Det ville i tilfelle redusere verdien av den store innsatsen som allereie var gjord, meinte dei.

### 10.3.2 Besteforeldra sine vurderingar

Sommaren 2006 gjorde eg same intervjurunden frå hus til hus i Gutu som eg hadde gjort på nyåret i 2002.<sup>121</sup> Alle dei fire i besteforeldregenerasjonen tok i mot meg og stilte opp for intervju denne gongen òg. Eg gjennomførte intervju på same måten i 2006 som fire og eit halvt år før. Men intervju var kortare no, og spørsmåla var langt meir fokuserte på sjølve prosjektet enn i dei første intervju.

120. Her må ein vera klar over at eg som intervju foreldra, samtidig var den personen som hadde stått for kontakten mellom prosjektet og Samisk høgskole (betalt av Sametinget). Eventuell kritikk av Samisk høgskole og Sametinget ville samtidig ha vore kritikk av intervjuaren.

121. Sjå kap. 3 ovanfor.

I 2006 intervjuet eg også ein *femte* person som tilhørte besteforeldregenerasjonen, nemleg Gunnhild Andersson som budde på Storsäteren på svensk side av grensa. Ho hadde ikkje barneborn ved Elgå oppvekstsenter og var ikkje involvert i språkmotiveringsprosjektet frå starten. Men undervegs i prosjektet hadde ho vore med ein heil del som språk- og kulturformidlar, og ho var levande oppteken av det som hadde skjedd i språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter. Gunnhild Andersson er morsmåltalar av sørsamisk, med dialekt frå Vilhelmina-området der ho voks opp.

Alle dei fem frå besteforeldregenerasjonen omtala overfor meg språkmotiveringsprosjektet som eit positivt prosjekt. Dei gav ros til lærarane på skulen som brukte så mykje sørsamisk både i timane og i samtale med elevane elles. Alle fem var svært godt orienterte om kva prosjektet gjekk ut på og hadde tydeleg følgt med på det som skjedde. Dei var også interesserte i sjølve tilnæringsmåtene i prosjektet, at borna skulle lære språket gjennom *arbeid* og gjennom å høyre det dagleg.

Dei omtala skulen i sterkt positive vendingar. Slike utsegner gjekk att i samtalanene:

”Eg synest det er triveleg når eg er nedpå skulen og personalet berre snakkar sørsamisk. Ja, det tykkjer eg er bra.”

”Eg har ikkje noko negativt å seia, eg tykkjer prosjektet er veldig bra slik det er opplagt.”

”Det er bra at ungane lærer språket gjennom arbeid, det blir sterkare da enn om dei berre lærer det frå bok. No lærer skuleborna å skjera skohøy og alt slikt som vi *ikkje* skulle gjera på skulen.”

Eg spurde besteforeldra om dei sjølve hadde delteke mykje i prosjektet. Her var svara meir forsiktige. Dei hadde møtt opp i barnehagen og på skulen når dei var inviterte, og dei hadde delteke i avgrensa opplegg, sa dei.

Eg spurde vidare om dei kunne ha tenkt seg å bli *meir* brukte i prosjektet enn dei faktisk hadde vorte. Ingen svara meg direkte på det spørsmålet. Lærarane var så flinke at det neppe var behov for så mykje annan innsats, vart det sagt. Eller: På grunn av plager som kom med alderen, greidde dei nå ikkje å stille opp så mykje lenger. ”Vi er heldige som har så dyktige folk på skulen.”

Éi av bestemødrene tok opp samanhengen mellom samisk kulturkunnskap og språkformidling. Ho meinte at det var ein klår samheng her, det ligg mange handlingar i eit ord. Dette måtte ungane òg lære av folk som forstod og kunne, sa ho.

Besteforeldra fekk spørsmål om kva dei tykte borna hadde lært av språk på dei åra språkmotiveringsprosjektet hadde vore i gang. Dei tre bestemødrene som

sjølve hadde barneborn med i prosjektet, gav uttrykk for at dei var overraska over kor mykje sørsamisk borna hadde lært. Effekten av opplegget på skulen var større enn dei hadde venta. ”Det er imponerande å høyre.”

Vidare problematiserte besteforeldra forholdet mellom aktivt og passivt språk, og peika på at borna no forstod mykje meir enn kva dei greidde å uttrykkje. Rettnok svarte dei på samisk når dei vart spurde på samisk, og det var bestemødrene glade for at borna kunne. Men dei hadde lagt merke til at for dei fleste borna sitt vedkommande var ikkje det aktive språket enno sterkt nok til å brukast i lengre samtalar utan at dei slo over på norsk. Dei såg at borna var inne i ein prosess. Den læringsprosessen som no var kommen godt i gang, måtte få lov til å halde fram, meinte dei.

Indirekte viste alle fem at dei sette pris på språkmotiveringsprosjektet ved at dei var bekymra for kva som skulle skje med språkformidlinga når prosjektet var slutt. Dei gav uttrykk for at dei ønskte at opplæringsmodellen frå språkmotiveringsprosjektet måtte fortsetja.

Eg spurde kva dei trudde om framtida for sørsamisk språk generelt, og frå svara noterte eg meg blant anna følgjande utsegner:

”Vi har mange plassar der dei brukar språket no, som Røros og Snåsa og andre plassar. Ein må gjera noko felles for å byggje det opp.”

”Ein må gjera noko no når ein har ressurspersonane, vi kan ikkje vente så lenge.”

”Og så har vi alle institusjonane, Saemien Sijte, NRK, utdanningsplassane der språket er brukt.”

”NRL<sup>122</sup>, som er ein organisasjon som står meg nær, har eit ansvar. Reindriften er kjernen når det gjeld språket, så *dei* må òg ta eit stort ansvar. Der finst det ressurspersonar.”

”Etter kvart har det komme fram mange ressurspersonar, og noko av det viktigaste er at det politiske synet på språkspørsmålet har endra seg.”

”Iblant tenkjer ein at språket ikkje overlever, men det er interesse blant dei yngre for å lære.”

”Eg høyrer meir samisk no enn for fem år sidan, ungane er flinke. Dei må få meir tid på seg.”

---

122. NRL = Norske reindriftsamers landsforbund.

Vi ser at besteforeldra i 2006 snakka om kva ein no måtte gjera for å styrkje språket. Dei snakka om *muligheitene*. Her var det ein heilt tydeleg skilnad frå intervjuet fire og eit halvt år før. Da peika dei same personane meir på dei *hindringane* som dei såg.

Hadde språkmotiveringsprosjektet vore med på å endre fokus?

### 10.3.3 Vurderingar frå styringsgruppa

Den 19. juni 2006 samlast styringsgruppa for språkmotiveringsprosjektet til eit avsluttande oppsummeringsmøte i Elgå. Med på møtet var leiaren av styret, dei to representantane frå Engerdal kommune og prosjektleiar. Etter ønske frå styret var rektor og rådgjevar òg til stades, utan at dei var styremedlemmer. To av dei sametingsoppnemnde styremedlemmene hadde ikkje høve til å vera med.

Alle deltakarane på møtet var samde om at samarbeidet i styret hadde vore godt. Dei kommunale representantane sa at dei opplevde samarbeidet med Sametinget og andre samiske institusjonar som konstruktivt og lærerikt. Dei tykte òg at diskusjonane i styringsgruppa undervegs hadde vore reelle diskusjonar, der alle hadde hatt høve til å påverke retninga. Og det som hadde vorte vedteke i styringsgruppa, hadde alltid vorte gjennomført.

Styreleiaren (og representant for Sametinget) sa på si side at ho var glad for at dette i så stor grad hadde vore kommunen sitt prosjekt, og ikkje eit prosjekt der alt ansvar låg på dei samiske institusjonane. Engerdal kommune hadde involvert seg, sa ho.

Også prosjektleiar uttrykte glede over at samarbeidet hadde vore så godt, og ho hadde heile tida følt at ho hadde støtte i styringsgruppa for det ho gjorde. Denne støtta hadde vore svært viktig for henne.

Rektor tykte det hadde vore godt samarbeid mellom prosjektet og skulen, og at prosjektet hadde vore med på å skapa eit miljø til å trivast i for alle.

På møtet kom det ikkje fram eitt einaste negativt moment om samarbeidet i prosjektet.

Ei av forklaringane på at samarbeidet hadde vore så bra, kan ha vore at tilgangen på midlar til sjølve prosjektet var god, vart det sagt. Representanten frå kommuneadministrasjonen sa at han aldri hadde vore med i eit prosjekt der det var så godt om pengar. Difor kunne diskusjonane i styret fokusere på faglege og organisatoriske spørsmål meir enn på pengespørsmål.

Eit anna moment som vart nemnt for å forklare det gode samarbeidet og den gode gjennomføringa, var at prosjektleiar var så sterkt engasjert i arbeidet for

sørsamisk språk. Prosjektet hadde neppe nådd like langt dersom kommunen hadde måtta *pålegge* ein av sine egne pedagogar å leie prosjektet – dersom ikkje denne pedagogen hadde vore like sterkt personleg engasjert. Engasjementet og innsatsen frå prosjektleiar var ein avgjerande faktor i språkmotiveringsprosjektet.

Prosjektleiar sa at ho opplevde at ho her hadde vore i ein langt betre forhandlingsposisjon enn det sørsamar vanlegvis er i overfor kommunale skular. Dels hadde det samanheng med at dei sørsamiske borna utgjorde så stor del av elevane ved Elgå oppvekstsenter (det gjorde situasjonen uvanleg), og dels hadde det samanheng med at Sametinget gjekk inn med så store midlar i prosjektet (det gjorde også situasjonen uvanleg). Dessutan hadde prosjektperioden vore uvanleg lang. Alt dette hadde vore med på å gjera rammevilkåra gode.

På eitt område hadde rammevilkåra likevel ikkje vore så bra. Mykje arbeid hadde i desse åra gått med til å argumentere mot nedlegging av skulen i Elgå.<sup>123</sup> Dette var arbeid som heller burde ha vore lagt ned i å nå måla i prosjektet. I ettertid kunne ein likevel seia at denne striden hadde hatt nokre positive verknader. I motgangstider går alle gode krefter i hop, og striden hadde skapt eit sterkt interessefelleskap mellom dei som arbeidde med prosjektet, og resten av bygdefolket i Elgå. Alle hadde like sterk interesse av å forsvara skulen.

## 10.4 Oppsummering av resultatata

Ved prosjektslutt var borna i stand til å forstå vanleg sørsamisk tale. Dei var ikkje redde for å svara på sørsamisk når dei vart spurde om noko, og dei kunne halde ein samtale i gang med ein vaksen sørsamiskspråkleg person.

Ved prosjektslutt meistra borna aktivt det sørsamiske kasussystemet i pronomen og substantiv, og delar av verbbyøyinga. Dei hadde ein kontinuerleg språkleg framgang så lenge prosjektet varte. Alle borna var ikkje på same språklege nivå ved prosjektslutt, vesentleg på grunn av aldersspreiinga.

Foreldre og besteforeldre var fornøgde med den måten Elgå oppvekstsenter hadde gjennomført prosjektet på, og dei ønskte at opplæringsmodellen frå språkmotiveringsprosjektet skulle halde fram også etter våren 2006.

---

123. Om denne striden, sjå kapittel 7 ovanfor.



## 11 Framlegg til tiltak

”Staten bør ha pligt til at sørge for lappernes undervisning med bibehold av lappisk sprog i skolerne ... Da imidlertid forholdene i de nordligste og sydligste trakter av lappernes bopladse er saa forskjellige, vil vi at myndighetene skal ta hensyn hertil, saa ikke undervisningen i de sydlige trakter ... blir ordnet paa samme maate som i de nordlige trakter.”  
(Frå vedlegg til protokollen for det første samiske landsmøtet i 1917.)<sup>124</sup>

Resultata og erfaringane frå språkmotiveringsprosjektet i Elgå tilseier framtidige tiltak på fleire nivå. For det første var dette eit prosjekt som direkte vedkom dei borna som var med. Dei må følgjast opp. For det andre vart det i prosjektperioden bygt opp eit miljø for sørsamiskopplæring i Elgå. Dette miljøet bør ikkje forsvinne. For det tredje har resultata frå Elgå interesse for arbeidet med å styrkje opplæringa i sørsamisk generelt, både på norsk og svensk side av grensa<sup>125</sup>. For det fjerde tydeleggjorde språkmotiveringsprosjektet behov for sørsamisk lærarutdanning, vidare fagutvikling og forskning.

### 11.1 Arbeidet i Elgå

#### 11.1.1 Elevane

Det sørsamiskspråklege grunnlaget som er lagt hos elevane i Elgå, må ikkje svekkast etter at prosjektet er over. Det vil vera uetisk å la borna følge eit femårig opplegg med sikte på å utvikle tospråklegheit ved skuleslutt, for så å droppe det heile på eit visst steg i utviklinga. Eit konkret mål blir difor å sikre at elevane som var med i prosjektet, kan halde fram med den opplæringsmodellen dei har begynt med. Modellen må ikkje svekkast, men styrkast og utviklast vidare. Det finst i dag eit miljø for slikt utviklingsarbeid i Elgå. Å halde fram med ein sterk tospråkleg modell ved Elgå skule er difor i stor grad

124. Sanna Jonassen tok etter det samiske landsmøtet i Trondheim i 1917 initiativ til eit sær-møte der eit vedlegg med denne formuleringa vart vedteke. Ordlyden er her sitert etter boka Borgen, Peder. 1997. *Samenes første landsmøte*. Trondheim: Tapir. S. 76.

125. I ei offentleg svensk utgreiing heiter det i ein kommentar til språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter: ”Det finns (...) mycket goda förutsättningar för att kunna genomföra liknande insatser och uppnå goda revitaliseringsresultat även i Sverige.” SOU 2006:19: *Att återta mitt språk*. S. 228.

eit spørsmål om finansiering. Både Staten, Sametinget, Hedmark fylke og Engerdal kommune har eit ansvar her.

Når borna begynner på ungdomsskulen, må dei skifte skulestad, og når dei begynner på vidaregåande skule, må dei igjen skifte. For elevane er det viktig at dei får eit solid sørsamisk opplegg også når dei går over frå barneskulen til ungdomsskulen, og det er viktig at dei seinare får formell utteljing for sørsamisk-kunnskapane sine i vidaregåande skule. Difor må det planleggast eit sørsamisk løp som kan veljast frå åttande klasse i grunnskulen og ut vidaregåande skule.

Engerdal kommune er ansvarleg for ungdomsskulen og Hedmark fylke for den vidaregåande skulen, og kommunen og fylket må i god tid planlegge samiskopplæringa i dei to skuleslaga. I ei slik planlegging må miljøet ved Elgå skule vera med.

### 11.1.2 Fagmiljøet og Elgå skule

Elgå oppvekstsenter (seinare Elgå skule) har i den femårige prosjektperioden utvikla høg kompetanse på tospråkleg opplæring med utgangspunkt i den sørsamiske språksituasjonen. Det må vera eit mål at dette fagmiljøet ikkje blir avvikla når prosjektperioden er over. Ei avvikling vil vera eit tap for heile det sørsamiske språksamfunnet.

Skulen i Elgå er framleis truga av nedlegging. Det er ikkje berre eventuell framtidig dårleg kommuneøkonomi som trugar skulen. Det er uvisst korleis barnetalet i grenda vil utvikle seg framover. Ein måte å utvide elevgrunnlaget på er å samarbeide med nei næraste grendene på svensk side av grensa. Eit viktig moment her er at det i det næraste området på svensk side er ein del samiske born. Foreldre til samiske born på svensk side har allereie vist interesse for å sende borna til barnehage og skule i Elgå på grunn av den gode sørsamiskopplæringa der. Men riksgrensa er til hinder for dette.

Løysinga er at sentrale styresmakter endrar reglane, slik at det bli høve til å krysse riksgrensa for å gå i barnehage og på skule, sjølv om ein har eit tilbod i heimkommunen sin. Vidare må det avklarast kven som skal betala opplæringa for dei borna som kryssar riksgrensa, kven som dekkjer skuleskyssen osv. Alt dette må løysast på overordna politisk nivå, det vil seia i departementet. Her skulle det vera samanfall mellom lokale og sentrale interesser. Ei positiv løysing for Elgå vil passe godt inn i styresmaktene sine mål om regionalt samarbeid på tvers av riksgrensar.

Ei positiv løysing for Elgå i denne saka kan skapa presedens og gjera det lettare å få til liknande interkommunale løysingar på tvers av riksgrensene i andre samiske distrikt. Det kan bety ei ny og spennande utvikling fleire stader.

## 11.2 Sørsamiskopplæringa generelt

### 11.2.1 Opplæringsmodellar

Det er dokumentert både frå Sverige og Noreg at opplæring i samisk som andrespråk nokre timar for veka på skulen, ikkje fører til at elevane med svensk eller norsk heimespråk blir tospråklege<sup>126</sup>.

Dette var bakgrunnen for at språkmotiveringsprosjektet valde bort den tradisjonelle modellen med fagopplæring på majoritetsspråket og sørsamisk berre som fag. I staden gjennomførte prosjektet ein *språkreirmodell* i barnehagen og ein *sterk tospråkleg modell* i barneskulen i Elgå. Desse modellane har påviseleg betre resultat enn tradisjonell andrespråkopplæring. Det må bli høve til å utvikle desse modellane vidare på grunnlag av dagens sørsamiske tilhøve.

I framtida treng sørsamane eigne faste ordningar i barnehage og skule for å kunne utvikle og styrkje språket. Uttrykket ”faste ordningar” er her brukt i motsetnad til ”forsøk” og ”prosjekt”. Gjennom læreplanane for grunnskulen må det sikrast at skulane kan bruke eigne sterke tospråklege opplæringsmodellar for dei sørsamiske elevane, også for dei som har norsk som heimespråk.

Både dei språkpolitiske og dei didaktiske grunngevingane for denne praksisen må nedfellast i læreplanane. Det vil igjen seia at sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk språk må nemnast spesielt i læreplanane, slik at dei faktiske språksituasjonane ikkje bli skjulte under overskrifta ”samisk”.

Det må vera ei statleg, ikkje kommunal, oppgåve å sikre eigne sørsamiske opplæringsmodellar økonomisk. Staten må i framtida, som ei fast ordning, betala dei meirkostnadene som eigne sørsamiske barnehage- og skuleopplæringsmodellar fører med seg<sup>127</sup>.

### 11.2.2 Informasjon

Det er viktig at foreldre som vel opplæring i sørsamisk for borna sine på skulen, blir informerte om kva opplæringsmodell skulen brukar og kvifor ein har valt akkurat denne modellen. Det bør utarbeidast informasjonsmateriell for foreldre om dette. I tillegg bør det finnast tilrettelagde kurs om språklæring, tospråklegheit, minoritetsspråk og språkplanlegging.

126. Sjø t.d. Svonni, Mikael. 1993. *Samiska skolbarns samiska. En undersökning av minoritetsspråksbehärskning i en språkbytestext*. Umeå Studies in the Humanities 113. Umeå: Acta Universitatis Umensis. Og Todal, Jon. 1998b. *Opplæringa i samisk som andrespråk*. Guovdageaidnu/Kautokeino: Sámi allaskuvla/Samisk høgskole.

127. Statssekretær Ellen Inga O. Hætta nemnde dette tilhøvet spesielt i eit intervju om språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter i 2005. Da uttala ho til avisa *Østlendingen* at det burde løyvast meir pengar per elev med sørsamisk språk enn per elev med nordsamisk (sitert i kap. 7.2 ovanfor. Sjø elles ”Skolen i fokus på samedagen” av Atle Rønning i nettutgåva av *Østlendingen* 6.2. 2005).

Å utvikle opplysningsmateriell og kurs er ei oppgåve for dei samiske fagmiljøa.

### 11.2.3 Sørsamisk lærarutdanning

Dei tilsette ved Elgå oppvekstsenter gjorde i løpet av prosjektperioden ein stor innsats for å skulere seg for dei utfordringane dei møtte. Dei arrangerte forelesingar, faglege seminar og konferansar lokalt i Elgå, og dei reiste på slike arrangement andre stader. Dei reiste òg på studiereiser for å studere minoritetspråklege barnehagar og skular både innanfor og utanfor dei samiske områda. I tillegg tok somme medarbeidarar formell utanning i fag som var aktuelle.

Denne innsatsen var viktig for resultatane i prosjektet. Men det er urimeleg å forlange ein så stor fagleg innsats av *alle* sørsamiske lærarar. Ein kan ikkje gjera denne innsatsen til norm, det ville bli både arbeidsmessig og økonomisk umogleg.<sup>128</sup> Løysinga må bli ei lærarutdanning som tek ansvar for å tilby ymse former for skulering med utgangspunkt i den sørsamiske situasjonen.

Diskusjonen om sørsamisk lærarutdanning har vore langvarig, utan at det enno er etablert noka ordning. Sámi allaskuvla/Samisk høgskole i Kautokeino har hovudansvaret for samisk lærarutdanning generelt, medan Høgskolen i Nord-Trøndelag har hovudansvaret for undervisning på høgskulenivå i sørsamisk språk spesielt. Ansvar for å utvikle eit sørsamisk lærarutdanningstilbod ligg hos desse to institusjonane.

Det er truleg urealistisk å etablere ein eigen institusjon for sørsamisk lærarutdanning. Befolkningsgrunnlaget er for lite. Derimot kan det utarbeidast eit fullverdig akademisk sørsamisk *program* for dei lærarstudentane som ønskjer å følgje det. I praksis vil det seia at Høgskolen i Nord-Trøndelag og Sámi allaskuvla/Samisk høgskole utarbeider eit planverk for eit sørsamisk lærarutdanningsprogram. Vi kan tenkje oss at eit sørsamisk lærarutdanningsprogram må innehalde ialfall desse faga og aktivitetane som i dag ikkje er ein del av norsk lærarutdanning: Utdanning i sørsamisk språk, utdanning i duodji, utdanning i samisk historie og samfunnsliv, utdanning i tospråklegheitspedagogikk, urfolkskunnskap, gjennomføring av praksisperiodar i skular som gjev opplæring i sørsamisk (helst *både* i Noreg og Sverige) og praksisopphald i ein skule eller barnehage i eit urfolksområde/eller innfødd språkminoritetsområde utanfor Skandinavia.

Programmet må kunne veljast av ein student individuelt. Studenten og høgskulane kan da gjera ein gjensidig avtale. Høgskulane må garantere for at studenten får teke alle dei sørsamiske emna og opplegga innanfor den vanlege tidsramma for lærarutdanning. Dersom Sámi allaskuvla og Høgskolen i Nord-

128. Konferansar, seminar og studiereiser var her betalte av prosjektet, eller av eksterne løyvingar i samband med prosjektet, medan den formelle vidareutdanninga vart betalt på andre måtar.

Trøndelag ikkje klarar å tilby alt sjølve, må dei stille dei faglege nettverka sine til rådvelde for studentane og ordne det slik at dei til dømes kan ta språkpedagogikk på Aotearoa/New Zealand eller i Wales, sørsamisk språk i Sverige osv innanfor normal studietid. Studenten på si side må forplikte seg til å følgje *heile* det sørsamiske programmet og dermed redusere på eigen valfridom i lærarstudiet.

Eit sørsamisk lærarutdanningsprogram må vera slik at studenten får kompetanse til å undervise i det norske skuleverket generelt, og ikkje berre undervise sørsamiske elevar. Helst bør utdanninga gje undervisningskompetanse både i Noreg og Sverige.

Ein sørsamisk lærarstudent som følgjer det programmet som er skissert ovenfor, vil koste meir enn ein norsk gjennomsnittsstudent i lærarutdanninga (men ikkje meir enn mange andre slags studentar). Staten må dekkje det som dei sørsamiske lærarstudentane kostar meir enn andre lærarstudentar. Til gjengjeld får samfunnet godt kvalifiserte lærarar som kan gå rett inn i den sørsamiske grunnskulen.

## 11.3 Forsking og utvikling

### 11.3.1 Forskingstema

Vi saknar i dag kunnskap om sørsamisk barnespråk, språktileigning og språkutvikling. Språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter er det einaste som har dokumentert og systematisert empiri om dette.

Det er heller ikkje forska på sørsamisk som andrespråk, sjølv om mange av dei som kan snakke sørsamisk i dag, har det som sitt andrespråk. Vidare manglar det forskning på eventuelle sørsamiske språkendingar, særleg med tanke på kva som kjenneteiknar det moderne tale- og skriftspråket.

Frå 1968 til i dag er det gjorde mange erfaringar om formidling av sørsamisk språk via skulen. Men denne kunnskapen er ikkje systematisert og forska på.

Vi manglar eksakte kunnskapar om kva stilling sørsamisk språk har i samfunnet. Det finst til dømes ingen offisiell statistikk som fortel oss om situasjonen for sørsamisk språk. Vi veit ikkje sikkert kvar dei som kan språket, bur, kor gamle dei er, kor godt dei kan språket eller i kor stor grad dei ønskjer å vitalisere det. Denne mangelen på påliteleg statistikk er eit hinder i arbeidet for å styrkje sørsamisk språk.<sup>129</sup>

129. Mangelen på statistikk er eit stort hinder i samisk politikk og samfunnsplanlegging generelt, sjå Pettersen, Torunn. 2006. Etnisk identitet i offisiell statistikk – noen variasjoner og utfordringer generelt og i en samisk kontekst spesielt – *Samisk identitet. Kontinuitet og endring*. [Red.] Stordal, Vigdis. Guovdageaidnu/Kautokeino: Sámi instituhtta/Nordisk Samisk Institutt.

Vi kan ane ein tendens til at yngre foreldre i dag prøver å snakke sørsamisk med borna sine heime i større grad enn det som var tilfellet for 10–15 år sidan. I tilfelle dette stemmer, er det ei svært interessant utvikling. Men vi veit lite om kor sterk denne tendensen eventuelt er, kva som ligg bak, eller korleis yngre sørsamiske foreldre sjølve opplever situasjonen.<sup>130</sup>

Forskingsinstitusjonane sjølve har ansvar for å prioritere forskning av denne typen, og samiske forskingsinstitusjonar har eit særleg ansvar. Det bør øyremerkast forskingspengar til sørsamiske tema.

For ordens skuld: Dei forskingsbehova som er nemnde ovanfor, er slike som direkte spring ut frå erfaringane med språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter. Det finst sjølvsagt andre sørsamiske tema som òg er viktige å forske på.

### 11.3.2 Utviklingsarbeid

Det er stor mangel på læremiddel på sørsamisk. Samtidig som det er heilt nødvendig å utvikle meir læremateriell, må lokalt utvikla materiell utvekslast og utnyttast betre enn i dag. Oppretting av regionale læremiddelsenter og øyremerking av utviklingsressurs som del av lærarstillingar, ville ha vore til hjelp her.

Forfatarrettar og opphavsrettar til illustrasjonar innan lokalt utvikla læremiddel må avklarast betre enn det som er tilfellet i dag. Det må informerast betre om slike rettar og om prosedyrane i samband med bruk av lokale læremiddel som andre har utvikla.

Utvikling av sørsamiske fagtermar for lærebøker er eit eige fagfelt. Her er mykje ugjort.

Det er ikkje utvikla reiskapar til å måle elevane sine kunnskarar i sørsamisk. Eit slikt arbeid vart sett i gang etter innføringa av nasjonale prøver i Noreg. Arbeidet med sørsamiske prøver kom da langt, men vart stoppa på grunn av ny politikk etter regjeringsskiftet hausten 2005. Det er uvisst korleis Utdanningsdirektoratet i dag tenkjer seg at arbeidet med sørsamisk prøveutvikling skal halde fram. Same korleis det går med dei nasjonale prøvene, bør arbeidet med sørsamiske språkprøver fullførast. Det er ei sak for Sametinget å passe på at dette skjer.

### 11.3.3 Fagleg nettverk

I mangel på eigne forskingsinstitusjonar, kunne eit formalisert nettverk av folk som arbeider fagleg med sørsamiske spørsmål, ha vore nyttig. Det ville

130. Dette siste temaet er teke opp i ei mastergradsavhandling: Johansen, Inger. 2006. *Det er ikkje eit museumsspråk – det har noko med framtida å gjera. Ei sosiolingvistisk undersøking av revitaliseringa av sørsamisk*. Trondheim: NTNU.

ha vore nyttig for forskinga, men òg for utviklinga av ei eventuell sørsamisk lærarutdanning.

Eit sørsamisk fagleg nettverk kunne inkludere og vera eit naturleg utgangspunkt for sørsamiske ungdommar som ønskjer å forske innanfor sine egne samfunn.

## 11.4 Tidlegare framlegg til tiltak

Manglande forskings- og utviklingsarbeid må ikkje hindre at det skjer noko no. Sjølv om det er forska lite på sørsamiske språk- og skuletilhøve, er det laga fleire store utgreiingar (ikkje forskingsarbeid) av folk med store kunnskapar om desse emna. Eg vil her nemne heile fem slike utgreiingar.

I 1992 hadde ei gruppe nedsett av Sametinget ferdig ei utgreiing om tiltak for å auke bruken av sørsamisk på norsk side av grensa. Ella Holm Bull, Sig-Britt Persson og Sigbjørn Dunfjeld var med i gruppa som laga denne utgreiinga.<sup>131</sup> Utgreiinga vart handsama i Sametinget.

Sigbjørn Dunfjeld, som var medforfattar til Sametinget si utgreiing frå 1992, var òg med på å laga ei utgreiing i statleg regi. Denne inneheldt framlegg til ein samla plan for sørsamisk utdanning, bestilt av daverande Kyrkje-, forskings- og utdanningsdepartementet. Rapporten og framlegga låg føre i 1996.<sup>132</sup>

I 1996 bestilte daverande Samisk utdanningsråd og utdanningsdirektørane i Nord-Noreg ein rapport om opplæringa i samisk som andrespråk i Noreg. Denne rapporten, som òg omfatta sørsamisk, låg føre i 1998.<sup>133</sup>

I 2005 la fylkesmannen i Nordland fram ei utgreiing med tilrådingar, kalla *Sørsamisk opplæring ved heimeskolen*.<sup>134</sup>

Den førebels siste (og i sidetal mest omfattande) utgreiinga om styrking av sørsamisk kom på svensk side i 2006. Det var ei offentleg utgreiing frå den svenske staten, kalla *Att återta mitt språk*.<sup>135</sup>

131. Bull, Ella Holm, Toven, Sig-Britt Persson og Dunfjeld, Sigbjørn. 1992. *Forslag til tiltak på ulike sektorer for å øke bruken av samisk i det sørsamiske dialektområdet*. Snåsa: Sametinget.

132. Dunfjeld, Sigbjørn m.fl. 1996. *Åarjelsaemien oohpehtimmie. Forslag til en samlet plan*. Snåsa: Arbeidsgruppen for sørsamisk utdanning.

133. Todal, Jon. 1998. *Opplæringa i samisk som andrespråk*. Guovdageaidnu: Samisk høgskole (SH-rapport nr. 7/98).

134. Fylkesmannen i Nordland 2005. *Sørsamisk opplæring ved heimeskolen. Rapport og tilrådingar*. Bodø.

135. SOU 2006:19: *Att återta mitt språk. Åtgärder för att stärka det samiska språket. Slutbetänkande av Utredningen om finska och sydsamiska språken*. Stockholm: Statens offentliga utredningar.

Felles for dei fem nemnde rapportane og utgreiingane er at dei alle har komme med tilrådingar om kva som må gjerast. Desse tilrådingane bør studerast.

## 11.5 System og ansvar

Det er ein veikskap med dagens system at det ikkje finst nokon instans som har overordna ansvar for sørsamisk språk og sørsamisk opplæring. Dei framlegga som rapporten her kjem med, rettar seg difor mot fleire ulike offentlege instansar utan at nokon av desse har sørsamisk opplæring som hovudoppgåve. Mangelen på ein slik overordna instans kan forklare kvifor det finst så *mange* utgreiingar med konkrete framlegg til tiltak for sørsamisk – utan at framlegga er sette ut i livet.

Det finst heller ingen instans som gjev råd og fører tilsyn med om dei samiske målsetjingane i skulen blir nådde.

For å sikre heilskapstenking, kontinuitet og fornying innanfor arbeidet med sørsamisk språk og sørsamisk opplæring må det opprettast ein instans som har ansvaret for dette som si hovudoppgåve.

## 11.6 Oppsummering av framlegga

Røynslene med dei opplæringsmodellane som vart valde i språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter, er gode. Prosjektet vil difor tilrå at desse modellane blir vidareutvikla med tanke på å styrkje sørsamisk språk både i Elgå lokalt og i det sørsamiske busettingsområdet generelt.

For sørsamisk generelt vil prosjektet foreslå:

- Sørsamisk språk må styrkjast ved at det blir oppretta fleire barnehagar og barnehagegrupper som fungerer etter språkreirmodellen.
- Retten til ein sterk sørsamisk opplæringsmodell i grunnskulen må planfestast, og staten må betala dei meirkostnadene kommunane får med dette.
- Det må opprettast ein offentlig instans med særleg ansvar for utvikling av sørsamisk språk og sørsamisk opplæring.

Dersom ein skal arbeide med å utvikle sørsamiskopplæringa langs dei linene som er nemnde ovanfor, trengst det støtte og interesse frå fagmiljø utanfor lokalmiljøa. Difor foreslår prosjektet:

- Sámi allaskuvla og Høgskolen i Nord-Trøndelag må utarbeide eit sørsamisk lærarutdanningsprogram og ta ansvaret for at eit slikt program blir gjennomført.



- 
- Det må opprettast eit fagleg nettverk som kan arbeide med forskning og utvikling innanfor spørsmål knytte til sørsamisk språk og sørsamisk barnehage og skule.

For Elgå skule spesielt vil prosjektet uttala:

- Skuleverket må organisere eit vidare sørsamisk tilbod til dei elevane som i fem år var med i språkmotiveringsprosjektet i Elgå.
- Det språkpedagogiske fagmiljøet ved Elgå skule må ikkje avviklast.

Dei siste femten åra er det laga fleire utgreiingar om sørsamisk språk og sørsamiske skulespørsmål. Resultata frå språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter viser at tida no absolutt er moden for å setja forslag og tilrådingar ut i livet.

## Åenehks boelhketje tjaalegistie

Daate tjaalege lea provsjekten bijre mij edtji jaarjelh-saemien gielem nænnoes-tidh maanide mah lin siejme jaarjelh-saemien dajvesne årroeminie. Ij gænnah Nøørjesne jallh Sveerjesne tjaalegh gâåvnesh mah maehtieh vuesiehtidh man gallesh jaarjelh-saemien gielem soptsestieh. Nøørjesne vuj maehtieh årrodh 300 guhth gielem eensi laakan soptsestieh, mohte jienebh gielem guarkah. Aerviedibie Sveerjesne aaj seamma gallesh gielem soptsestieh.

Åarjelh-saemien giele lea aejtemen nuelesne juktie eah maanah gåetesne åad-tjoeh gielem govledh/lieredh.

Dah guhth gielem daelie soptsestieh Leah bæries almetjh, mohte aaj naan noerh Leah væjkeles gielem provhkedh jih øvtiedidh.

### Provsjekten duekie

Jaepien 2000 Saemiedigkie Nøørjesne, beetneh-vierhtieh faali provsjektese akten dajvese jalhts reereme-dajven bæjngoelisnie.

Nimhtie edtjin maanah åadtjodh jaarjelh-saemien gielem desnie lieredh. Beetnegh ohtsedæmman bøøtin jih Elgâen byjjenesijjie ohtsi, sijhti dagkeres provsjektine vijhte jaepieh barkedh.

Provsjekte edtji maana-girtesne aelkedh jih mænngan maadth-skuvlese dåerie-didh. Ohtseme eejhtegi luvhtie Elgâeste bøøti jih byjjene-sijjien tjirrh juh-tieji.

Saemiedigkie Elgâen byjjenesæjjan beetneh-vierhtieh vedtieji guktie gielee-øøhpehtimmine åadtjodh vijhte jaepieh giehtelidh.

Giele-provsjekte juhtiemasse bøøti mietsken 2001 jih orreji ruffien 2006.

Vuemie Elgâe lea Femunden luvlielisnie, eevre Engerdalen tjielten noerhtelisnie, Hedemarkem fylhkesne. Elgâen byjjenesijjie lea tjielten nuelesne gusnie dovne saemien jih daaroen learohkh. Aerebi goh provsjektem ohtsin jaepien 2000, lij skuvle aerebi øøhpehtimmiem jaarjelh-saemien gielesne vadteme, mubpien gieline, Gaajhkh saemien maanah girtesne jih skuvle-learohkh bøøtin fuelhkijste mah lin båtsoe-burrie almetjh seamma dajveste.

Svahken sijte lea jaarjemes båtsoe-sijte, Nøørjesne.

Fuelhkide mah Svahken båtsoe-burrie-sijtesne barkeminie, Leah joekoen vihkeles identitetem jih jaarjelh-saemien gielem gorredidh.

Eejhtegh maadth-boelvesne idtjin aeveren gielem provhkh jaepien 2000, guktie ij lij dihte fierhten-beajjetje giele.

Eejhtegh vaajtelin edtjin maanah aelkedh gielem provhkedh jih nimhtie viehkiem disse Elgâen byjjene-sijjeste aatin.

Tjaalegh dovne Nøørjeste jih Sveerjeste vuesiehtieh eah maanah guektien-giele- guedtijh sjidth jis jaarjelh-saemien giele maanide skuvlesne goh mubpien-giele vadtasâvva.

Dan gaavhtan eejhtegh Svahken sijtesne sijhtin dagkeres provsjektem juhtiehtidh. Provsjekten nomme sjidti Giele-eevtjeme-provsjekte Elgâen byjjene-sijjesne.

### Provsjekten vuepsie

Vuepsieh eejhtegidie jih Elgâen byjjenesæjjan lih maanide gielem vedtedh goh fierhten-beajjetje giele.

Vaajtelin viehkiem dovne maana-girteste jih skuvleste åadtjodh guktie maanah edtjin guektien-giele guedtijh sjidtedh gosse maadth-skuvlem illeme. Saemiedigkie aaj sijhti sjiere øøhpehtimmie-hammohkh giehtjedidh jih dejstie veeljedh mah bøøremes gosse jeatjah maana-girtine jih skuvline jaarjelh-saemine barkedh jih aaj viehkine årrodh gosse jeatja saemien gielh øøhpehtidh.

Giele-eevtjeme-provsjekte lij voestes gietjeste byjresasse veadtaldihkie juktie eevtjeme eejhtegijstie jih byjjene-sijjeste vuemeste bøøti. Saemien byjrese stinkebe sjidti gosse fierte-beajjetje åvtehke Svahken sijtste barkoem provsjektesne åadtjoeji. Provsjekte eensie viehkiem eejhtegijsti kriebpesji jih dovne aahkah/aajjah meatan viehkine bøøtin. Dah lin byjjenamme båtsoe-burrie-fuelhkine gusnie jaarjelh-saemien lij daamts giele. Nimhtie lij dej buerie giele-maahtoe mij daerpies dejtie noeride viehkine.

Provsjekten reeremisnie lin dovne lihtsegh Saemiedigkeste jih Engerdalen tjelteste meatan.

Jijnjemesh lin saemieh. Åvtehke jaarjelh-saemien gielem soptesti.

### Guktie juhtiehtidh

Åssjalommesh giele-eevtjeme-provsjekten voestes sijjesne lin maanide eevtjedh gielem fierhten biejjien maana-girtesne jih mænngan skuvlesne provhkedh. Desnie aaj daerpies gielem provhkedh goh dirrege gosse jeatja faagh øøhpehtidh. Daate daerpies gosse gielem vaarjelidh jih åvtese lutnjedh. Dihte aaj seamma hammoe mij lea provhkesovveme jeatja maana-girtine jih skuvline ovmese sijjine veartanisnie gusnie lea daerpies orreme gielem bååstide viedtjedh.

Provsjekte lij stinks laakan byjresasse veadtaldihkie gusnie maanah åadtjoejin almetji gujmie ektine årrodh guhth ietnien gielem soptsestin jih nimhtie seamma geajnoem vaedtsedh goh jeatja aalkoe-almetjh aerebi dorjeme.

Daate hammoe seamma sæjjan båata goh *gielebiesie*. Gielebiesie lea hammoe Aotearoa/New Zealandeste gusnie mæorianh daam hammoem pruvhkin.

Aalkoe-tsiehkie daan giele-eevtjeme-provsjektese lij åarjelh-saemien gielem fierhten biejjien provhkedh jih aaj goh viehkie-giele jeatja faagine. Læjhkan lij geerve åarjelh-saemien gielem iktest provhkedh guktie hammoe juakedh sjidti.

Idtji gænnah gåareddh åarjelh-saemien gielem provhkedh abpe tijjem jih idtji gaajhksidie gænnah.

Nimhtie tjoeverin dah guhth gieline barkeminie, siemes sjidtedh gåæssie, gusnie jih giejne gielem soptsestidh.

Tjoeverin gaavnedh sijjeh Elgåen byjjene-sijjesne gusnie åarjelh-saemien gielem iktst provhkedh.

Gosse naemhtie juakedh giele-hammoe gusnie åarjelh-saemien giele edtji sjiere sijjine provhkesovvedh, dellie sån Elgåen byjjenesijjie veartanisnie oktegh sjidti gusnie jienemesh maanah åarjelh-saemien gielem maana-girtesne jih skuvlesne soptsestin.

### Giele jih sjiere darjomh

Åarjelh-saemien giele dan gaavhtan tjoeveri jargese båatedh juktie daaroen giele dan veaksehke byjjenesijjien bæjngoelisnie. Dagkeres åssjalommesh daerpies gosse darjoemidie soejkesjidh. Dihte daerpies jis maanah edtjin guektien-giele guedtjijh sjidtedh.

Akte jeatja aalkoemierie lij dejtje darjoemidie saemien kultuvrese viedtedh. Elgæsne lij vihkeles darjoemidie båatsoe-jielemasse gârredidh jih nimhtie vuartasjidh magkeres barkoe vihkeles abpe jaepien tjirrh. Dagkeres barkoeh mah daelie giehtelimesne, maehtieh aejtemen nualan båatedh jis saemieh eah jijtje dejtje gorredh jih dejtje noere boelvive maahtoem vedtjeh. Gielen ektine lea barkoeh mah båatsoe-bårran veadtaldihkie, saemide joekoen vâartegs.

Goh maanah skuvlesne eelkin, dellie åarjelh-saemien giele ovmese faagide dæredi goh øøhphehtimmie-giele. Nimhtie vaajtelin giele edtji vijriebasse juhtedh guktie gellie gellebh baakoeh mojhtesasse bøøtin.

Vihkeles aaj vâårege laakan staeriedidh gosse gie maam joem baahtode jeahta gosse soptsestidh.

### Guktie gielem maanide øvtiedidh

Dah guhth gieline barkeminie, dåarjegem tjáadtjoehin jih nimhtie vueptiestin guktie giele-øvtiehtimmie juhtieji. Voestes gietjeste sjeemah provhkin, jih mænngan gosse maanah báarasábpoe sjidteme, dellie tjaalegh maanaj digkie-dimmeste øvtiedimmiem vuesiehtin. Minngemes jaepien maanah áadtjoejin guektien aejkien baantese soptsestidh guktie lohkehtæjjah jih dah jeatja viehkiehtæjjah áadtjoejin dejtie baantide vierhtiedidh. Dagkeres vueptiestimmieh vuesiehtin guktie giele ávtese juhtieji jih magkeres dáemiedimmieh meehtin áarjelh-saemien gielem sjiere sæjjan lutnjedh. Dagkeres maahtoeh aaj meehtin jááhkesjimmiem vedtedh aeveren jeatja gielij bijre dajvine gusnie vaenehks soptsestæjjah.

Gielen giehtjedæmman lissine aaj gielebarkij vueptiestin guktie maanah dáemiedin gosse dáeries-moerh bøøtin gielen gaavhtan. Daate saerniestimmiem maahtoem vedtieji man jearsoes maanah lin øøhpehtimmie-byjresisnie.

Joekehtse lij maanaj gaskems mah provsjektesne meatan, gosse vierhtiehtidh guktie maanah gielem lierin juktie desnie dovne noere jih báarasábpoe maanah meatan. Goh provsjekte orreji, dellie maanah guarkajin daamts áarjelh-saemien soptsestimmiem. Eah lin aerkies gyhtjelassh vaestiedidh jih jearsoes laakan meehtin sinsitnine soptsestalledh. Idtjin gænnah baaterh gosse guhte eelki saemiestidh, mohte vuasehke laakan tjarkadin gielem provhkedh. Maanah sjiere geervigujmie saemiestin, mohte maanaj gaskems ajve daaroen giele provhkesovvi.

Maanah aehpien kasuvijstie lierin, dovne substantivijstie jih provnomenijstie jih aaj leah tam verbi syjjehtimmijstie. Maanah naan aejkien sinsitnine saemiestin, mohte goh provsjekte orreji lij giele annje aalkoe-tsiehesne (akten giertien).

### Guktie vijriebasse juhtiehtidh

Giele-eevtjeme-provsjekte vijhte jaepieh juhtieji. Dihte maana-girtesne eelki jih maadth-skuvlesne orreji.

Abpe vuepsie voestes gietjeste, juktie maanah edtjin guektien-giele-guedtij sjidtedh gosse noere-skuvlem illeme, daan provsjekten bæjngolen báata. Dáájrehtsh mah daan provsjektesne veadtaldihkie giele-maahtoen bijre, Elgæn byjjenesijjeste, leah buerie. Barkoe daejnie provsjektine lea joekeen vihkeles jis maanah edtjeh guektien-giele-guedtij sjidtedh. Jis dihte edtja deahpadidh, dellie maanah tjoeverieh seamma laakan barkedh aaj bæetje biejjie. Dej minngemes jaepieh leah eejhtegh áarjelh-saemien gielem jijtsh maanide skuvlesne veeljeme. Seamma mieren aaj eejhtegh buerebh giele-øøhpehtimmiem kriebesjeh. Dáájrehtsh Elgæn byjjenesijjeste maehtieh viehkiene skuvlide árroth mah sijhtieh bøøremes giele-øøhpehtimmiem maanide vedtedh. Dáájrehtsh

daehtie sijjeste aaj vuesiehtieh man vihkeles årjelh-samien maana-girtieh tseagkodh. Gosse giele dan viesjies gætine, dellie maana-girte buerie dirrege sjædta gosse giele edtja vadtasovvedh dejtie noere boelvide.

Dååjrehtsh Elgæeste aaj vuesiehtieh man vihkeles gosse byjresisnie eensi gieleduvtijh guhth maehtieh maanide dovne maana-girtesne jih skuvlesne åvtese juhtiehtidh. Nimhtie barkoe stinkebe sjædta dovne identiteten jih gielen gaavhtan. Jis nimhtie sjidtedh, dellie vihkeles åvtehke gååvnese gien buerie væljoe barkedh jih soejkesjidh guktie eejhtegi jih byjres-ektie-voetine eensi laakan barkedh.

Vihkeles laavenjasse aaj skuvlide nimhtie barkedh guktie saemien-giele ij ajve faagine sjidth, mohte dirrege øøhpehtæmman jeatja faagine. Dagkeres hammoe-tsiehkiem aaj gåarede provhkedh learohkide mah eah åadtjoeh saemien-gielem gætlesne lieredh. Maana-girtieh maehtieh eadtjohke laakan barkedh guktie maanah mah Leah govhte jaepieh illeme, maehtieh årjelh-saemien øøhpehtimmiem skuvlesne buerie laakan dåastoetidh. Daate maahta orre håhkoem årjelh-saemien giele-øøhpehtæmman tsihkijehdedh.

*Åarjelh-saemien gielese jarkoestamme: Åsta Vangberg.*

## Samandrag

Sørsamisk er eitt av fleire samiske språk. I Noreg strekkjer det tradisjonelle sørsamiske språkområdet seg frå Mo i Rana i Nordland fylke og sørover til Engerdal i Hedmark fylke. Sørsamisk blir òg snakka i det tilsvarende geografiske området på svensk side av grensa.

Korkje i Noreg eller i Sverige finst det nokon påliteleg statistikk som kan fortelja kor mange som kan snakke sørsamisk. I Noreg kan det vera i underkant av 300 menneske som snakkar språket nokolunde godt, men det er fleire enn dette som forstår det. Truleg er talet på sørsamisktalande om lag det same i Sverige som i Noreg.

Sørsamisk er eit truga språk fordi det i så liten grad blir overført til borna heime. Dei fleste som kan snakke sørsamisk godt, er eldre menneske, men det finst òg ein del unge som meistrar det.

### Bakgrunnen for språkmotiveringsprosjektet

I 2000 løyvde Sametinget i Noreg pengar til eit prosjekt som skulle fremja samisk språk blant born utanfor det samiske forvaltningsområdet. Pengane vart lyste ut, og Elgå oppvekstsenter søkte om å få eit femårig sørsamisk språkprosjekt. Initiativet til søknaden kom frå dei sørsamiske foreldra i Elgå skulekrins, og søknaden vart fremja gjennom oppvekstsenteret. Prosjektet skulle starte i barnehagen og følgje borna inn i småskulen.

Elgå oppvekstsenter fekk finansiering frå Sametinget for dei fem åra dei søkte om. Prosjektet kom i gang i august 2001 og vart avslutta i juni 2006.

Grenda Elgå ligg aust for Femunden, heilt nord i Engerdal kommune i Hedmark fylke. Elgå oppvekstsenter er eit kommunalt oppvekstsenter som har både samiske og norske elevar. Skulen ved senteret hadde allereie i ein del år gjeve opplæring i sørsamisk som andrespråk da dei søkte om prosjektet i 2000. Dei samiske barnehageborna og skuleelevane kom frå familiar som alle var knytte til reindrifta i området.

Svahken sijte (Elgå reinbeitedistrikt) er det sørlegaste samiske reinbeitedistriktet i Noreg. Dei familieane som driv med rein i Svahken sijte, har ei sterk identitetstilknytning til det sørsamiske språket. I foreldregenerasjonen var dei sørsamiske språkkunnskapane likevel mest passive kunnskapar i 2000, og språket vart i liten grad brukt som daglegspråk i heimane.

Foreldra ønskte at borna skulle bli aktive brukarar av sørsamisk, og dei ønskte hjelp frå Elgå oppvekstsenter til å oppnå dette. Det var ei generell erfaring både i Noreg og Sverige at borna ikkje vart aktivt tospråklege etter berre å ha hatt sørsamisk som fag på skulen nokre timar i veka.

Denne situasjonen var bakgrunnen for at foreldra i Svahken sijte tok initiativet til eit sørsamisk språkprosjekt. Prosjektet fekk namnet Språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter.

### Målet med prosjektet

Frå foreldra og Elgå oppvekstsenter si side var målet med prosjektet at borna skulle bli aktive brukarar av sørsamisk. Dei ønskte hjelp frå barnehagen og skulen slik at borna kunne vera balansert tospråklege når dei avslutta den tiårige grunnskulen.

Frå Sametinget si side var det eit mål å prøve ut opplæringsmodellar som seinare kunne tilpassast andre barnehagar og skular og vera med på styrkje sørsamiskopplæringa spesielt og samisk språkopplæring generelt.

### Samisk forankring

Språkmotiveringsprosjektet hadde i utgangspunktet ei sterk lokal forankring i og med at initiativet til prosjektet var komme frå dei samiske foreldra og frå oppvekstsenteret i grenda. Denne lokale samiske forankringa vart styrkt enda meir ved at prosjektet tilsette ein dagleg leiar frå Svahken sijte.

Prosjektet tok sikte på omfattande foreldremedverknad. Besteforeldra vart òg tekne med som ressurspersonar. Alle i besteforeldregenerasjonen i Svahken sijte voks opp i reindriftsfamiliar der sørsamisk var daglegspråk. Dei sat difor inne med store språk- og kulturkunnskapar som kunne formidlast.

Prosjektet vart organisert med eit styre med representantar frå Sametinget og Engerdal kommune. Styret hadde samisk fleirtal, og styreleiaren var sørsamisktalande.

### Organiseringa av opplæringa

Språkmotiveringsprosjektet vart organisert ut frå tanken om at borna skulle lære sørsamisk, først og fremst ved at språket vart brukt dagleg i barnehagen, og seinare ved å bruke sørsamisk som reiskapsspråk i skulefaga. Ein slik organisasjonsmodell for språkformidling byggjer på kommunikativ tilnæringsmåte og er i samsvar med tankegangen i dei ymse språkbadsmodellane som er utvikla i barnehagar og skular i fleire tospråklege område rundt om i verda.

Ved å leggje stor vekt på forankring i lokalsamfunnet og på at borna skulle møte morsmåltalarar og kulturberarar i mest mogleg naturlege situasjonar, knytte barnehagedelen av prosjektet seg til ein internasjonal tendens i formidlinga av urfolksspråk. Den modellen som vart valt, var eit tilnærma *språkreir*. Språkreir er ein språkbadsmodell som særleg er utvikla hos māōriane, urfolket på Aotearoa/New Zealand.



Utgangspunktet for språkmotiveringsprosjektet var altså at sørsamisk skulle brukast så mykje som mogleg som daglegspråk og reiskapsspråk. Av praktiske grunnar vart det likevel meir tale om ein ”delvis” enn ein ”fullstendig” språkbadsmodell, ein kunne ikkje bruke berre sørsamisk over alt, heile tida og med alle. Difor måtte prosjektmedarbeidarane både i barnehagen og skulen bestemme seg for når, kvar og med kven sørsamisk skulle brukast. Dei måtte definere visse sørsamiske domene i kvardagen ved Elgå oppvekstsenter, og så bruke sørsamisk konsekvent på desse domena.

Valet av ein delvis språkbadsmodell, der ein fastsette klare sørsamiskspråklege domene, førte til at Elgå oppvekstsenter i prosjektperioden var den barnehagen og skulen i verda der sørsamisk vart mest brukt overfor borna.

### Språk og aktivitetar

Grunngjevinga for å bruke så mykje sørsamisk språk overfor borna, var at når norsk dominerte så sterkt som det gjorde *utanfor* oppvekstsenteret, måtte sørsamisk ha ein så stor plass som mogleg i aktivitetane *innanfor* oppvekstsenteret, dersom borna skulle bli tospråklege. Dette var eitt av utgangspunkta da ein planla aktivitetane.

Eit anna utgangspunkt var at aktivitetane skulle ha ein tydeleg samisk kulturell profil. I Elgå var det sjølv sagt at ein samisk profil vart ein reindriftssamisk profil. Innanfor den reindriftssamiske kulturen valde ein å leggje relativt stor vekt på tradisjonelle aktivitetar som følgde arbeidsåret innanfor næringa. Grunngjevinga for dette var at den tradisjonelle kunnskapen i dag kan vera truga dersom ikkje nokon tek ansvar for å formidle han vidare til borna. Til liks med språket har denne tradisjonelle kunnskapen ein verdi i seg sjølv.

Da prosjektet gjekk over i skulen, vart sørsamisk brukt som opplæringspråk i dei fleste faga. Det var meininga at borna på denne måten skulle utvide det sørsamiske ordforrådet sitt og finne det naturleg å bruke sørsamisk også i moderne skulefaglege aktivitetar.

Prosjektet la stor vekt på at borna skulle kjenne seg trygge. Borna vart difor positivt stimulerte, ikkje tvinga, til å snakke sørsamisk. Av same grunn var ein òg svært forsiktig med *direkte* å rette på det sørsamiske språket som borna brukte.

### Språkutviklinga blant borna

Prosjektmedarbeidarane registrerte med jamne mellomrom den sørsamiskspråklege utviklinga hos dei borna som var med. Den første tida skjedde dette ved hjelp av observasjonsskjema. Da borna vart større, vart det teke ordrette (men ikkje lydrette) notat frå arrangerte sørsamiskspråklege samtalar med dei.

Det siste året tok ein ved to høve opp på lydband det som borna sa på sørsamisk, transkriberte det som vart sagt og analyserte det.

Slike registreringar gav eit bilete av den framgangen som borna gjorde i språket. I tillegg fortalde registreringane kva trekk som på visse stadium i læringsprosessen kunne prege sørsamisk språk spesielt, og eit vitalisert minoritetspråk generelt.

Ved sida av å registrere sjølve språket, registrerte prosjektmedarbeidarane òg kva strategiar borna brukte overfor dei sørsamiskspråklege utfordringane som dei møtte. Dette gav informasjon om kor godt prosjektet hadde lykkast i å skapa eit trygt læringsmiljø.

Det var individuelle forskjellar i språkmeistringa blant borna som var med i prosjektet, særleg på grunn av spreiding i alder. Generelt kan ein seia at borna ved prosjektslutt var i stand til å forstå vanleg sørsamisk tale. Dei var ikkje redde for å svara på sørsamisk når dei vart spurde om noko på språket, og dei kunne under trygge tilhøve halde ein sørsamisk samtale i gang over tid.

I møte med det sørsamiske språket brukte borna offensive strategiar. Dei prøvde ikkje å unngå situasjonar der dei måtte bruke språket.

Borna snakka sørsamisk med visse vaksne. Med kvarandre snakka dei stort sett berre norsk.

Til ein viss grad meistra borna aktivt det sørsamiske kasussystemet i substantiv og pronomer, og dei meistra delar av verbbygginga. Borna kunne bruke sørsamisk som kommunikasjonsmiddel, men det var enno ved prosjektslutt eit forenkla språk.

## Tida framover

Språkmotiveringsprosjektet var eit femårig prosjekt som begynte i barnehagen og slutta i småskulen. Oppfyltinga av målet om at borna skulle vera balansert tospråklege når dei gjekk ut av ungdomsskulen, låg difor utanfor prosjektet sine rammer. Prosjektet vurderer røynslene frå språkformidlinga ved Elgå oppvekstsenter som gode. Det vart i prosjektperioden lagt eit solid grunnlag for å nå målet om balansert tospråkleghet. Vilkåret for å nå dette målet er at borna i Elgå får halde fram med den tospråklege opplæringsmodellen som dei har begynt med.

Ser vi på det sørsamiske miljøet generelt i Noreg, ser vi at stadig fleire foreldre vel sørsamisk språk for borna sine på skulen. Samtidig har foreldra høgare krav enn før til dei språklege resultatane av opplæringa. Røynslene frå språkmotiveringsprosjektet ved Elgå oppvekstsenter kan vera til hjelp for skular som skal oppfylle desse krava.

Røynslene frå Elgå tilseier at det må etablerast fleire sørsamiske barnehage-tilbod. Sidan språket i dag står så svakt i mange heimar, kan sørsamiske barnehagar bli den viktigaste reiskapen for å overføre sørsamisk språk til neste generasjon.

Språkmotiveringsprosjektet viste òg at det er viktig at språkformidlinga i barnehagen og skulen er godt forankra i lokalmiljøet. Slik kan språkopplæringa får ein sterkare identitetsdannande funksjon enn om barnehagen og skulen skulle ha arbeidd isolert. For å få til dette, er det nødvendig med ein leiar som kan planlegge og samordne kontakten mellom skulen og lokalsamfunnet.

Vidare må grunnskulane vera villige til å bruke ein opplæringsmodell som inneber at sørsamisk ikkje berre er fag, men òg reiskapsspråk i andre timar enn i samisktimane. Ein slik modell må kunne innførast også for born som ikkje snakkar sørsamisk heime. Barnehagane vil kunne sikre at borna forstår nok sørsamisk i seksårsalderen til å ha utbyte av undervisning på sørsamisk i skulen. Dette kan skapa ein heilt ny situasjon for opplæringa i sørsamisk.

## Summary

The South Saami language is one of several Saami languages. In Norway the traditional district for South Saami stretches from the town of Mo in Rana in the Province of Nordland southward to as far as Engerdal in the Province of Hedmark<sup>136</sup>. South Saami is also spoken in a comparable geographical area on the Swedish side of the border.

There is no reliable statistical information in Norway or Sweden as to the number of speakers of South Saami. In Norway it is estimated that fewer than 300 people speak the language fairly well, but a larger number understand it. The number of speakers in Sweden is approximately the same.

Due to the fact that children are rarely learning South Saami in the home, it has become an endangered language. Most of those who are proficient speakers of South Saami are elderly, but some young people do have proficiency.

### The Background for the Language Incentive Project

In 2000 the Saami Parliament in Norway passed funding for a project aimed at stimulating the use of Saami among children outside the area where the Saami Language Act is implemented. In response to a call for applications, Elgå Center for Developing Youth applied for funding for a 5-year Saami language project. The initiative came from South Saami parents in the Elgå School District, and the application was sponsored by the Elgå Center. The project would begin in the pre-school and follow the children through the primary grades.

Elgå Center received the grant from the Saami Parliament for the entire 5-year period. The project commenced in August 2001 and ended in June 2006.

Elgå is a rural neighborhood east of Lake Femund, in the northernmost part of Engerdal County in the Province of Hedmark. Elgå Center for Developing Youth is a county-run school and daycare center for both Saami and Norwegian students. When they applied for funding in 2000, the school had already offered instruction in South Saami as a second language for a number of years. The Saami children attending pre-school and elementary school all came from families in the district that made their living by reindeer herding.

Svahken sijte (Elgå Reindeer Herding Area) is the most southerly Saami reindeer herding area in Norway. Families engaged in reindeer herding in Svahken

---

136. County and province as governmental administrative units are used here in the American-Canadian sense. In the British sense, the Norwegian "kommune" would be called a municipality and the next level a county: Engerdal Municipality; Nordland County and Hedmark County.

sijte identify strongly with the South Saami language. Nevertheless in 2000, the parent generation possessed a mostly passive knowledge of the language, and South Saami was mostly not being spoken as an everyday language in the home.

The parents wanted their children to become active users of South Saami, and they wanted help from the Elgå Center for Developing Youth to accomplish this. It was generally recognized in both Norway and Sweden that the children would not gain active bilingual proficiency as a result of learning South Saami as a school subject a few hours a week.

This situation was the background for the parental initiative in Svahken sijte to start a South Saami language project. The project was given the name Language Initiative Project at Elgå Center for Developing Youth.

### Project Objectives

The objective on the part of both parents and the Elgå Center for Developing Youth was for the children to become active users of South Saami. They wanted help from the pre-school and the school, so that the children would acquire balanced bilingual competency by the time they finished the 10 years of required schooling.

On the part of the Saami Parliament, an important objective was to test instructional models that could be adapted for use in other pre-schools and schools, and contribute towards strengthening teaching in South Saami in particular, and all Saami languages in general.

### Saami Orientation

At the outset, the Language Incentive Project had a strong local orientation in the respect that the initiative for the project had come from the Saami parents and from the county Center for Developing Youth. The local Saami bonds were further strengthened with the choice of a project manager from Svahken sijte.

The project aimed for extensive parental involvement. Grandparents were also recruited as resource persons. All of the grandparents in Svahken sijte had grown up in reindeer herding families where South Saami was the everyday language. Thus, they possessed a store of linguistic and cultural knowledge that could be passed down.

The project was organized with a board with representatives from the Saami Parliament and Engerdal County. The board had a Saami majority, and the president was a South Saami speaker.

## Teaching Framework

The Language Incentive Project was organized around the idea that the children should learn South Saami first by hearing and using it on a daily basis in the pre-school (“natural acquisition”), and later by using South Saami as a language tool in their school subjects. This organizational model is based on a communicative approach to language teaching, and is compatible with the philosophy in the various immersion models developed in pre-schools and schools in a number of bilingual areas around the world.

Strong emphasis was placed on centering language learning around the local community, and arranging for the children to meet native speakers and culture bearers as far as possible in natural situations. In this respect, the pre-school part of the project is associated with an international trend in the teaching of aboriginal languages. The model chosen comes closest to the *language nest*. A language nest is an immersion model mainly developed by the Māori, the Aboriginal people of Aotearoa/New Zealand.

Thus, the point of departure for the language incentive project was that South Saami would be used as often as possible as a daily language and language tool. For practical reasons, the model lay closer to a “partial” rather than a “complete” immersion model. It was impossible to use South Saami everywhere, all the time, and with everyone. Therefore, it was necessary for the staff members in both the pre-school and primary school to decide when, where and with whom South Saami was to be used. They had to define certain South Saami domains in daily life at Elgå Center for Developing Youth, and then use South Saami consistently in these domains.

Due to the choice of a partial immersion model, with the establishment of set South Saami domains, the pre-school and school at the Elgå Center became for the duration of the project the world leader in using South Saami in dealings with children.

## Language and Activities

A major argument for using so much South Saami with the children was that since Norwegian dominated the world *outside* the youth center to such an extent, it would be necessary to give South Saami as much emphasis as possible in the activities *within* the center, if bilingual children were to be the result. This was a springboard for planning the activities.

Another requirement was that the activities should be given a clear Saami cultural profile. In Elgå it was taken for granted that a Saami profile was synonymous with a reindeer herding profile. In the context of Saami reindeer herding culture, traditional activities that follow seasonal working tasks in the production were emphasized. The basis for this was that traditional knowledge today will become marginal unless the responsibility to hand it down to the

children is taken on. In the same way as language, traditional skills have a value of their own.

When the project progressed into the primary school, South Saami was used as the language of instruction in most subjects. The intention was for the children to expand their vocabulary as a result and feel it was natural to use South Saami in modern activities in their school subjects.

The project emphasized a nurturing and protective environment to make the children feel secure. Therefore, the children were stimulated with positive rewards, rather than force, to speak South Saami. For the same reason, teachers were careful not to correct their language mistakes in a *direct* way.

### Language Development among the Children

Project workers made periodic records of the development of South Saami language skills for those children participating. During the first phase, an observation form was filled out. As the children grew, verbatim notes (but not phonetic) were taken during pre-arranged conversations with them. During the final year, sound recordings were made on two occasions of the children's South Saami speech. These were subsequently transcribed and analyzed.

Such records provided a picture of the linguistic progress made by the children. In addition, the records showed which attributes characterised the learning process at certain stages in acquiring the South Saami language in particular, and a vitalized minority language in general.

In addition to keeping records of the language itself, the project workers recorded the kind of strategies used by the children to address challenges they met in learning South Saami. This provided information on how well the project had succeeded in creating a comfortable learning environment.

Among the children in the project, there were individual differences in mastering the language, mainly due to the age distribution. By the end of the project, the children were generally able to understand normal South Saami speech. They were not afraid to answer in South Saami when they were asked a question in the language, and in a secure setting, they could keep up a conversation in South Saami.

In their encounters with the South Saami language, the children used offensive strategies. They did not try to avoid situations where they would have to use the language.

The children spoke South Saami with certain adults. Among themselves, they normally spoke only Norwegian.

To a certain degree the children actively mastered the South Saami case system for nouns and pronouns, and they mastered parts of the verb declensions. The children were able to use South Saami as a means of communication, but by the end of the project, they still spoke a simplified language.

### Next Steps

The Language Incentive Project was a 5-year project starting in the nursery school and ending in the primary grades. Achieving the goal of producing balanced bilingual children by the time they finished the tenth grade was therefore something that lay outside the bounds of the project. The project assesses the results of the language mediation at Elgå Center for Developing Youth to be good. During the project period a solid foundation for attaining the objective of balanced bilingualism was established. The condition for actually achieving that objective is that the children in Elgå are allowed to continue using the bilingual teaching model that they have begun.

If we take a general look at the South Saami environment in Norway, we see that more and more parents are choosing the South Saami language for their school-age children. At the same time, the parents are setting higher standards for the linguistic results of the instruction. The findings from the Language Incentive Project at Elgå Center for Developing Youth will be a help to schools in meeting the challenge.

The results at Elgå indicate that more South Saami pre-schools should be established. Since the language today has a weak position in many homes, South Saami nursery schools and kindergartens may become the most important fora for passing down the South Saami language to the next generation.

The Language Incentive Project also demonstrated how important it is to center language teaching in the pre-school and primary grades around the local environment. In this way, language teaching acquires a stronger identity-creating function than if the pre-school and elementary school were to work isolated from each other. To this end, it is necessary to have a project manager who can plan and coordinate the contact between the school and local community.

Furthermore, the elementary schools must be willing to use an instructional model that implies that South Saami is not only a subject, but also a tool to be used in learning other subjects. It should also be possible to introduce a similar model for children who do not speak South Saami in the home. Pre-schools will be able to ensure that children understand enough South Saami by the time they are six, so that they can benefit from instruction in South Saami in elementary school. This can generate an entirely new situation for teaching South Saami.

*Translated by Nancy L. Coleman*



# Litteratur

- Andersen, Ottar. 1966. *Bygdebok for Engerdal. Bind II*. Engerdal: Engerdal kommune.
- Baker, Colin. 2001. *Foundations of Bilingual Education and Bilingualism*. Clevedon: Multilingual Matters.
- Bergsland, Knut. 1982. *Sydsamisk grammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bergsland, Knut og Magga, Laila Mattsson. 1993. *Åarjelsaemien–daaroen baakoegerja*. Indre Billefjord: Idut.
- Berntsen, Knut (red.). 2006: *Om styrking av samisk språk og identitet med vekt på Helgeland og Västerbotten*. Nesna: Høgskolen i Nesna.
- Borgen, Peder. 1997. *Samenes første landsmøte*. Trondheim: Tapir.
- Bull, Ella Holm. 1979. Sameskolen i Snåsa. – Sørsamer. *Ottar* nr. 116–117 S. 88–91. Tromsø: Tromsø museum.
- Bull, Ella Holm, Toven, Sigbritt Persson og Dunfeld, Sigbjørn. 1992. *Forslag til tiltak på ulike sektorer for å øke bruken av samisk i det sørsamiske dialektområdet*. Snåsa: Sametinget.
- Bull, Ella Holm. 2000. *Ov-messie darjomes*. Billavuotna: Idut.
- Cain, Adrian. 2005. Visit helps forge links with speakers of Saami Language. Hurrah for the Saami. – *Isle of Man Today* 28.12. Henta frå nettdresse <http://www.iomonline.co.im/ViewArticle2.aspx?SectionID=1143&ArticleID=1296706>
- Council of Europe. 2001. *A Common European Framework of Reference for Languages. Learning, Teaching, Assessment*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Dorian, Nancy. 1998. Western language ideologies and small-language prospects. – *Endangered Languages. Language loss and community response*. [Red.]. Grenoble, L. A. og Whaley, L. J. Cambridge: Cambridge University Press S. 3–21.
- Dunfeld, Sigbjørn m.fl. 1996. *Åarjelsaemien oøhpehtimmie. Forslag til en samlet plan*. (Rapport bestilt av Kyrkje-, forskning og utdanningsdepartementet) Snåsa: Arbeidsgruppen for sørsamisk utdanning.
- Gaepbien Gåsta. 1987. *Gaaltije*. Guovdageaidnu: DAT.
- Engerdal kommune, heimeside (lasta ned 9. januar 2006): <http://www.engerdal.kommune.no/document.aspx?uid=133&title=Fakta+om+Engerdal>

- Fishman, Joshua. 1991. *Reversing Language Shift*. Clevedon: Multilingual Matters.
- Fjellheim, Elin. 2002a. *Språklig utvikling* (Internt notat). Elgå: Elgå oppvekstsenter.
- Fjellheim, Elin. 2002b. *Rapport fra studietur til Isle of Skye, Indre Hebridene, Skottland*. Elgå/Snåsa: Elgå oppvekstsenter/Sametinget.
- Fjellheim, Elin. 2003. *Studiebesøk i Skiærri førskola, Gällivare*. (Upubl. rapport). Elgå: Elgå oppvekstsenter.
- Fjellheim, Elin. 2005. Savka – et rom for sørsamisk språk i barnehagen. – *Barnehagefolk* nr. 4 S. 34–39.
- Fjellheim, Elin og Rensberg, Christine. 2006. *Saemesth mannin! Tilpasset opplæring i et sørsamisk perspektiv*. (Upubl.) Hamar: Høgskolen i Hedmark.
- Fylkesmannen i Nordland. 2005. *Sørsamisk opplæring ved heimeskolen*. Rapport nr.1. Bodø: Fylkesmannen i Nordland.
- Gaski, Harald og Kappfjell, Lena [Red.]. 2004. *Ávtese jáhta – áerjelsaemien tjaalegh jih tjaalegh áerjelsaemien*. Guovdageaidnu: DAT.
- Gonagaslaš girko-, oahpahus- ja dutkandepartementa. 1997. *10-jagi vuoddoskuvlla sámii oahppoplánat*. Oslo.
- Grunnskolenes info-system på Internett, adresse: <http://www.wis.no/gsi> (henta 11.11. 2005).
- Guttorm, Vesa. 1998. [Red.]. *Giellačállosat III*. Guovdageaidnu: Sámi instituhtta.
- Haarstad, Kjell. 1981. *Samiske vandringer i Sør-Norge*. Trondheim: Tapir.
- Hamar arbeiderblad. 2002.
- ”Skolekutt vil rasere grenda.” Reportasje av Arne Lund og Jane Irene Øien. 29.11.
- ”Skremt og skuffet”. Reportasje av Arne Lund. 30.11.
- ”Kulturelt røveri”. Reportasje av Arne Lund. 30.11.
- Hansen, Lars Ivar og Olsen, Bjørnar. 2004. *Samenes historie fram til 1750*. Oslo: Cappelen.
- Heather, Amery. 1998. *Mov voestes 1000 baakoeh*.
- Helander, Liisa. 1997. *Guvvieh-baakoegærja*.
- Hjerman, Reidar. 2005. Livet på dispensasjon. Reisebrev fra Elgå og Sømådalen. – [Kronikk i nettutgåva av] *Østlendingen* 30.5.

- Huss, Leena. 1997. Kia ora, Sápmi! Nya kulturmøten i Sameland. – *Den nordiska mosaiken. Humanistdagarna vid Uppsala universitet 15 – 16 mars*. Uppsala: Språkvetenskapliga fakulteten.
- Jacobsen, Rolf. 1990. *Alle mine dikt*. Oslo. Gyldendal norsk forlag.
- Jåma, Albert. 1998. *Framtiden til det sørsamiske språket? – en betraktning på bakgrunn av erfaringer som lærer i sørsamisk*. Semesteroppgave. Nesna: Høgskolen i Nesna.
- Johansen, Inger 2006. *Det er ikkje eit museumsspråk – det har noko med framtida å gjera. Ei sosiolingvistisk undersøking av revitaliseringa av sørsamisk*. Trondheim: NTNU.
- Kappfjell, Gustav. 1987. *Gaaltije*. Guovdageaidnu: DAT.
- Katzner, Kenneth. 1992. *The Languages of the World*. London – New York: Routledge.
- King, Jeanette. 2001. Te Kōhanga Reo. Māori Language Revitalization – *The Green Book of Language Revitalization in Practice*. [Red.] Hinton, Leanne og Ken Hale. San Diego: Academic Press. S. 119–128.
- Mikkelsen, Anne Kalstad. 1996. Vuotnagáttiid mánát. Sámegiela nannen mánáidgárdi bokte. – *Duostta hupmat. Gulahallanvuohki sámegieloahpahasas*. [Red.] Pope, Martin og Jon Todal. Guovdageaidnu: Sámi oahpahusráđđi: S. 49–68.
- Nielsen, Yngvar. 1891. *Lappernes forne fremrykning mod syd i Trondhjems stift og Hedmarkens amt*. Kristiania: Det norske geografiske selskabs aarog 1.
- Nissen, Kristian. 1979. Daniel Mortenson – en samisk foregangsmann. *Ottar* nr. 116–117. Tromsø: Tromsø museum. S. 10–13.
